

Trivsel og integrasjon blant flyktningar:
Ei kvalitativ undersøking i ein distriktskommune på
Vestlandet

Cecilie Skrede Høidal



Masteroppgave

Høsten 2013

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Samandrag

Temaet for denne oppgåva er trivsel blant flyktningar i ein distriktskommune på Vestlandet. Problemstillinga mi tek føre seg korleis det er for flyktningar å bu i ein distriktskommune på Vestlandet, og kva dei eigentleg tenkjer om dette. Korleis er det å kome som flyktning til eit lite lokalsamfunn på Vestlandet? Er det lett å kome i kontakt med folk? Er det store kulturelle forskjellar i frå deira eigne heimland? Er det vanskeleg å lære det norske språket, eller går dette greitt? Er dei aktive i ulike organisasjonar på fritida? Trivest borna deira i kommunen og kva er tankane deira om framtida? Med utgangspunkt i kvalitative intervju har eg analysert korleis eit utval samansett av 7 kvinner og 4 menn opplever sin bustadsituasjon i kommunen. Viktige teoretiske verktøy for analysa har vore Bordieu (1986), Granovetter (1973) og Putnam (2000) sin nettverksteori, diskusjonen rundt omgrepet integrering (Ager og Strang 2008, Kjelstadli 2008), teorien om push, pull og stay-faktorar (Søholt, Aasland, Onsager og Vestby 2012) og tidlegare forskning gjort rundt tema som omhandlar trivsel og bulyst blant flyktningar (Hanche-Dalseth, Bergem og Aarflot 2009, Klepp 2003, Pedersen 2008, Søholt, Aasland, Onsager og Vestby 2012, Thorshaug, Valenta og Berg 2009). Analysen er inndelt i tre delar og tek opp: 1.) trivsel, kulturelle forskjellar og 2.) møte med nordmenn, møtestader for flyktningar og 3.) jobb, bustad og framtidsplanar. Her har mine informantar kome med interessante skildringar om korleis dei opplever å bu i ein distriktskommune på Vestlandet. Mine empiriske funn viser at flyktningane er svært engasjerte, spesielt når det gjeld å lære seg norsk, vere med på ulike aktivitetar og kome seg ut i arbeidslivet.

Forord

Det å skrive ei masteroppgåve har vore utfordrande, spanande og svært lærerikt. Eg har sidan byrjinga av studieløpet alltid visst at eg ønskja å studere temaet etniske relasjonar, då spesielt flyktningar, og masteroppgåva viste seg å vere ei unik moglegheit for å fordjupe meg innanfor dette feltet.

Eg vil rette ei stor takk til innvandrarkontoret i [kommunen] og [kommunen]-Røde Kors som sat meg i kontakt med ei kvinne frå Eritrea, som skulle vise seg å bli svært avgjerande for å hjelpe meg å kome i kontakt med informantar. Ho ordna så å seie alle møta for meg, og var svært hjelpsam. Eg fekk til og med utføre nokre av intervjuja heime hos henne, og ho stilte opp med mat og kaffi frå Eritrea.

Eg hadde ikkje kunne ha gjennomført denne oppgåva, utan deltaking frå mine informantar. Eg har i gjennom intervjuja og møte med mine informantar lært utrulig mykje nytt, som eg vil ta med meg vidare i møte med andre menneske. Kvar enkelt person hadde si unike historie, og det var svært interessant og givande å lytte til det dei hadde å seie.

Ei utrulig stor takk vil eg også rette til veileiaren min, Hans Tore Hansen. Han har vore til stor hjelp på alle måtar, og eg kunne ikkje bedt om ein betre veileidar. Han har kome med gode tips og råd heile vegen og dette er eg svært takknemmeleg for. Det er ein krevjande prosess å skrive ei masteroppgåve, men eg var alltid inspirert og klar for å fortsette skrivinga etter møta med Hansen. Han har vore flink å kome med rettleiingar, både når eg kunne gjere ting annleis og når eg hadde gjort ting som var bra. Eg vil også takke Odd Gåsdaal, som rettleia meg i byrjinga av oppgåva, og kom med tips om kva teoriar eg kunne bruke.

Til slutt, vil eg takke min kjære far, som har vore ei god støtte gjennom heile skriveprosessen. Spesielt i slutten, har han vore til stor hjelp, med tanke på korrekturlesing og rettleiing. Det set eg stor pris på.

Cecilie Skrede Høidal,
Bergen 2014

Innholdsforfeikning:

1. Introduksjonskapittel

1.1 Innleiing: Tema og problemstilling.....	6
1.2 Flyktningar i Noreg – eit historisk riss.....	8
1.3 Gangen i oppgåva.....	12

2. Teoretisk rammeverk

2.1 Innleiing.....	14
2.2 Nokre begrepsdiskusjonar.....	14
2.2.1 Den norske likheitstankegangen.....	14
2.2.2 Integrasjon og tilpassing for flyktningar i arbeidslivet og på bustadmarknaden.....	15
2.2.3 Rasisme og diskriminering.....	16
2.3 Om nettverk og sosial kapital.....	17
2.4 Push, pull og stay-faktorar.....	19
2.5 Tidlegare forskning.....	21
2.6 Avslutning.....	32

3. Metode

3.1 Innleiing.....	34
3.2 Val av metode – kvalitativ metode.....	34
3.3 Val av case.....	35
3.4 Utvalet.....	35
3.5 Innsamling av data.....	37
3.6 Behandling og analyse av datamaterialet.....	41
3.7 Analytisk tilnærming.....	42
3.8 Vurdering av datamaterialets kvalitet.....	43
3.9 Etske refleksjonar.....	46
3.10 Presentasjon av informantar.....	47

4. Analyse – Trivsel, kulturelle forskjellar og møte med nordmenn

4.1 Innleiing.....	51
4.2 Trivsel blant flyktningar i kommunen.....	52
4.3 Flyktningane sitt inntrykk av Noreg og nordmenn.....	55
4.4 Språk.....	57
4.5 Likestilling.....	58
4.6 Ulike former for diskriminering.....	60
4.7 Religion og forventningspress.....	62
4.8 Ulik disiplin ovanfor barn.....	64
4.9 Ver og klima.....	66

4.10 Priveligerte nordmenn.....	66
4.11 Møte med det offentlege.....	67
4.12 Avslutning.....	68

5. Analyse – Møtestadar

5.1 Innleiing.....	72
5.2 Introduksjonsordninga og godkjenning av kompetanse frå heimlandet.....	72
5.3 Jobb og utdanning som møtestad.....	75
5.4 Nabolag, nærmiljø og møte via barn.....	77
5.5 Andre møtestadar.....	81
5.6 Frivillige organisasjonar og personleg engasjement av ulike slag.....	82
5.7 Avslutning.....	89

6. Analyse – Jobb, bustad og framtidsplanar

6.1 Innleiing.....	91
6.2 Bustad, jobbsøking og hjelp frå kommunen.....	91
6.3 Framtidsplanar.....	93
6.4 Avslutning.....	95

7. Konklusjon

7.1 Innleiing.....	97
7.2 Hovudfunn i lys av teori.....	97
7.3 Avslutning.....	101

Litteraturliste.....	102
----------------------	-----

Vedlegg 1.....	106
----------------	-----

Vedlegg 2.....	108
----------------	-----

Kapittel 1

1.1 Innleiing: Tema og problemstilling

Busetjing og integrering av flyktningar er eit tema som blir mykje diskutert både politisk og i media. Det bur no personar med flyktningbakgrunn i 408 av landets 428 kommunar (Statistisk Sentralbyrå 2013). I 2013 har det blitt vedteke å busetje 6500 flyktningar i Noreg (www.imdi.no). 1. januar 2013 var det 171 600 (3,4 % av den totale folkemengda) personar med flyktningbakgrunn busett i Norge. Det er flest flyktningar med bakgrunn frå Somalia (23 000 personar) og Irak (20 600 personar), og den største auken i det seinaste året stod personar med bakgrunn frå Somalia, Eritrea og Afghanistan for. Målet for myndigheitene er at flyktningane i størst mogleg grad skal bli buande der dei først vart busett, blant anna av distriktpolitiske hensyn (St.meld. nr. 35). I følge Statistisk Sentralbyrå sin monitor for sekundærflytting er det imidlertid mange flyktningar som flyttar frå den kommunen dei først har blitt busett i. Samanhengen mellom flytting og kommunestørrelse er klar. Flest flytter frå dei minste og minst sentrale kommunane og flest blir buande i dei største og mest sentrale, og flyttinga til flyktningane er langt meir sentraliserande enn flyttinga til befolkninga for øvrig (Høydahl 2011). Flyktningane flyttar mindre no enn tidlegare, og dette har i følge Høydahl (2012) sannsynlegvis samanheng med Introduksjonsprogrammet for nyankomne flyktningar.¹

Som ny i eit nytt land og på ein ny stad, må ein gjerne omstilje seg på fleire måtar. Det er ikkje berre språket som er forskjellig, men også samfunnsstrukturar med lover og reglar. Som eg skal kome nærmare inn på i kapittel 2 er det fleire faktorar som påverkar om flyktingar og andre trivast på ein stad. I denne oppgåva ønskja eg å finne ut om flyktningane trivdest i kommunen, kva faktorar som avgjorde dette og om dei ønskja å bli buande i kommunen i framtida. For å svare på dette skal eg ta for meg aktuell teori og forskning, og studere situasjonen i ein kommune på Vestlandet. Nærmare bestemt har eg intervjuet 11 flyktningar i min valde kommune. Hovudfokuset mitt i denne oppgåva er å studere tema som trivsel, ønske om å bli buande i kommunen og tema som integrasjon, diskriminering, sosiale nettverk og ulike typar kapital, då spesielt sosial kapital. Dette er alle omdiskuterte tema, som det har vore gjort mykje forskning på tidlegare. Årsaka til at eg er oppteken av nettverk i dette tilfellet, er

¹ Flyktningar som ikkje flyttar får opplæring og pengestøtte gjennom ordninga. Programmet vart obligatorisk for alle kommunar i september 2004.

fordi nettverksrelasjonar kan ha store konsekvensar for livssituasjonen til flyktningane. Ulike relasjonar kan ha stor påverknad på kvar flyktningane ønskjer å bli buande i framtida. I denne oppgåva har eg teke for meg begrepsdiskusjonar som omhandlar den norske likheitstankegangen, integrering og tilpasning for flyktningar i arbeidslivet og på bustadmarknaden og rasisme og diskriminering. Eg kjem til å nytte meg av teoriar om sosiale nettverk og sosial kapital, med utgangspunkt i teoriane til Bordieu (1986), Granovetter (1973) og Putnam (2000), samt drøfte push, pull og stay-faktorar (Søholt, Aasland, Onsager og Vestby 2012). Eg har også teke for meg ulike forskningsartiklar som tek føre seg tema som: trivsel, integrasjon, innvandrarar og flyktningar i arbeidslivet, flyktningar på bustadmarknaden og kampen for anerkjenning.

Kommunen som eg studerer i oppgåva er ein distriktskommune på Vestlandt som per 1. januar har om lag 10 000 innbyggjarar.² Tradisjonelt har dei fleste vore sysselsatt i primærnæringane, men i dag er det dei store offentlege institusjonane, som høgskule og sjukehus, som er dei største arbeidsstadane i kommunen. Kommunen har elles mange små og mellomstore bedrifter innan industri, handel og service og kommunen har i det siste også satsa på kulturnæringa (Kommunen si heimeside).³

Politikarane i kommunen har vedteke at det skal vere busett rundt 100 flyktningar til ei kvar tid i kommunen. Det vert busett mellom 20-30 flyktningar kvart år. Dette inkluderer overføringsflyktningar, flyktningar som har vore i asylmottak og familiegjenforeiningar. Dei fleste flyktningane som vert busette i kommunen vert tildelte kommunale bustader. I følgje ansatt ved innvandrarkontoret i kommunen er bakgrunnen til flyktningane variert og dei kjem frå mange forskjellige land: Eritrea, Somalia, Afghanistan, Irak, Kongo, Tsjesjenia, Iran, Kurdistan og Palestina.

Årsakane til at eg valde å studere trivsel blant flyktningar i ein distriktskommune, er fleire. Som påpeika av Høydahl (2011), viser forskning at flyttestraumen til flyktningar og innvandrar går frå periferi til sentrum. Mykje av forskinga om integrering i Noreg tek for seg integreringsprosessar i sentrale og folkerike område (IMDi-rapport 7, 2010: 5). Dette er

² Eg har valt å anonymisere min studiekommune for å beskytte kjeldene som eg har intervjuet. Når studiestaden blir nytta i oppgåva, vil denne verte omtalt som [kommunen].

³ Eg har valt å ikkje referere til heimesida til kommunen i litteraturlista. Dette, av anonymitetshensyn.

naturleg, ettersom det er her ein finn dei største konsentrasjonane av innvandrarbefolkninga. Å busetje flyktningar er ei frivillig oppgåve for kommunane, men alle flyktningar som får opphald i Noreg må nødvendigvis busetjast i ein kommune. Dei siste åra har tilstrøyminga av flyktningar til Noreg vore høg og denne auken har ført til at fleire kommunar har teke del i busetjingsarbeidet. Parallelt med denne utviklinga, opplever mange distriktskommunar minkande folketal på grunn av auka sentralisering. Myndigheitene sitt ønskje er at flyktningar skal bli buande i den kommunen dei først vart busett i, blant anna av distriktpolitiske hensyn (sjå Stortingsmelding nummer 35). Som påpeika av Klepp (sjå kapittel 2) er det viktig å få fram minoritetane sine perspektiv når det kjem til studier av livssituasjonen til flyktningar. Det er også personlege årsaker til eg valde akkurat dette som tema for mi oppgåve. Eg har lenge hatt ei interesse for innvandring og flyktningar, og visste tidleg at masteroppgåva mi ville handle om dette. Det er fag som internasjonal migrasjon og etniske relasjonar som har fanga mi interesse mest i løpet av mine år på universitetet. Seinare i utdanningsløpet har interessa mi snevra seg inn til arbeid med flyktningar og deira personlege opplevingar. Mykje av dette har nok å gjere med at eg på fritida er engasjert i Røde Kors flyktningguiden, der vi har jamleg kontakt med flyktningar og får høyre korleis dei synest det er å kome til eit nytt og framand land.

Vidare i dette kapitlet vil eg sjå på flyktningssituasjonen i Noreg med eit historisk blikk.

1.2 Flyktningar i Noreg - eit historisk riss

Det er vanleg å skilje mellom tre bølger i den nye innvandringa til Vest-Europa og til Noreg (Brochmann 2003). Den første begynte etter andre verdskrig på kontinentet og noko seinare – på 1960-talet i Skandinavia og denne bestod hovudsakleg av yngre einslege menn på jakt etter arbeid. Den andre bølga var dominert av familieinnvandring; ektefeller, barn og til ei viss grad foreldre av dei opprinnelege arbeidsmigrantane som kom etter og etablerte seg i mottakarlanda. Den tredje bølga starta på 1970-talet og bestod av flyktningar og asylsøkjjarar.

I følge rapporten ”En helhetlig flyktningpolitikk”, som kom i 1992 er hovudformålet med flyktningmottak i Noreg å gi beskytting og ikkje legge opp til innvandring (Brochmann 2003: 301). Når behovet for beskytting ikkje lenger eksisterte, skulle tilbakevending vere hovudregelen. Rapporten viste til fleire verkemiddel som måtte samordnast for at politikken skulle fungere etter hensikta. Gjennom verkemiddel som skulle begrense det totale antal

flyktningar, kunne ein hjelpe fleire og dei som trengte det mest, vart det hevda. Ideane frå denne rapporten blei utdjupa rapporten "Beskyttelse i fokus", som kom våren 1993. Same vår vedtok Stortinget einstemmig at regjeringa skulle leggje fram ei stortingsmelding om norsk flyktningpolitikk. Rapporten inngjekk som sentralt innspel til det som seinare vart Stortingsmelding nr. 17 (1994-95) "Om Flyktningpolitikken" (Brochmann 2003: 303).

Flyktningkrisa som følgje av krigen i det tidlegare Jugoslavia sette fart i omlegginga av flyktningregimet i store delar av Vest-Europa, og vart ein prøvestein for den aktive tilbakevendingspolitikken norske myndigheiter var i ferd med å innføre (Brochmann 2003). I 1992 tok Noreg i mot flyktningar frå Bosnia på anmodning frå UNHCR (FN's flyktningorganisasjon). Norske myndigheiter rekna med at konflikta ville verte kortvarig, i likheit med dei andre mottakarlanda. Etersom opphaldet til dei bosniske flyktningane berre var anteke å vere midlertidig, dukka ulike spørsmål opp. Skulle dei integrerast i samfunnet? Skulle dei få norskopplæring? Skulle dei busetjast i kommunar eller haldast på mottak? Kor mange år måtte det gå før ein skulle vurdere permanent opphaldsløyve? Dette var spørsmål som myndigheitene måtte ta stilling til ved den nye midlertidigheitspolitikken.

I rapporten "Beskyttelse i fokus" vart det anbefalt ein slags "dobbelstrategi", det som seinare fekk ordet "det tosporete løpet". Flyktningar med midlertidig beskyttning skulle integrerast best mogleg i det norske samfunnet så lenge dei oppheldt seg i landet. Samtidig skulle perspektivet om tilbakevending vedlikehaldast frå det tidspunktet dei kom til Noreg. Dette tosidige løpet gav store problem for dei norske myndigheitene då eit vesentleg antal krigsflyktningar meldte seg i 1993.

Ved slutten av 1994 var Stortingsmelding nr. 17 "Om flyktningpolitikken" ferdig. Her vart prinsippa frå "En helhetlig flyktningpolitikk" og "Beskyttelse i fokus" bekrefta med nokre viktige presiseringar (Brochmann 2003: 308). Etterkvart som det vart klart at krigen i Jugoslavia ikkje vart kortvarig, blei det nødvendig med visse justeringar av politikken. Ein gjekk for eksempel vekk i frå å gi bosnisk grunnskuleundervisning til flyktningborna, og integrerte dei i staden i vanleg norsk skule (Brochmann 2003: 308).

Stortingsmeldinga var delvis eit resultat av erfaringane frå dei bosniske flyktningane, men også eit forsøk på å befeste den nye måten å tenkje på generelt innanfor flyktningpolitikken (Brochmann 2003). I staden for å leggje hovudvekta på midlertidigheit som eit generelt

instrument i flyktningpolitikken, vart kollektiv beskytting framstilt som det nye verkemiddelet i massefluktsituasjonar. Kollektiv opphaldstillatelse skulle vare i tre pluss eitt år og i løpet av det fjerde året skulle søknaden til den enkelte flyktning vere ferdigbehandla. Ein måtte altså ha vore tre år i landet før ein kunne få busetjingsløyve, og myndigheitene kunne då tilbakekalle asyl, eller la vere å fornye opphaldstillatelsen. Det vart argumentert med at tilbakevending var viktig for at ein skulle kunne beskytte fleire.

I november 1995 vart den såkalla Dayton-avtalen underteikna mellom partane i krigen på Balkan (Brochmann 2003: 312). Avtalen innebar at krigshandlingane skulle innstillast, og ein var einige om fordelinga av landområde. Avtalen inneheldt også retningslinjer for korleis flyktningane skulle førast heim. Det vart i Noreg raskt klart at ein umiddelbar retur ikkje var mogleg, men myndigheitene håpa likevel på at 1996 skulle verte det store tilbakevendingsåret. I 1996 fekk regjeringa ei bekymringsmelding frå UNHCR om dei låge tala i Noreg for innvilgelse av politisk asyl. Regjeringa vart kritisert frå ulike hald for manglande menneskelegheit i flyktningpolitikken.

Då Thorbjørn Jagland vart regjeringssjef etter at Gro Harlem Brundtland gjekk av hausten 1996, vart det viktig å signalisere ei meir liberal holdning til flyktningspørsmål (Brochmann 2003). Presset frå den liberale delen av opinionen vart så sterkt at regjeringa Jagland måtte endre kurs. Den nykonstruerte midlertidigheits-politikken vart avslutta om lag eitt år før fireårsfristen, ved å gi alle dei bosniske krigsflyktningane "amnesti" og løfter om varig opphald i Noreg. Prøveprosjektet for handtering av massefluktsituasjonar vart mislykka fordi den vart for upopulær i delar av befolkninga. Bruk av tvang innebar for store belastningar for flyktningane og den politiske leiinga i landet.

Ved valet i 1997 fekk landet ei ny sentrumsregjering som ikkje hadde planar om å endre Utlendingslova, som er ei fullmaktslov med rom for utøvelse av skjønn. Den nye sentrumsregjeringa sitt prosjekt blei difor at skjønn skulle utøvast i meir liberal retning enn tidlegare på 1990-talet (Brochmann 2003). Etter eit par år med sentrumsregjering kunne ein fastslå at nokre fleire asylsøknadar hadde blitt innvilga, samanlikna med tidlegare. Signala om liberalisering vart fanga opp internasjonalt, både blant potensielle innvandrarak og i politiske miljø. I ein situasjon der dei fleste europeiske mottakarland konkurrerte om å verke restriktive, vakte det oppsikt at Noreg markedsførte seg som noko anna. Raskt etter regjeringsskiftet begynte pågangen å auke. Sidan hausten 1997 var det ei klar stigning i

asylsøkjartalet og i 1999 blei det satt ein foreløpig rekord i netto innvandring til Noreg: 20 000 personar flytta til Noreg dette året, 6000 fleire enn året før.

Problema som følgde med innvandringa viste seg å vere større enn venta, og regjeringa innførte ein permanent innvandringsstopp som fortsatt varer ved den dag i dag (Brochmann 2003: 140).⁴ Dei offentlege grunngevingane for innvandringsstoppen viser ei tvetydigheit, som følgjer innvandringspolitikken gjennom heile perioden frå 1975 til 2000. På den eine sida ein sidan krigen bygd opp ein velferdsstat tufta på likheitsideologi, humanisme og internasjonal solidaritet og på den andre sida hadde styresmaktene sin nasjonale hushaldning å ivareta. Myndigheitene hadde lite erfaring med korleis ein slik balansegang skulle vere. I praksis fulgte dei ulike regjeringane ei såkalla stabiliseringslinje, som henta sitt idégrunnlag frå andre, meir erfarne innvandringsland. Ein skulle tilstrebe å stoppe innvandringa av ufaglært arbeidskraft frå land i sør for å kunne leggje forholda til rette for dei innvandarane som allereie hadde slått seg ned i mottakarlandet.

På 1980-talet kom det stadig fleire asylsøklarar og flyktningar til landet. Humanistiske ideal tilsa at landet Noreg hadde ei plikt til å hjelpe mennesker i naud (Hagelund 2003: 24). På slutten av 1980-talet begynte innvandringstalet stadig å auke, og regjeringa måtte innføre strengare innvandringspolitikk for å få bukt med ”problemet”.

På 1970 og 80-talet var argumenta for innvandring prega av positive begrep som ”det fargerike fellesskap”, der ein ser innvandring som ein ressurs (Gullestad 2002: 30). For 15-20 år sidan, skjedde det eit skifte i debatten. Den samfunnsvitskapelege byrjinga kan vere Ottar Brox’ bok ”Jeg er ikke rasist, men..”, frå 1991. Denne boka retta seg mot menneske som han kalla ”den moralske eliten” (Brox 1991). Det var dei som nekta å sjå innvandringa sine meir problematiske aspekt, og som dermed representerte hindringar for det han kalla praktiske løysningar. Dette blei omtala som å operere med meir realisme, det vil seie at ein såg på innvandring som meir av eit problem og ein byrde.⁵ Tilhengjarane av ”den nye realismen” framstiller seg sjølv som at dei har mot til å ta opp ”tabuar”, bryte stillheita, blande seg inn i

⁴ Regjeringa innførte likevel fleire unntak frå innvandringsstoppen. Dei som fortsatt kunne komme inn i landet, trass innvandringsstoppen, var: spesialistar, midlertidige arbeidssøklarar, studentar, flyktningar, familiemedlemmar til lovlege innvandarar og asylsøklarar (Brochmann 2003: 150).

⁵ Forsking viser at dette er ein meir generell europeisk trend, som har blitt aktualisert på 1990- og 2000-talet (Vertovec og Wessendorf 2010: 13).

”tøffe” saker og seie sanninga om ulike sider ved samfunnet som tidlegare har vorte ”gøymt vekk” på grunn av ei politisk korrektheit (Vertovec og Wessendorf 2010).

Sidan 1970-talet, har befolkninga i Noreg byrja å tenkje på seg sjølv som del av eit multikulturelt samfunn og dette har vore med på å synleggjere nye utfordringar for den norske staten, som rasisme og framandfrykt (Hagelund 2003). For å få bukt med desse problema presenterte regjeringa i Noreg i 1997 ein integreringspolitikk, der språktrening, arbeidstrening og antidiskrimineringsmålingar var viktige prinsipp for å oppnå like moglegheiter for alle (Hagelund 2003: 25). I følgje Knut Kjelstadli er resultatet av den globale flyttinga at det vert meir samansette samfunn (Kjelstadli 2008). Nye minoritetar har danna seg og mange menneske lever ikkje lenger innanfor ein stat; liva deira har blitt transnasjonale (Kjelstadli 2008: 48). Det at menneske beveger seg på ein ny måte mellom statar, betyr at ein må byrje å tenkje i gjennom kva som verkeleg meinast med eit samfunn.

I dag utøver den norske staten streng kontroll over kven som kan få busetje seg i landet. Nasjonalstatar har rett til å utøve innreisekontroll og utveljing via lovgiving med omsyn til kven som skal kome inn i landa. Når dei først har fått innpass i Noreg, har innvandraran med lovleg opphald i prinsippet så godt som dei same rettigheter ovanfor stat og lovverk som norske statsborgarar (Gullestad 2002: 26).

1.3 Gangen i oppgåva

I kapittel 2 vil eg ta føre meg den teoretiske forankringa som eg vil knytte mine analyser opp mot. Eg vil først ta føre meg nokre begrepsdiskusjonar som tek opp sentrale tema, som: likheitstankegangen i Noreg, integrasjon og tilpassing for flyktingar på arbeids- og bustadmarknaden. Vidare vil eg ta for meg teoriar om nettverk, sosial kapital og push, pull og stay-faktorar. Til slutt i dette kapitlet vil eg presentere nokre studie som er relevante med tanke på mi eiga oppgåve. I kapittel 3 vil eg presentere den kvalitative forskingsmetoden, som eg har nytta meg av i denne oppgåva. Eg vil fortelje om kvifor eg valde å studere den bestemte kommunen, korleis eg gjekk fram for å samle inn data og korleis analyseprosessen føregjekk i ettertid. Eg vil også ta for meg etiske refleksjonar og kommentere kvaliteten til mine data. Til slutt vil eg gi ein presentasjon av mine informantar. Kapittel 4, 5 og 6 er analysekapittel der eg presenterer funna i min studie. Kapittel 4 omhandlar trivsel, kulturelle forskjellar og møte med nordmenn, kapittel 5 tek for seg møtestader til flyktingane og

introduksjonsordninga, medan kapittel 6 handlar om informantane sine jobb-, bustad- og framtidsplanar. I kapittel 7 bind eg saman trådane og knyter teorien opp mot mine empiriske funn.

Kapittel 2

Teoretisk rammeverk

2.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg ta føre meg aktuell teori og forskning som vil bli nytta i mi oppgåve. Først skal eg ta føre meg nokre bergrepsdiskusjonar som omhandlar den norske likheitstankegangen, integrasjon og tilpassing av flyktningar i arbeidslivet og på bustadmarknaden, og rasisme og diskriminering. Dette, for å beskrive diskusjonar som har vore viktige i offentlegheita, med tanke på landets stigande grad av framandkulturelle innslag dei siste tiåra. Eg vil deretter ta føre meg ”push”, ”pull” og ”stay-faktorane” som er sentrale med omsyn til flyktningane sine flytteprosessar, for så å presentere teoriar om sosiale nettverk og sosial kapital, med utgangspunkt i teoriane til Bordieu (1986), Granovetter (1973) og Putnam (2000). Til slutt vil eg gå igjennom tidlegare forskning som har blitt gjort på dette feltet. Dette er interessant, ettersom eg kan sjå på ulike studier som har teke opp same tematikken som eg undersøker i min studie.

2.2 Nokre bergrepsdiskusjonar

2.2.1 Den norske likheitstankegangen

Gullestad (2002) diskuterer kva som er kriteria for å bli inkludert i det norske ”vi” som har ”bygd” kulturen. Det første ho meiner er viktig er oppfatninga om ei felles historie langt bakover i tida. Deretter kjem bygginga av velferdsstaten i dei første tre tiåra etter krigen. Desse åra vert ofte framstilte som ein einaste lang nasjonal dugnad der folkeleg solidaritet vart inkorporert i og symbolisert av staten. Ein kunne kanskje tenkje seg at ideen om at kulturen og landet er noko som ”byggjast” opp kunne bety at den stadig er under utbygning og at ein kvar som deltek ved dette blir ”ein del av oss”. I følgje Gullestad er det ikkje slik. Ho hevdar at det ser ut som den kulturen vi har bygd opp blir betrakta som ferdig og avslutta. Ho seier at dette kan trekkjast saman med ideen om at velferdsstaten er trua. For mange er det snakk om å forsvare velferdsstaten. Å vere norsk ser ut til å vere ein medfødt eigenskap som ikkje kan oppnåast, og som kviler på ei forestilt likheit basert på generalisert slektskap.

Forestillinga om det homogene Noreg er i følgje Marianne Gullestad ei myte som er eit resultat av norsk likheitstankegang. Dette betyr at folk må føle seg like for å meine at dei passar saman.

2.2.2 Integrasjon og tilpasning for flyktingar i arbeidslivet og på bustadmarknaden

Begrepet ”integrering” brukast ofte i offentleg debatt, gjerne i motsejing til ”assimilering” (Kjelstadli 2008). ”Assimilering” blir brukt om ein situasjon der menneske som opprinneleg har hatt ein minoritetsbakgrunn, har gått heilt opp i fleirtalet, slik at verken omverda eller personane sjølv oppfattar dei som annleis. I følgje Kjelstadli inneber integrering to målsetjingar: at det ikkje er forskjellar mellom menneske i fleirtalet og mindretalet når det gjeld fordeling av gode og at alle menneske deltek på ulike arenaer i så stor grad som dei sjølv ønskjer, og at dei deltek i tilstrekkeleg grad, slik at det finnast relasjonar mellom dei som inneber at samfunnet eksisterer og gjenskapast.

Kjelstadli er kritisk til å bruke ”integrering” som betteikning på målsetjingar for offentleg politikk. For det første har innhaldet i integrering langt på veg kome til å bety eit krav om assimilering. Vidare har det blitt sagt at tanken om integrering har vore einsidig.

Forandringane skal berre gå ein veg; fleirtalet ventast ikkje å endre seg på noko punkt. Under denne forventninga ligg ein tanke om at samfunnet er ein gitt størrelse, som individa skal tilpasse seg. Marianne Gullestad beskriv ”integrasjon” på same måte som Kjelstadli, ved at ”integrasjon” er eit ønskje om at ”innvandrara” skal delta fullt ut, utan nødvendigvis å måtte oppgi alle sine nasjonale og religiøse særtrekk (Gullestad 2002: 19).

Deltaking i arbeidslivet kan beskrivast ved kor stor andel av ei gruppe som er sysselsett, og ved kor stor andel som er registrert arbeidslause. Innvandrara og flyktingar er oftare tilsette i bransjer med yrke med usikre vilkår og lav lønn. Mange innvandrara og flyktingar har ufaglærte eller delvis ufaglærte jobbar, for eksempel som ansatte i sporveg, drosjenæring, renovasjon og reingjering og hotell og restaurant (Tronstad og Østby 2005). Det er ofte vanskeleg for innvandrara og flyktingar som har høgare utdanning å skaffe seg arbeid som svarar til utdanninga (Gullestad 2002: 28). Dei som er i arbeid, har noko oftare midlertidige eller tidsavgrensa ansettelsar enn nordmenn (Tronstad og Østby 2005). Forklaringar på ulik yrkesdeltaking og arbeidsløyse er samansatte (Tronstad 2009). Det kan vere bevisst diskriminering frå dei som tilset arbeidarar. Det kan også vere motstand frå ansette om å få

utlendingar som arbeidskameratar. Det kan også vere strukturell diskriminering frå arbeidsgivar som kan oppstå når ein let ein liten tvil slå ut til fordel for ein person frå fleirtalet (Rogstad 2000).

Jon Rogstad (2000) hevdar i sin studie av minoritetar på arbeidsmarkndaden at det kan vere slik at arbeidsgiverane sitt problem med å forstå ferdigheitene til arbeidssøkarane med synleg minoritetsbakgrunn ofte resulterer i at søknadane ikkje blir tekne i betraktning. Resultatet blir at mange av søknadane som er underteikna med framandklingande namn, ikkje vert gitt ei reell vurdering. Rogstad seier at fleire av informantane i hans studie hadde prøvd å få godkjent utdanninga frå sine heimland, men dette viste seg å vere umulig i dei fleste tilfelle. Med betre ordningar ville det vore større moglegheiter for å få oversett den formelle delen av kompetansen, slik at norske arbeidsgivarar kunne bruke den til å vurdere ein søkjar og eventuelt samanlikne vedkomande med andre søkjarar. Elles er det kjent at om lag halvparten av jobbane vert formidla via bekjentskapar. Å kome utanfrå og ha vore kort tid i området, gir mindre tilgang til slike nettverk (Kjelstadli 2008: 113).

Fordi utdanning blir inngangskravet til jobbar, særleg til arbeid med brukbare vilkår, blir dette eit sentralt felt for integrering og fordeling av gode (Kjelstadli 2008: 115). Som nyankomne har flyktningar og innvandrarar særleg utfordringar knytta til begrensa nettverk i arbeidslivet, dårlege språkkunnskapar og ingen opptjente trygderettigheter (Brochmann og Hagelund 2010: 215). Flyktningkategorien er spesiell i denne samanhengen for knapt nokon kjem til Noreg med arbeidskontrakt, og nær sagt alle vil ha behov for støtte til livsopphald og bustad i alle fall i den første perioden (Brochmann og Hagelund 2010: 215). I tillegg har dei fleste flyktningar i Noreg ikkje valt sin første bustadskommune sjølv, men er blitt plassert i samarbeid med innvandringsmyndigheitene og kommunen. Velferdsstaten får difor ein særskilt forpliktelse av moralsk karakter ovanfor desse menneska (Brochmann og Hagelund 2010: 215).

2.2.3 Rasisme og diskriminering

Eit tema som dukker opp i diskusjonar og forskning om flyktningar og innvandrarar, er omgrepa rasisme og diskriminering. I ein tradisjonell forståelse av begrepet, kan rasisme definerast som ei ideologisk overtyding om at det finnast menneskerasar som eksisterar i form av biologiske forskjellar og der den kvite rasen vanlegvis vert betrakta som overlegen andre

(Gullestad 2002). Denne biologiske raseforståinga har sine røtter tilbake til 1700-talet. Den biologiske rasismen vert knytta til historiske begivenheiter som har det til felles at det i dag oppfattast som tilhøyrande ei annan tid, ”eit onde som vi har lagt bak oss” (Todal Jenssen 1994: 346). I vår del av verda har desse definisjonane bestemte historiske konnotasjonar: den europeiske kolonialismen, nazismen og apartheid i Sør-Afrika (Van Dijk 2000: 311). I dag eksisterer det mange ulike syn på korleis rasismen har endra seg den siste tida. Ei oppfatning hos ein del politikarar er at det har skjedd eit skifte på høgresida, der ”kultur” har erstatta ”rase” (Todal Jenssen 1994). Kulturforskjellar framhevast, men desse politikarane seier ikkje noko om at nokre kulturar er betre enn andre. I staden legg dei vekt på at forskjellane er uforeinlege (Stolcke 1999). Denne uforeinlegheita er forutsetjinga for det argumentet at grupper med ulik kultur helst bør leve for seg sjølv (Stolcke 1999: 27). På dette grunnlag vert det krevd ein meir restriktiv innvandringspolitikk (Gullestad 2002: 149).

2.3 Om nettverk og sosial kapital

Mange av flyktningane kjem frå samfunn som er svært forskjellige frå det norske (Djuve og Hagen 1995) Viktige velferdsarenaer som arbeidsmarknad, bustadsmarknad og formelle og uformelle sosiale system fungerer på ein heilt annan måte enn det dei er vande til.

Flyktningane møter eit framand samfunn og det er usikkert kva tid, eller om dei nokon gong kan reise tilbake til heimlandet. Dei står difor ovanfor eit informasjonsproblem. Korleis skal dei gå fram for å få byggje opp ein trygg tilværelse i Noreg? God og omfattande informasjon om norske forhold kan hjelpe på kjensla av avmakt mange flyktningar opplever i møtet med ein framand kultur og eit uforståeleg språk. Samtidig vert flyktningane sine inntrykk og haldningar forma både etter kor lett eller vanskeleg det er å skaffe seg skikkeleg informasjon, og igjennom dei erfaringane med dei personar, organisasjonar og myndigheitene dei får hjelp eller avvisning frå. Djuve og Hagen hevdar at det kan vere nyttig å skilje mellom fire kjelder til informasjon om det norske samfunnet. Tradisjonelt spelar kontakter med eigne landsmenn ein viktig rolle i all migrasjon. Vidare har myndigheitene både eit eige opplegg gjennom mottaks- og utplasseringssystemet og eit ordinært hjelpeapparat. For det tredje har vi frivillige organisasjonar med formål å hjelpe flyktningar og innvandrarak, og til sist nordmenn som på eit mellommenneskeleg plan hjelper framande. God tilgang på effektiv og fortolka informasjon er ein viktig ressurs. Det er ikkje berre språket som kan vere framandt for flyktningane. Også grunnleggjande verdiar i samfunnet, og ikkje minst, nordmenn sin veremåte kan vere dette. Nordmenn reknast gjerne for å vere kalde og lite imøtekomande mot

andre menneske, noko som av utlendingar kanskje kan tolkast som framandfrykt, mens det vel snarare er eit nasjonalt karaktertrekk. Nettverk er ein ressurs, ikkje minst for flyktningane som skal etablere seg i eit nytt og ukjent samfunn. Ein person som vert møtt av ei allereie etablert gruppe landsmenn, vil motta tips om korleis ein skal klare seg, og ein kan også få venner til å anbefale seg til ein arbeidsgivar og så vidare.

Jon Rogstad (2000) viser at nettverk spelar ei viktig rolle for ”synlege minoritetar” sine posisjonar i arbeidsmarknaden. I følgje Rogstad har nettverk ein tosidig funksjon i tilsetjingar – som dørøpnar og garantist. For arbeidsgivarar bidreg nettverk med informasjon om potensielle kandidatar og for arbeidssøklarane er nettverk ein mobiliserbar ressurs som kan gi informasjon om ledige stillingar og innsikt i kva ein konkret jobb består i. Utilstrekkeleg nettverk resulterer i at personar med synleg minoritetsbakgrunn har større vanskelegheiter med å plassere seg i posisjonar der dei kjem i betraktning som potensielle arbeidstakarar enn nordmenn.

For å studere korleis flyktningar blir best tilpassa og trivest i ein kommune, kan det vere relevant å trekkje verkslar på Bordieu sine begrep om økonomisk, sosial og kulturell kapital (Bordieu 1986). Økonomisk kapital handlar om pengar og tilgang til materielle gode. Kulturell kapital kan knyttast til flyktningane sine erfaringar i eit nytt lokalsamfunn med ein ukjent kultur, der deira kulturelle kapital frå heimlandet ikkje nødvendigvis blir anerkjent i Noreg. For at flyktningar skal få auka kulturell kapital i forhold til majoritetsbefolkninga vil blant anna norskkunnskapar, arbeid og kjennskap til norske kulturelle kodar vere avgjerande.

Når det gjeld økonomisk kapital, er det ikkje mange flyktningar som står sterkt når dei kjem som tilflyttarar til eit nytt land. Her kjem sosialt nettverk inn i biletet, og dette kan vere avgjerande for å ”lukkast” i lokalsamfunnet. Ved å danne seg ulike kontakter, kan flyktningane få kjennskap og kunnskap om arbeidslivet på den staden dei bur. Dette kan gjerne vere avgjerande for om dei kjem seg inn i arbeidslivet og på den måten starte å tjene sine egne pengar. Sosial kapital er ressursar som er tilgjengelege for menneske gjennom deltaking i sosiale nettverk.

Robert Putnam (2000) tek opp eit skilje mellom band og bruer, når det kjem til sosial kapital. ”Band” baserast ofte på familie, andre i nær slekt og venner. Den bringer like folk saman og har ein tendens til å forsterke identitetar og homogene grupper. I den forstand kan band gi den

enkelte støtte. Ulempen er at band kan bidra til eller forsterke problem med manglande integrasjon, utstøting og isolasjon. Ikkje minst vil dette ha betydning når ein ser på etniske gruppers forhold til storsamfunnet. ”Bruer” koblar menneske til meir fjerne bekjente og mellom ulike menneske og ulike grupper av menneske. I følge Putnam, har sosial kapital av brutypen, størst virkning for integrering av etniske minoritetar, flyktningar og innvandrarar.⁶ Dette kan ein sjå i samanheng med Granovetter’s teoriar om sterke og svake band (Granovetter 1973).

Granovetter (1973) legg vekt på viktigheita av svake band i nettverksanalyser. Han hevdar at svake band er viktige i høve til mobilitetsmoglegheiter til menneske. Ved at ein for eksempel byttar jobb, dannar ein stadig nye nettverksrelasjonar, som kan vere nyttig å ha med seg. Sterke band er gjerne familie og nære venner ein har regelmessig kontakt med, medan svake band består av venner, slekt og andre bekjentskapar som ein har sjeldnare kontakt med. Sterke band er i liten grad med på å gi ny og relevant informasjon. Dette skuldast at personar som har svært tett samband i stor grad omgåast dei same menneska og institusjonar. Dersom alle personar innan eit nettverk har same informasjon representerer nettverket ingen ressurs for spreing av ny informasjon. Svake band er ein stor ressurs fordi dei gir ny informasjon på ein enkel måte (Djuve og Hagen 1995: 119). Ut i frå nettverksteorien til Granovetter ønskjer eg å studere på kva måte flyktningane får ulike typar informasjon i frå og korleis dei brukar denne informasjonen til å kome inn i det lokale miljøet.

2.4 Push, pull og stay-faktorar

For å forklare kvifor flyktningane ønskjer å bli buande eller flytte frå ein bestemt kommune, kan ein sjå på push, pull og stay-faktorar (Søholt, Aasland, Onsager og Vestby 2012).⁷ Push-faktorar handlar om forhold som får menneske til å flytte frå ein stad. Det kan vere slik at lokale kommunale praksisar ikkje har teke hensyn til at befolkninga har endra seg. Ein er

⁶ Bordieu, Lourey, Coleman og Putnam er sentrale teoretikarar når det kjem til opprinnelsen rundt temaet sosial kapital (Portes 1998). Bordieu fokuserer på individuelle former for sosial kapital og korleis målbevisst innsats innanfor sosiale nettverk kan vere med på å gi individuelle goder. Oppfatninga av at sosial kapital er noko som enkeltpersonar kan byggje opp, halde for seg sjølv og fremme eigeninteresser, knyttast særleg til Bordieu. Coleman derimot, hevda at det var ulike mekanismar som var med på å skape sosial kapital, nemleg forventningar om gjensidigheit og betydninga av sterke normer i samfunnet. Putnam definerer sosial kapital som summen av normer, tillitt og nettverk. Dette er, i følge Putnam, med på å skape gjensidige fordelar for menneska i samfunnet. Lourey, Coleman og Putnam ser på sosial kapital som ein kollektiv ressurs som individ kan nytte godt av. Dei tenker seg at sosial kapital dannast av ein følge av enkeltpersonars investering av tid, krefter og oppmerksomheit og at sosial kapital er eit offentleg gode, som også andre enn dei personane som sjølv har investert tid, krefter og oppmerksomheit, kan dra nytte av.

⁷ Forskarar som Ravenstein har drøfta push og pull-faktorar i forhold til migrasjonsstraumar frå den tredje verda til Vesten (Kivisto og Faist 2010).

ikkje tilstrekkeleg oppmerksom på å bistå nyankomne innvandrarak med å etablere seg på ein måte som gjer at dei føler seg velkomne. Dersom ein tilflyttar føler at det ikkje er noko som bind dei, eller gjer at det er attraktivt for dei å bu på akkurat denne staden, kan dei like gjerne flytte. Pull-faktorar handlar om forhold ved den spesifikke staden som trekkjer til seg tilflyttarak. Det kan vere ulike årsakar til at flyktningar og innvandrarak vel å busetje seg i ein kommune. Nokre flyttar på grunnlag av arbeidsmoglegheiter, medan andre flytter fordi dei har funne kjærleiken eller har forelska seg i naturen i området.

Stay-faktorane er forskjellige for innfødde og flyktningar. Lokalbefolkninga har ein innebygd stay-faktor; dei har vakse opp på staden, har som oftast familie og sosiale nettverk og kjenner stadens moglegheiter og manglar. Tilflyttarak, då spesielt flyktningar og arbeidsinnvandrarak, har sjeldan eit forhold til staden før dei flyttar dit. Dersom kommunen og det lokale næringslivet ønskjer at innvandrarak og flyktningar skal velje å bli buande, blir oppgåva å bidra til å skape stadtilhørigheit. Å bli verdsatt er noko som bidreg til å byggje opp stadtilhørigheita.

Ager og Strang (2008) har ut i frå si empiriske forskning utvikla eit rammeverk som reflekterer over ulike forståingar av vellukka integrering. Dei har kome fram til at ulike faktorar som kan vere med på å påverke integrering: arbeid, bustad, utdanning og helse. Sjølv om dei ikkje brukar begrepa push, pull og stay-faktorar kan ein likevel sjå ein klar samanheng mellom tankane til Søholt, Aasland, Onsager og Vestby når det kjem til om flyktningane ønskjer å flytte frå eller bli buande i ein kommune.

I følgje Ager og Strang er sosiale forbindelsar og "tilretteleggjarar" faktorar som er med på å skape positive resultat, som jobb eller utdanning. Dei sosiale forbindelsane deler Ager og Strang inn i tre typar: sosiale band med familie eller personar frå same religion, etnisitet eller nasjonalitet; sosiale bruer med andre folkegrupper eller fellesskap; og sosiale koblingar med statlege strukturar som for eksempel offentlege tjenester. Dei påpeikar at det kan vere ulike hindringar for ei effektiv kobling til desse forbindelsane, og tilretteleggjarane skal fjerne slike barrierer og fremje ein integreringsprosess. Introduksjonsordninga vert som ein tilretteleggjar, ettersom ordninga har som mål å styrkje flyktningane si deltaking i arbeidslivet. Mangel på språkkompetanse og kulturkunnskap og fråver av ein følelse av trygghet og stabilitet er barrierer for å kunne oppnå mål som arbeid, utdanning og bustad. Arbeid er sannsynlegvis det område det er mest forska på i forhold til integrering, ettersom arbeid kan fremme andre

viktige aspekt. Dette er for eksempel språktrening, det å kunne møte lokalbefolkninga i samfunnet, moglegheit til å kunne planleggje fram i tid, økonomisk uavhengigheit og sjølvstendigheit. Kjelstadli (2008) hevdar også at graden av sysselsetjing i arbeidslivet, truleg det beste målet på integrasjon. Arbeid er ei kjelde til å knytte kontakter som gir moglegheit for å byggje nettverk og auka sosial kapital. Arbeidsledigheit, derimot kan føre til sosial utestenging. I følgje Ager og Strang er ikkje arbeidsledigheit grunna låg utdanning det største problemet, ettersom fleire av flyktningane ofte har kompetanse eller utdanning når dei kjem til eit mottaksland. Sjølv om integreringseffekter av arbeid er velkjente, viser det seg ofte problematisk å anerkjenne utdanning og tidlegare arbeidserfaring som flyktningane har med seg. I studien til Ager og Strang er ein fråverande følelse av trygghet og stabilitet ei barriere for integrering. Dette kan relaterast til mangel på tilhørigheit. I deira studie er det lagt vekt på lokalsamfunnet, nabolag og at følelsen av å ha ein heim kan fremje integrering.

2.5 Tidlegare forskning

Thorshaug, Valenta og Berg (2009) har i ein studie kartlagt norske kommunar sine utfordringar og strategiar for raskare og betre busetjing av einslege vaksne flyktningar, med særleg fokus på bustadsituasjonen (Thorshaug, Valenta og Berg 2009). Rapporten baserer seg på ei kvantitativ breiddeundersøking blant 159 busetjingskommunar og ein djubdestudie i sju midnorske kommunar. Breiddeundersøkinga vart gjennomført i perioden april-mai 2009, medan djubdestudien blei gjennomført i perioden mars-oktober 2009.

Fleire av landets busetjingskommunar melder om problem i forhold til å nå måla om rask og god busetjing. Blant anna vert det opplevd som vanskeleg å framskaffe eigna bustader, særleg for einslege vaksne flyktningar, med den konsekvens at kommunane ofte foretrekk å busetje familiar. Dette medfører at einslege ofte må vente lenger på kommuneplass enn øvrige flyktningar. Busetjingskommunar befinn seg dermed i ein pressa situasjon. På den eine sida vert dei bedne om å busetje flyktningar, og dei vert oppfordra om å bidra til at opphaldstida i mottak blir så kort som mogleg. Samtidig opplever dei stort press på den kommunale bustadmarknaden og tilgjengelege bustader for einslege – både frå flyktningar og kommunen si øvrige befolkning. Resultatet blir i mange tilfelle at einslege vaksne flyktningar vert tilbodne lite eigna bualternativ. Sett frå kommunen si side står valet ofte mellom å seie nei til busetjing og det å seie ja, men plassere einslege i bustader som er lite eigna ut i frå ei integreringsmålsetjing.

Undersøkinga peiker på ei rekkje utfordringar knytta til busetjingsarbeidet, blant anna manglande sosial planlegging, mangel på eigna bustader, uforutsigbarheit knytta til familiegjenforeining, sekundærflytting og eit krevjande integreringsarbeid. I følgje studien kan moglege tiltak for dette vere aktiv bruk av bustadsosiale handlingsplanar, oppretting av ”bustadteam”, bruk av den private bustadmarknaden, samt bufellesskap som midlertidig buløysing i påvente av familiegjenforeining eller fullføring av introduksjonsprogram.

Jarle Pedersen (2008) har i si doktorgradsavhandling i sosiologi studert unge flyktningar sitt møte med to norske lokalsamfunn, Vik og Dal (fiktive namn).⁸ Årsaka til at desse tettstadane vart valde ut, var ein antakelse om at fenomenet marginalisering og sosial eksklusjon kunne arte seg ulikt i dei ulike lokalsamfunna, og at det ville vere fruktbart å gjere ein komparativ analyse (Pedersen 2008). Ungdomane var frå 12-27 år då dei kom til Noreg og på intervju tidspunktet var ungdommane mellom 16 og 30 år. Dei fleste hadde opphalde seg 3-4 år i Noreg då dei vart intervjuet (Pedersen 2008: 51).

Gjennom intervju kjem det fram at flyktningane opplever avvising frå lokalbefolkninga når det kjem til prosessar som omhandlar verdsetjing. Det ungdommane samla sett rapporterte som mest problematisk var følelsen av å ikkje vere velkomen til Noreg, i lokalsamfunnet eller i samanhengar der dei møtte lokalbefolkninga, følelsen av å vere ignorert, usynleg og betydningslaus. Ungdomane fortel at dei hadde problem med å skaffe seg arbeid i kommunane. Det Aetat kunne tilby ungdomane var praksisplassar. På nokon av dei store bedriftene i Vik og Dal (også dei kommunale) var det slik at flyktningar stadig kom og gjekk frå sine midlertidige praksisplassar som hjelpeapparatet hadde funnet til dei. Der utførte dei stort sett lavstatusarbeid til praksisplasslønn frå Aetat. Også på arbeidsplassane kunne altså lokalbefolkninga betrakte flyktningane der dei var plassert i lavstatusposisjonar, der dei utførte arbeid til lavstatuslønn. Flyktningene fekk dessutan sjølve bekrefte at det er sånn.

I ungdomane sine historier kunne miskjennelse ytre seg som alt frå opplevd hat til opplevingar av forskjellsbehandling. Den kunne ta form av fysisk vald så vel som

⁸ Pedersen har valt å anonymisere stadane for å beskytte hans kjelder og personane som omtalast i intervjuet på best mogleg måte. I tillegg til dei unge flyktningane, intervjuet Pedersen nokre nøkkelpersonar som hadde ansvar for, eller erfaring frå arbeid med flyktningar i Vik og Dal intervjuet.

miskjennande blikk, og ytra seg meir eller mindre opent og brutalt. Mest åpen og brutal var den rasistiske valden, ein form for miskjenning som kunne ramme gutar med synlige teikn på minoritetsbakgrunn. I følge ungdomane fann den vanligvis stad på utestader eller i det offentlige rom på kvelds -og nattestid. Ikkje-fysiske former for miskjenning kunne også vere opent uttrykt, men trakasseringa gjekk då ikkje så langt at den ble valdeleg. Denne forma for miskjenning dukka opp oftare og i fleire samanhengar enn den opent valdelege forma. Mest utbreitt var imidlertid miskjensla, den som gjorde at ungdomane følte seg krenka i ulike samanhengar, men som ikkje var opent uttrykt og derfor kunne tolkast i ulike retningar og etterlate tvil om kva som skjedde. Ungdomane ante at det var noko, men kunne aldri vere heilt sikker på kva det var og kvifor det skjedde. Det kunne vere behandling ungdomane fortalte om i møte med ein lokal organisasjon eller med personar i det offentlige rom, det kunne vere kva dei opplevde når dei søkte jobb og bustad, eller måten dei blei /ikkje blei ønska velkomen på i nye sosiale samanhengar.

Nykomarane sin moglegheit til å bli inkludert og risiko for å bli ekskludert vil vere avhengig av om dei er i besittelse av noko som vert anerkjent, noko som er verdifullt, ettertrakta. Ungdom søker gjerne det som er "in" og dei som er "in" i sitt miljø, ein posisjon blant dei betydningsfulle. Unge flyktningar kan her kome i risikosona som berarar av teikn på det som i lokal habitus blir 'out'(som hijab, religiøsitet, avholds etc.). Fleire av ungdomane rapporterer om opplevingar av å vere uinteressante, nærmast ikkje eksisterande eller betydningslause i sosiale samanhengar. Dei gir uttrykk for at dei ønskjer kontakt og venskap med lokale ungdomar, men at dette er problematisk. Historier frå skular, fritidsaktivitetar og arbeidsplassar fortel altså om alt anna enn inkluderande miljø. I følge flyktningungdomane viser lokale ungdomar tilbakeholdenheit og til tider lita interesse for å bli betre kjent med og utvikle venskap med dei. Sosial eksklusjon er eit mønster som teiknar seg, ikkje alle føler det slik. Nokre ungdomar fortel at dei føler seg inkludert, andre kan fortelle at i nokre samanhengar opplevde dei å bli inkludert.

Pedersen hevdar at flyktningar skil seg ut frå vestlege innvandrarak. Dei vestlege innvandrarakane liknar på "oss" og har gjerne arbeid allereie når dei kjem. Sjølv om det kan argumenterast for at "vi" også treng flyktningar, så assosierast oftare desse med sosialhjelp og lågstatusarbeid. Ei utbredt forestilling er at dei kostar pengar.

Nokre av ungdomane i studien har opplevd at dei ikkje vert behandla på same måten som nordmenn i arbeidsmarknaden. Slik erkjennelse gjer noko med ungdomane sitt sjølvbilete og identitet og når desse mekanismane er aktive, gjer det ungdomane meir avhengige av sosial kapital: folk som kjenner dei personleg, har kontaktar og kan anbefale dei for skeptiske arbeidsgivarar.

I Vik var flyktningane sin bustad ein strukturell faktor. Svært mange, særlig av dei nyankomne flyktningane, var konsentrerte i fleire lange trebygningar som utgjorde eit boligkompleks. Her budde dei saman med nokre få ”ressurssvake” frå lokalsamfunnet. Plasseringa bekrefta derfor reint visuelt forestillinga om flyktningane som ”avhengige”, ”hjelpetrengende” og ”lavstatus”. Den bidrog også til å befeste andre forestillingar om flyktningar og innvandrarak som at dei ”held seg til kvarandre”, ”dannar gettoer” osv. I følgje Pedersen kan plasseringa av flyktningane bli eit bidrag til å isolere dei frå resten av lokalbefolkninga. Det blir vanskelegare med kontakta fordi flyktningane reint fysisk bur adskilt frå resten av befolkninga, og fordi det for lokalbefolkninga blir vanskelegare å nærme seg ein konsentrasjon av flyktningar enn enkeltfamiliar som flyttar inn i nabolaget. Lokaliseringa svekka moglegheitene for kontakt med lokalbefolkninga, for praktisering av norsken, for kulturell forståing og etablering av sosiale nettverk med lokalbefolkninga.

I Vik og Dal kom det tydeleg fram at flyktningane er ei inntektskilde for kommunane, og vert sett på som ei inntektskilde av politikanane. Flyktningkonsulenten i Dal bekreftar at motivasjonen for å ta imot flyktningar fra politisk hald kunne vere kommuneøkonomisk, flyktningar blei sett på som ei mogleg inntektskilde. Både sjølvbebreidelsen, ambivalensen og undringa over kva som kunne forårsake den lite inkluderande veremåten i Vik og Dal var utbreitt. Samtidig som at flyktninge-ungdomane kunne forklare eksklusjonen med manglar hos seg sjølv, kunne dei gi uttrykk for ein tvil, der dei spekulerte i alt frå hat og rasisme til det udefinerte; ”norsk” veremåte som forklaring. Uansett kva som ”faktisk skjer” synes miskjennelsen å utgjere ein risiko for unge flyktningar, fordi den undergrev sjølvkjensla og dermed forutsetjingane for sosial deltaking. Når ungdomane følte seg avvist, gjekk det mykje på at folk ikkje snakka til dei, ikkje helste, at det ikkje fantest nokon inkluderande ritual og initiativ til sosialt samver og venskap. Venskap var noko flyktningane i denne undersøkinga ønska å ha med lokalbefolkninga, men som dei i all hovedsak syntest å ha med andre utlendingar.

I følgje Pedersen er vi i dagens Noreg inne i ei rask endring av verkelegheita med den nye innvandringa, og vi ser at konstruksjonen av dei ”ønska” og ”uønska” framande både følgjer historiske mønster for framandkonstruksjon, og at stridar dukker opp rundt nye måtar å konstruere på. Ein innvandrar blir berre ein ”ønskja” dersom dei riktige kombinasjonane er på plass, som til dømes at fotballaget manglar ein keeper, eller at fotballaget manglar ein person for å vere fulltalege. I følgje Pedersen synest sosiale konsekvensar av dagens globale og nasjonale ideologiske klima å vere auka skepsis, skjerpa kontroll og eit auka assimileringsspress, ”vi” må hindre at fleire av ”dei” kjem inn, og kreve at dei av ”dei” som har kome ”tilpassar seg”. Pedersen finn ut at lokalsamfunna det her er snakk om ser ut til å vere samfunn med generelt lite inkluderande omgangsformer og helseformer, kombinert med blygskap og sosial usikkerheit. Likevel hevdar Pedersen at lokalbefolkninga sine handlingar i somme tilfelle er av utstøytande karakter.

Rapporten ”Derfor blir vi her – innvandrara i Distrikts-Norge” (Søholt, Aasland, Onsager og Vestby 2012) baserer seg på personlege intervjuamtaler med ulike kategorier av innvandrara, kommunalt tilsette, næringslivsleiarar og frivillig sektor. Kvantitative metodar er nytta for bearbeiding av tilgjengeleg statistisk materiale om dei utvalgte kommunane og dei bustad- og arbeidsmarkedsregionene som dei inngår i. I kvar kommune er 9-10 representantar for innvandarbefolkninga intervjuet. Relevante kriterier ved valet av dei tre bu- og arbeidsmarkedsregionane var befolkningsstørrelse, innvandarandel og – samansetjing, næringsstruktur og utvikling. Kommunane skulle ha ein viss størrelse, ein viss andel innvandrara og forskjellig næringsstruktur. Dessuten la dei vekt på å velje kommunar med forskjellig historikk og erfaringar med busetjing av flyktingar og tilflytting av arbeidsinnvandrara. Det vart også lagt vekt på at ein skulle finne tre kommunar som har lukkast ganske godt med integrering av innvandrara. Tilnærminga siktar ikkje mot statistisk representativitet, men mot å få fram eit breitt spekter av synspunkt, argument og refleksjonar om kva som får innvandrara til å verte buande i distrikts-Noreg.

Innvandrarane fortel om sine erfaringar og opplevingar frå sine første år i ein norsk distriktskommune. I tillegg til arbeid og bustad, handlar rapporten om oppleving av tryggleik og gode oppvekstvilkår for barn, opplevde sjansar til å gjennomføre eige eller familiens livsprosjekt og at ein blir sett som person og inngår i meningsfulle sosiale relasjonar.

I følge rapporten har dei tre kommunane relativt ulike integreringsregime. Haram er den kommunen som legg best til rette for arbeidsinnvandrarak. Rekruttering av arbeidskraft til verftsindustrien skjer i samarbeid mellom kommunen og næringslivet. Innvandrarak er ønska, mest fordi dei kan bidra til økonomisk utvikling. Bevisstheita er midlertidig lågare når det gjeld korleis ein tek i bruk flyktingane sine ressursar i det lokale næringslivet. Tynset er gjennomsyra av ein bevisstheit rundt det internasjonale og fleirkulturelle. I dei tre kommunane er det her innvandrarakane er mest synlege i det offentlege og det er her dei kommunale tenestane er mest tilrettelagde for ei fleirkulturell befolkning.

Arbeidsinnvandrarakane i kommunen opplever midlertidig eintydig at dei ikkje blir sett. I Vestvågøy er det flyktingar som er kommunen sitt hovudfokus. Her er det høg bevisstheit rundt å ta i bruk flyktingane sine ressursar i det lokale næringslivet. Kommunen sitt ansvar ser midlertidig ut til å stanse ved flyktingane. Arbeidsinnvandrarakane er forventa å greie seg sjølv og tilpasse seg ved hjelp av egne ressursar, utan spesiell tilrettelegging frå kommunen.

Flyktingane føler seg vel ivaretekne og deira ressursar blir i stor grad tekne i bruk i alle tre kommunane. Når det gjeld arbeidsinnvandrarak, er saka litt annleis. I Haram blir dei kommunale tiltaka, som velkomstbrev, velkomstfest og lokal språkopplæring, sett pris på og får folk til å føle seg velkommen og verdsette i kommunen. I Vestvågøy og på Tynset verkar arbeidsinnvandrarakane mykje meir avhengige av sine nettverk. Arbeidsinnvandrarak med låg utdanning oppfattar seg i større grad som konkurrentar med flyktingar og lavt utdanna nordmenn. Dei reagerer på at dei har dårlegare råd enn flyktingane som dei trur arbeider mindre enn dei sjølve.

Ut i frå dette kan ein sjå at det er identifisert forskjellar mellom innvandrarkategoriane. Forskjellane kan påverke kva tiltak myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunn kan setje i verk for å forhindre at innvandrarakane vel å flytte frå kommunen. I følge Søholt, Aasland, Onsager og Vestby må kommunen først og fremst anerkjenne at arbeidsinnvandrarak er i ein heilt annan situasjon enn flyktingar. Arbeidsinnvandrarak treng meir oppfølging i etableringsfasen. Ved kartlegging av og tilpassing av ressursane til arbeidsinnvandrarak, kan lokalt næringsliv og kommunen få glede av deira kompetanse. Det kan vere avgjerande for om familien vurderer å bli buande eller flytte.

Funn i dei tre kommunane tydar på at innvandring til distrikts-Norge kan prege og påverke identiteten og kvaliteten til stadane i ei positiv retning. Det vert hevda at folk flest er blitt meir tolerante og opne, og kommunane har blitt meir mangfaldige kulturelt og sosialt. I næringsliv og arbeidsmarknad har innvandrane tilført både etterlengta arbeidskraft og kompetanse og dei har skapt egne arbeidsplassar. Sjølv om det lokale mangfaldet hovudsakleg vert opplevd som positivt, er det også utfordringar. Om ein lukkast med å skape gode lokalsamfunn for alle dreier seg blant anna om forventningane til om ein skal ”bli lik eller kan vere forskjellig”.

Når informantane blir bedne om å skildre det dei oppfattar som positive eigenskapar ved staden dei bur, tek dei tilsynelatande arbeid, bustad, materielle kår og den norske velferdsstaten for gitt. Det er barn sine oppvekstvilkår, trygghet, det rolige livet på bygda, eit godt lokalmiljø, og vakker og rein natur som dominerer beskrivelsane. Dei negative eigenskapane som blir trukne fram er stadens størrelse med få tilbod og møteplassar; ver, klima og mørketid; samt isolasjon, store avstandar og savn av familie og andre ein føler kulturell nærleik til.

Eit gjennomgangstema som særleg vart nemnt av flyktningane, var tryggheta i kommunane. Tryggheta kan vere alt frå opplevinga av fråver av krig og konflikt til trafikksikkerheit. Her hevdar forfattarane at referansen kan vere både til heimland og større byar i Noreg. Særleg ofte nemnte informantane at det var låg grad av kriminalitet på staden. Informantane hevdar at det er fråver av konflikter, usikkerheit og truande element av forskjellige slag i kommunane. Gode oppvekstvilkår for barn blir understreka av eit stort antal av informantane som det mest positive ved å bu på staden. I eit miljø dominert av norske, får barn lett norske venner og blir ein del av barne- og ungdomsmiljøet på staden. Som blant nordmenn flest fungerer barna som ein sosial døråpnar for dei vaksne. Ikkje få av informantane nemnde at foreldra til barna sine venner, enten via skulen, naboar eller barnas fritidsaktivitetar, var ein viktig inngangsport til sosial kontakt med lokalbefolkninga på staden. Foreldra lærer norsk og får tilgang til norsk kulturforståing gjennom kontakt med barnas venner, deira foreldre, lærarar eller på fritidsaktivitetar.

Deltaking i arbeidslivet betyr mykje for flyktningane sine sosiale liv, samt for å lære norske sosiale og kulturelle kodar. Alle informantane i undersøkinga hadde fast jobb då dei vart intervjuet. Fleire hadde redusert stilling, var vikarar eller midlertidig tilsette. Mange opplever at dei ikkje får brukt kompetansen dei har med frå sine egne opphavslend. Dei fleste

innvandrara skjøner at det er slik, men samtidig gir dei uttrykk for at dei ønskjer å lære skikkeleg norsk og vidareutvikle sin kompetanse slik at dei kan få meir interessante og betre betalte jobbar. Berre eit fåtall av informantane hadde arbeid som var i samsvar med den utdanninga og/eller yrkeserfaringa dei hadde frå opphavslandet. Fleire arbeidde innan yrke der det ikkje vart etterspurt fagutdanning, som butikk-, reingjerings- og manuelt fabrikkarbeid. Ein stor andel av informantane arbeidde altså innan heilt andre bransjar og i heilt andre yrke i Noreg enn dei hadde utdanning til eller gjorde i sitt opprinnelsesland. Nokon var misfornøgte med dette. Imidlertid uttrykte mange også forståelse for at ein må tilpasse seg behova på staden, og at ein må opparbeide seg språkkompetanse og andre ferdigheiter i Noreg før ein får drømmejobben. Fleire informantar fortalte at det er utfordrande å skaffe ein tilfredsstillande jobb. Generelt er bruk av nettverk utbreidd når ein skal finne arbeid. Men mange innvandrara har mindre nettverk i lokalmiljøet enn etnisk norske som har budd lang tid på staden.

I følge rapporten har informantane eit positivt inntrykk av nordmenn. Når lokalbefolkninga beskrivast av informantane, brukast gjerne ord som ”høflige”, ”vennlige”, ”hjelpsomme”, ”hyggelege”, og ”fine menneske”. Det er viktig å bli sett, og dei fleste informantane fortel at dei blir lagt merke til i lokalmiljøet. Samtidig blir det gitt uttrykk for at nordmenn kan vere reserverte, tilbakehaldne og ikkje verkeleg interessert i dei. Informantane merkar lite til rasisme og diskriminering i lokalmiljøet, men nokon opplever at lokale sosiale nettverk kan vere tette, ekskluderande og vanskelege å kome på innsida av. Informantane vektlegg også at det er svært viktig å kunne norsk. Dei meinte det var avgjerande for å skaffe seg norske venner og for å få kunnskap om det norske samfunnet.

Alle flyktningane som forfatta var i kontakt med, hadde gode erfaringar med den støtta dei hadde mottatt etter at dei kom til kommunen, anten dette dreide seg om busetjing, tilrettelegging med praksisplass og arbeidsplass i kommunen, samt språkopplæring. Dette blei bekrefta av andre nøkkelinformantar og gjennom intervju i flyktningeinheitene sjølv. Fleire var også fornøgd med at den lokale flyktningeinheita var ein stad dei kunne henvende seg med ulike spørsmål og utfordringar dei møter i kvardagen. Det kunne dreie seg om arbeid, bustad eller å ta seg fram i det norske samfunnet. Fleire meinte at den støtta dei hadde fått, var heilt avgjerande for deira noverande velferd.

Trygghet, gode oppvekstvilkår, lite stress og vakker natur blir framheva som dei mest attraktive eigenskapane ved distriktskommunane som blir studert. Ut i frå intervju som Søholt, Aasland, Onsager og Vestby har gjort, viser det seg at dei positive kvalitetane ved staden blir styrka over tid. Utvikling av meningsfulle relasjonar lokalt, bidreg til at flytting blir mindre sannsynleg ettersom butida aukar. Likevel er det få som er heilt sikre på at dei kjem til å fortsette å bu i kommunen. Forhold som kan få betydning for framtidig val av bustad knyter seg særleg til barna si utdanning, å få brukt eigen kompetanse og ressursar, arbeidsmarknadens utvikling lokalt, samt forhold i opphavslandet.

Søholt, Aasland, Onsager og Vestby (2012) peikar på at inkludering av innvandrarak og flyktningar ikkje berre er ei kommunal oppgåve. Minst like viktig er korleis det lokale næringslivet forhold seg til den lokale innvandrarakbefolkninga. Ansvarsavklaring og samarbeid, forum for å informere og diskutere nye behov, oppgåver og utfordringar kan vere med på å forbetre det lokale inkluderingsarbeidet.

Marte Hanche-Dalseth, Randi Bergem og Unni Aarflot (2009) har sett nærare på busetjing av flyktningar i kommunane i Møre og Romsdal. Målet med prosjektet var å kartleggje korleis busetjingsarbeidet skjer, og å få belyst kva erfaringar og synspunkt tilsette i kommunane og flyktningane har når det gjeld busetjingsarbeidet. Eit sentralt spørsmål som også blir teke opp i studien er i kva grad kommunane nyttar Husbanken sine tilskotsordningar i dette arbeidet og i kva grad Husbanken sine tilskot blir opplevd som nyttige for kommunane. Eg kjem ikkje til å ta opp dette, sidan det ikkje er eit relevant tema for meg. Grunnen til at forskarane fann Møre og Romsdal som ein interessant studiestad er at fylket i åra før gjennomføringa av undersøkinga hadde ein god arbeidsmarknad, parallelt med at fylket opplevde høg sekundærflytting. Flyttestraumane blant denne gruppa går i hovudsak frå distrikta til meir sentrale strøk på Austlandet, som Oslo og Akershus. Innføringa av introduksjonsprogrammet for flyktningar i 2004 har likevel medverka til redusert flytting blant flyktningar. Empirien i studien baserer seg på 20 telefonintervju med 15 flyktningkonsulentar og fem bustadkonsulentar. Vidare er det gjennomført gruppeintervju med 2-4 kommuneansatte som arbeider med busetjing og bustadsosialt arbeid blant flyktningar i fem utvalde kommunar. Av personvernomsyn er kommunar, flyktningar og kommunetilhørigheit anonymisert. Dette er på grunn av at fleire av kommunane er små, noko som kan gjere det mogleg å identifisere flyktningane gjennom kommuneinformasjon.

Studien viser at kommunane har store utfordringar når det gjeld tilgang på bustader til busetjing av flyktingar. Samarbeidet mellom ulike aktørar i kommunane om bustadsosiale spørsmål er lite formalisert og i mange tilfelle tilfeldig. Burettleing er ein kritisk faktor som ikkje kan prioriterast i kommunane. Sjølv om det er ein god arbeidsmarknad i Møre og Romsdal, betyr ikkje dette at det er ein god arbeidsmarknad for flyktingar. Forskarane har også funne ut at sosiale nettverk er den faktoren flyktingane sjølv legg mest vekt på i spørsmålet om å bli buande eller flytte frå ein kommune.

Alle flyktingane/flyktingfamiliane dei intervjuar var fornøgde med kommunen. Det var manglande forståing blant mange av flyktingane når dei stilte spørsmål om tilfredsheit, erfaringar og opplevingar med bustad, bumiljø og kommunalt tjenestetilbod. Dei fleste kjem frå ein situasjon med krig og flukt, og er fornøgde fordi dei er trygge i Noreg og fordi bustadane generelt er langt bedre enn dei er vande med. Difor har dei i svært lita grad forutsetjingar for å diskutere spørsmål om bustad og bumiljø med tanke på å betre busituasjonen.

Flyktingane bur i integrerte byggefelt, og trivast i bumiljøet. Over halvparten ønskjer å bli buande i busetjingskommunen. Flyktingane ser ut til å ha stor grad av felles preferansar og behov, trass ulik bakgrunn, situasjon og livsfase. Oppleving av tilhørighet og fellesskap ser ut til å vere det sterkaste behovet og preferansen, uavhengig av tilknytning til arbeid eller kvalifisering i introduksjonsprogram. Nettverk er det som gir bulyst i ein kommune, og tilgang til nettverk ser ut til å vere den viktigaste enkeltstående faktoren. Studien viser at bulyst og trivsel skapast i dei nære relasjonar.

Med utgangspunkt i studien anbefaler Hanche-Dalseth, Bergen og Aarflot meir interkommunalt samarbeid, større andel kommunalt drivne asylmottak, opprette tilskuddsordning til buveiledning, tilskotsordningar for flyktingar, meir fokus på å få flyktingar i arbeid, gjennom tettare samarbeid mellom NAV og det private næringslivet. Dette kan i følge forfatarane medvirke til auka trivsel, meir integrering, redusert sekundærflytting, meir økonomisk lønsamt bustadsosialt arbeid og at Husbanken sine tilskotsordningar i større grad kjem flyktingane til gode.

Ingun Klepp (2003) har i sin studie av somaliske og afghanske flyktingar studert korleis desse flyktinggruppene opplever å leve og bu i ein bygde- og ein bykommune i Møre og

Romsdal. Bygdekommunen er valt med bakgrunn i at dette er ein kommune med typiske distriktsutfordringar når det gjeld næringsgrunnlag og busetjing. Det er også ein kommune som gjennom offentlege tiltak og prioriteringar har satsa nokså omfattande på integrering av etniske minoritetar. Studien set fokus på kva sider ved lokalsamfunnet som er dei viktigaste føresetnadane for trivsel og integrasjon og korleis bygd og by skil seg frå kvarandre i høve til integrasjonsprosessen. Spesielt ønskjer Klepp å auke kunnskapen om korleis distriktskommunane kan legge til rette for attraktive miljø for busetting og integrering av flyktningar.

I samband med evalueringa av fylkesdelplan for likestilling 2000- 2003, ”Likestilling og mangfald”, blei det avdekka at ein generelt har mangel på kunnskap om innvandrarak og flyktningar i Møre og Romsdal.

I undersøkinga legg Klepp vekt på å få fram minoritetane sitt syn på eigen livssituasjon og kva dei ser på som viktige faktorar i ein integrasjonsprosess. Dette er grupper som i mange samanhengar kan ha vanskar med å kome til orde, ikkje minst i ein offentlig diskusjon om integrering, samstundes som mange andre grupper, som kommunalt tilsette, politikarar og media kan ha sterke oppfatningar om korleis situasjonen deira er – og bør vere.

Metodisk er datainnsamlinga basert på ein kombinasjon av kvalitative djupneintervju, deltakande observasjon og to periodar med feltstudiar i kvar av kommunane i perioden mars – mai 2003.

Funn i undersøkinga kan tyde på at djup og varig integrasjon dreier seg om trivsel i kvardagen. Trivsel dreier seg òg om å få vere saman med menneske som er glade i ein, og verdset ein for den personen ein er. Klepp si oppfatning er at for mange handla det om eit liv på søk etter meining, og om å bli sett og verte respektert. Observasjonar kan tyde på at for flyktningar som for etniske nordmenn, er det å kjenne seg fri ofte knytt til det å vere sjølvhjelp, både økonomisk og funksjonelt. I studien kjem det fram at få av flyktningane ønskjer å flytte fordi staden er for liten. Dersom nokon ønskja å flytte var det på grunn av mangel på arbeid eller dårlege utsikter til arbeid. Flyktningane fortel at det å ikkje vere i arbeid kan bli sett på som eit større stigma på bygda enn kva det kan vere i bysamfunn.

Eit viktig funn er at folkelege mytar med kategoriske påstandar om at ”flyktningar” har kome hit for å snylte på staten gjennom sosialhjelp, kan tilbakevisast som grunnlause. For informantane var det å vere sosialhjelpsmottakar minst like problematisk som for nordmenn flest. Undersøkinga tyder på at likskapsideologien framleis står sterkt i lokalsamfunna våre, og at framandfrykt og skepsis til ”dei andre”, og ikkje minst til ”dei verkeleg framande”, kan synest å vere av ein slik karakter at det er vanskeleg for minoritetsgruppene å bli inkludert. I følgje informantane til Klepp er relasjonane mellom lokalbefolkninga i bygdesamfunn gjerne prega av sosial kontroll og moralske fellesskap. Mange flyktningar synes det var vanskeleg å ta del i desse fellesskapa. Fleire av informantane brukte omgrepet ”befriande” om livet i byen, fordi der kunne dei vere annleis utan å vekkje merksemd på gata.

Introduksjonslova som vart sett i verk frå og med 1. september 2004, framstår i lys av denne undersøkinga som ei reform med eit positivt forteikn. Forfattaren skriv at det likevel ikkje er sikkert at det er mogleg å gjennomføre lova i tråd med intensjonane. Ei hindring kan verte praksisplassar og arbeid, der flyktningane ofte blir satt inn i dei konjunkturavhengige arbeidsplassane.

I følgje funna til Klepp står begge kommunane som vart studerte ovanfor utfordringar, som i særleg grad kan koplast til arbeid og deltaking på ulike fellesarenaer for majoriteten og av minoritetsgruppene. Dette krev både målretta tiltak og haldningsarbeid.

2.6 Avslutning

I dette kapitlet har eg teke for meg nokre begrepsdiskusjonar, teoriar om nettverk og sosial kapital og push, pull og stay-faktorar, og drøfta generell forskning om innvandrarar og flyktningane sin situasjon. Vidare har eg gått inn på fem studiar som meir spesifikt har fokusert på flyktningar og innvandrarar sin integrasjon og trivsel på små stadar.

Ved gjennomgang av tema som integrasjon, sosiale nettverk og rasisme og diskriminering kan det verke som at det er vanskeleg for utanforståande å få innpass i det norske samfunnet og i ulike lokalmiljø. Årsaka til eg diskuterer integrasjon, sosiale nettverk og diskriminering er at det er interessante begrep i forhold til nyankomne i samfunnet. Hovudfokuset mitt i denne oppgåva er å studere kva som er avgjerande for at flyktningane skal trivast i kommunen, og finne ut om dei kunne tenkje seg å bli buande der i framtida. For å få innsyn i flyktingane sine

standpunkt må eg gå inn på deira synspunkt med omsyn til tema som integrasjon, diskriminering og sosiale nettverk. Utan arbeid og sosiale nettverk vil det verte vanskeleg å få innpass i samfunnet, og ein blir ikkje kjend med lokalmiljøet på ein god måte. Ved hjelp av utvalde forskningsartiklar frå tidlegare forskning om flyktningtematikken i Noreg, ønskjer eg å gå djupare inn på dei tema som eg no har teke opp. Er det slik at flyktningane trivast i kommunane dei har blitt busett i, og kva er årsaka til dette? Har flyktningane like moglegheiter som majoriteten i samfunnet til å skaffe seg bustad og arbeid? Er det lett å kome i kontakt med lokalbefolkninga, og har nokon vore borte i former for diskriminering? Dette, og fleire tema, vil bli drøfta i det følgjande. Først, eit blick på kva forskingsmetode eg har valt å bruke i denne oppgåva.

3. Metode

3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg gjere greie for metoden eg har teke i bruk i denne oppgåva. Eg har intervjuet 11 flyktningar, 7 kvinner og 4 menn, om deira haldningar til det å bu i ein distriktskommune på Vestlandet. Eg har også hatt samtalar med næringsjefen i [kommunen], samt ansatt ved frivillighetssentralen og innvandrarkontoret i [kommunen]. Det er midlertidig intervjuet med dei elleve flyktningane eg vil fokusere på i mi analyse. I dette kapitlet vil eg ta opp utfordringar eg har møtt gjennom arbeidsprosessen, som tilgang på informantar, intervjuing og transkribering. Eg vil ta opp utfordringar omkring etiske omsyn og elles andre problem som har dukka opp i løpet av arbeidet med masteroppgåva mi. Avslutningsvis vil eg ta opp oppgåva sin reliabilitet, validitet og overførbarheit.

3.2 Val av metode – kvalitativ metode

Målet med denne oppgåva er å studere korleis flyktningar oppfattar det å bu i ein distriktskommune i Noreg, både med tanke på trivsel og framtidsutsikter. For å få best innsikt i informantane sine opplevingar, valte eg å ta i bruk den kvalitative forskingsmetoden, ettersom dette er best eigna for denne typen informasjonsinnhenting. Den kvalitative forskingsmetoden prøver å forstå subjektet ut i frå deira eigen ståstad og gå inn i deira verkelegheitsforståing (Kvale og Brinkmann 2009: 1). Ei kvalitativ tilnærming gir grunnlag for å oppnå ei forståing av sosiale fenomen på bakgrunn av fylldige data om personar og situasjonar, og kvalitative metodar eignar seg godt til å studere personlege og sensitive emne, som kan omfatte private forhold i personane sine liv (Thagaard 2002).

Observasjon og intervju er dei to mest brukte metodane innanfor den kvalitative forskningsforma. I dette prosjektet har eg valt å bruke intervju som metode.

Intervjuundersøkingar er særleg eigna til å gi informasjon om personar sine opplevingar, synspunkt og sjølvforståing (Thagaard 2002: 12). Formålet med eit intervju er å få fylldig og omfattande informasjon om korleis andre menneske opplever sin livssituasjon (Thagaard 2002). Dei som vert intervjuet kan fortelje om korleis dei opplever sin livssituasjon og korleis dei forstår sine erfaringar (Thagaard 2002: 12). Eit særpreg ved informasjonen frå intervju er

at hendingane som vert skildra er gjenforteljingar av hendingar, og dei vert difor prega av informanten si forståing av kva han eller ho har opplevd (Thagaard 2002: 83).

3.3 Val av case

Årsaka til at eg valde den bestemte kommunen som studiestad er at eg har ein viss kjennskap til staden frå før, og at eg tenkte det kunne vere interessant å studere trivsel blant flyktningar i denne kommunen. Eg har lese fleire artiklar på førehand om integrasjon av flyktningar i kommunen, og har tenkt at dette kunne vere interessant å studere nærmare i ei eventuell masteroppgåve. Tilsette ved kommunen var også svært hjelpsame då eg fortalte dei om prosjektet, og hjalp meg med å skaffe informantar, og tre av dei stilte også sjølv opp på intervju. Geografiske omsyn var altså ein av årsakane til eg valde kommunen som studiestad. Ideelt sett kunne det vore interessant å gjennomføre ein komparativ studie av fleire kommunar som er gjort av nokre av dei eg drøfta i forrige kapittel, men dei økonomiske og tidsmessige rammene for mi masteroppgåve tillot ikkje det.

3.4 Utvalet

Då eg laga prosjektskissa mi var eg oppteken av at eg ønskja ei spredning i utvalet mitt med hensyn til alder, kjønn og familiesituasjon, slik at eg kunne få eit mest mogleg nyansert bilete av situasjonen til flyktningar i kommunen. Ut i frå mine forusetjingar, med tanke på språk og midler til å betale for ein tolk var det nødvendig for meg at informantane som skulle vere med i mitt prosjekt måtte kunne beherske norsk eller engelsk. For å få tak i informantar tok eg kontakt med både [kommunen]-Røde Kors, frivillighetssentralen og innvandrarkontoret i [kommunen]. Alle var positive til mitt prosjekt og ein ansatt ved innvandrarkontoret gav meg kontaktdetaljane til ei kvinne i 40-åra frå Eritrea. Ho viste seg å bli ein ”dørøpnar” for meg. I oktober reiste eg to veker på feltarbeid til [kommunen]. Kvinna frå Eritrea var behjelpelig med å skaffe meg informantar. Eg fekk beskjed om at ho jobba på omsorgssenteret og som tolk i [kommunen]. Kontaktpersonen min var svært gjestfri, og sa at eg kunne utføre nokre av intervjuane heime hos henne. Dette takka eg ja til, og denne ramma er noko eg vil drøfte seinare i kapitlet.

Då eg kom til kommunen for å utføre mine intervju, var kvinna frå Eritrea den første eg var i kontakt med. Vi møttest på ein kafe i sentrum av kommunen, der eg fortalde henne om

prosjektet mitt og kva eg ønskja å få ut av intervju mine. Eg fortalte også at eg ønskja spreiding i intervjumaterialet, med tanke på kulturell bakgrunn, kjønn og alder. Eg viste også kontaktpersonen min intervjuguiden, og eg hadde på ein måte eit prøveintervju med henne då vi sat på kafeen. Allereie på kafeen begynte vi å snakke om kva for informantar som kunne vere aktuelle, og ho begynte å ringe rundt og avtale møte for meg, møte som ville skje i løpet av dei to neste vekene. Eg hadde mykje som skulle gjennomførast på desse fjorten dagane. Kontaktpersonen min var difor til stor hjelp for meg, sjølv om eg ser at det kan knyttast metodiske utfordringar til at eg brukte henne som kontaktformidlar. Sidan kontaktpersonen min verkar som eit slags bindeledd for flyktingane i kommunen, følte eg ikkje at dette var eit stort problem i dette tilfelle. Eg merka at kontaktpersonen min hadde eit stort nettverk allereie då vi sat på kafeen i sentrum, for då var det både nordmenn og flyktingar som kom bort og skulle helse på henne. Det var tydelig at ho var godt likt blant lokalbefolkninga og at ho gjorde seg bemerkta.

Det viste seg at det var lettare for henne å få kontakt med enkelte etniske grupper enn andre, og ikkje overraskande var det spesielt lett for henne å finne tak i kvinner frå Eritrea. Eg har imidlertid fått tak i menn og kvinner frå andre land også. Eg har teke med alle intervju, sjølv om enkelte intervju er meir interessante enn andre, både med tanke på kvalitet på intervjuet og språkleg kompetanse.

Mine informantar var på intervjutidspunkta frå 18 til 46 år og hadde alle gode norskkunnskapar, bortsett frå to, som gjerne ville ta delar av intervju på engelsk. Informantane hadde budd i [kommunen] alt i frå eit halvt år til 5 år og var i frå 6 ulike land: Eritrea (5), Kongo (2), Somalia (1), Afghanistan (1), Iran (1) og Sudan (1). Minuset med mitt utval er at eg ikkje har intervju nokon unge menn på rundt 18-20 år. Kontaktpersonen min i [kommunen] hadde kome i kontakt med ein ung mann, men han var berre 17 år og han budde dessuten i nabokommunen. Han ville difor ikkje passe inn i målgruppa mi. Ein må vere over 18 år og myndig, for at eg skal kunne intervju dei til mitt prosjekt på grunn av etiske prinsipp.

Som sagt tidlegare, har eg fått hjelp for å kome i kontakt med informantar. Repstad (2007) diskuterer bruken av slike kontaktformidlarar. Eit forhold er at kontaktformidlarane har ein oversiktskunnskap som forskaren ikkje har, eller at forskaren ikkje kan gå direkte rundt i miljøet og vurdere moglege kandidatar for intervju. I mitt tilfelle kjente kvinna frå Eritrea

godt til flyktningmiljøet i kommunen, ettersom ho hadde budd der i fleire år og ho hadde god kontakt med både lokale og flyktningar i kommunen. Repstad peikar på at eit metodisk problem med kontaktformidlarar kan vere dersom dei har leiarposisjonar, fordi dei bevisst eller ubevisst kan ønskje å styre utvalet, for eksempel ved å anbefale dei flinkaste ansatte, dei mest fornøgde klientane og dei kollegaene som er mest einige med leiaren. Eg vil ikkje seie at dette var tilfelle i mitt prosjekt. Kvinna frå Eritrea jobba som tolk, og i omsorgstjenesta og hadde eit stort kontaktnett, men ho var ikkje leiar av ein institusjon, slik som Repstad viser til i sitt eksempel.

3.5 Innsamling av data

I forkant av intervjuet utarbeida eg ein intervjuguide, der eg skreiv ned dei tema eg ønskja å ta opp i løpet av intervjuet (sjå vedlegg). Intervjuguiden avgjer rekkjefølgja av tema som intervjuaren søkjer informasjon om (Thagaard 2002). Thagaard peikar på at ettersom kvalitative intervju gjerne omfattar personlege tema som krevjer fortrulegheit for at informanten skal opne seg, kan rekkjefølgja av tema vere avgjerande for korleis intervjuet skal arte seg. Det er i følge Thagaard ein fordel å starte med nøytrale emne som det er lett å svare på, for deretter å nærme seg meir emosjonelt lada emne og avslutte med meir nøytrale tema. Dette rådet fulgte eg. Eg starta med nøytrale tema som tok for seg personleg bakgrunn, utdannings- og yrkeserfaring, kor lenge dei hadde budd i landet og korleis familiesituasjonen til informantane var. Eg ønskja ikkje å bringe opp årsaka til kvifor dei flykta, men det var likevel fleire av informantane som tok opp dette sjølve. Særleg ved eitt intervju blei dette emosjonelt, då informanten hadde ei svært sterk historie å fortelje frå sitt heimland. Her var det viktig å gi informanten tid, slik at ho kunne kome seg til hektene igjen når ho følte dette var passande. Vidare, gjekk intervjuet meir over til tema som omhandla situasjonen i kommunen, med omsyn til jobbmoglegheiter, språk, trivsel, nettverk, religiøse samankomstar, frivillige aktivitetar og inntrykk dei hadde av nordmenn. Til slutt avslutta eg intervjuet med å høyre om kva framtidsplanar dei hadde. Eg ønskja å finne ut om dei ville bli buande eller flytte til andre stader i landet. Då vi hadde avslutta intervjuet spurte eg også om informantane kunne skrive ned mobilnummer og mailadresse på eit papir, dersom eg hadde nokre spørsmål i ettertid. Eg sa også at eg kunne sende dei prosjektet etter at det var ferdigskrive. Dette var det fleire som var interessert i.

Eit mål ved intervjusituasjonen er som nevnt i følge Thagaard å skape ein tillitsfull og fortruleg atmosfære som kan bidra til at informanten åpnar seg om dei tema som intervjuaren ønskjer informasjon om (Thagaard 2002: 93). Å ta regi over intervjusituasjonen inneber å utforme kontakta med informanten på ein slik måte at han eller ho føler seg trygg og har lyst å fortelje om seg sjølv. Det er viktig å vise støtte og sympati for å bidra til å skape ein fortruleg situasjon. Dette gjeld særleg i forhold til spørsmål om tema som er problematiske for informanten. Det overordna målet i intervjusituasjonen er at informanten føler at atmosfæren er tillitsskapande og fortruleg (Thagaard 2002: 94).

Thagaard (2002) hevdar at betydninga av kjønn kan spele ei rolle i intervjusituasjonen. Lundgren (1993) i Thagaard tek opp kjønnsdikotomiseringa som kan oppstå der intervjuaren er kvinne og informanten mann. Kjønnsdikotomisering vil her seie at forskjellane mellom mann og kvinne vert framheva og at mannen prøver å ta kontroll over situasjonen. Eg føler ikkje at dette har skjedd i mi oppgåve. Mennene eg intervjuar prøvde på ingen måte å kontrollere meg, men svarte på spørsmåla på akkurat same måten som kvinnene gjorde.

I og med at eg utførte intervjuar på forskjellige stader, var intervjusituasjonane noko forskjellige. Eg intervjuar tre av dei unge kvinnene på kafe, og her følte eg verkeleg at eg kom godt inn på historiene deira. Dei opna seg og fortalte meg mange interessante historier frå deira liv. Det var også desse intervjuar som var blant dei lengste, noko som kan forklarast med at samtalen mellom oss gjekk lett og eg hadde mange oppfølgingsspørsmål. På slutten av intervjuar sat eg igjen med kjensla av at eg verkeleg ønskja å få vite korleis det kjem til å gå med desse jentene i framtida. Årsaka til at vi fekk så god kontakt kan vere at alle desse informantane var kvinner og at det ikkje var så stor aldersforskjell mellom oss. Sjølv om eg ikkje har opplevd det same, kunne eg setje meg inn i situasjonen deira og prøve å forstå korleis dei hadde det. Dei andre intervjuar vart utført heime hos min kontaktperson, heime hos ein informant, på eit bakeri og på biblioteket. Det var stor forskjell på informantane med omsyn til kor lenge dei prata og kor utfyllande informasjon dei gav meg. Nokre var gode i norsk, medan andre hadde utfordringar med å ordleggje seg på ein god måte. Dette var med på å skape litt utfordringar. Det kan hende nokre av informantane sat inne med viktig informasjon som dei ikkje fekk ut på grunn av språkvanskar. Dette er viktig å merke seg. Det var spesielt ved nokre av intervjuar som eg utførte heime hos min kontaktperson der var nokre vanskar med språket. Intervjuar som vart utført her var gjerne med dei personane som var mest usikre på det norske språket. Nokre spurte kontaktpersonen om hjelp til enkelte ord, medan

andre svarte ganske kort på mine spørsmål. Dette gjaldt ikkje alle informantane. Eg intervjuar John frå Kongo heime hos kontaktpersonen min, og han hadde svært mykje på hjartet. Dette vart eit langt intervju og her var det ingen språkproblem inne i biletet. Sjølv om nokre intervju vart ”betre” enn andre, hadde eg likevel ein intervjuguide som eg fulgte og vi gjekk alle igjennom dei same spørsmåla. Det er ikkje enkelt å få like god kontakt med alle informantane, då spesielt dersom enkelte er svakare i språk enn andre. Alt i alt, prøvde eg å gjere intervjusituasjonen så komfortabel for informantane som mogleg, slik at det vart ei roleg atmosfære oss i mellom.

Eg tok opp alle intervjuar med eit opptaksprogram på datamaskina, med førehandsgodkjenning frå mine informantar. Eg gjennomførte alle intervjuar sjølv, men i enkelte av intervjuar var kontaktpersonen min frå Eritrea innanfor nær rekkevidde. Årsaka til dette var at nokre av informantane følte seg usikre med omsyn til sine eigne språkferdigheiter. Fleire av mine informantar ville altså ha med kvinna frå Eritrea når eg skulle intervjuar dei. Eg trur nok at dette var for at informantane følte ho var ein form for trygghet. Kvinna frå Eritrea heldt seg hovudsakeleg på kjøkkenet, medan eg utførte intervjuar i stua hennar. Ho blanda seg ikkje inn i intervjuar, anna enn når ho måtte hjelpe litt til når informantane ikkje skjønnte kva eg spurte om. Eg føler ikkje at kvinna frå Eritrea var med på å påverke svara til mine informantar. Vi bestemte oss for at kontaktpersonen kunne vere tilgjengeleg på kjøkkenet, medan eg og informanten utførte intervjuet i stua. Kjøkkenet og stua var i to separate rom, så eg opplevde ikkje at dette vart noko forstyrrende element. Eg vil heller seie at det var ein stor fordel å ha kontaktpersonen tilgjengeleg, ettersom det var enkelte ord og setningar som informantane var litt usikre på, då eg stilte dei spørsmål. Det var ikkje aktuelt for meg å leige inn ein tolk til dette studieprosjektet, ettersom eg ønskja å intervjuar informantar som beherska norsk eller engelsk på ein god måte. Likevel kan ein seie at kontaktpersonen frå Eritrea fungerte som ein tolk i enkelte tilfelle. Dette var nyttig både for meg og informanten. Det kan vere uheldig for intervjusituasjonen at kontaktpersonen frå Eritrea prata sitt eige morsmål med informanten i løpet av intervjuet. På denne måten kunne kontaktpersonen kome med tips til informanten med omsyn til kva svar han eller ho skulle gi, men eg følte ikkje at dette var noko vesentleg problem. Kontaktpersonen var mest behjelpelig ettersom det var ord som var vanskelege å forstå for informanten. Det var ikkje snakk om at kvinna frå Eritrea kom og deltok under intervjuet.

Etter dei første intervju oppfatta eg kva spørsmål som fungerte og kva spørsmål som ikkje fungerte like godt. Eg fann også ut at eg ønskja å supplere intervjuguiden med eit avslutningsspørsmål, om kvifor dei ønskja å stille opp på intervju. Eg lærte i løpet av intervjusituasjonen at eg vart tryggare i rolla mi etterkvart, og at det var nyttig å lausrive seg litt frå intervjuguiden som eg hadde utarbeida på førehand. Alle intervju føregjekk i kommunen i løpet av to veker, hausten 2012. Eg budde hos personar eg kjende i kommunen, så eg hadde gåavstand til sentrum, der eg utførte flesteparten av mine intervju. Dette var svært praktisk. Eitt av intervju føregjekk heime hos ein av informantane. Det var nok dette intervjuet som hadde dårlegast kvalitet då eg skulle transkribere intervjumaterialet. Årsaka til dette var bakgrunnsstøy frå tv'en, ettersom borna til informanten var opptekne med å sjå på barneprogram. Eg kunne sjølvstøtt spurt om han kunne skru av tv'en, eller om vi kunne flytte oss til ein annan stad, men eg følte ikkje dette ville vere særleg høfleg. Det gjekk bra å transkribere intervjuet, på tross av bakgrunnsstøyen. Det siste intervjuet føregjekk på biblioteket i kommunen. Ein kan spørje seg om det ikkje vert problematisk å utføre eit intervju på eit bibliotek, sidan dette skal vere eit "stille område". Dette problemet løyste vi ved at bibliotekaren sa vi kunne låne eit rom som var avgrensa frå resten av lokalet. På den måten kunne vi utføre intervjuet utan å vere redde for å forstyrre dei andre besøkjande. Eg vil seie at intervju eg utførte på biblioteket og på den eine kafeen var best, ettersom der ikkje var nokon former for forstyrringar. Det var som sagt informantane som valde ut dei ulike stadane vi skulle utføre intervju på, ettersom eg ønskja at dei skulle føle seg mest mogleg komfortable i intervjusituasjonen.

Ei viktig målsetjing med kvalitative intervju er å gå i djupna på dei tema som det er ønskjeleg å få informasjon om (Thagaard 2002: 86). Det er viktig å stille spørsmåla på ein måte som inviterer informanten til å reflektere over tema dei blir spurt om og gi fyldige svar (Thagaard 2002: 86). I denne situasjonen som Thagaard skildrar, møtte eg på ei utfordring i intervjusituasjonen. Som nevnt tidlegare var nokre av intervju betre og meir interessante enn andre. Dette kan ha fleire forklaringar. Nokre av informantane mine var usikre på det norske språket, og svarte på spørsmåla med relativt korte formuleringar. Eg følte at enkelte av informantane ikkje skjønna alle spørsmåla mine heilt, og svara på måtar som dei "forventa" var riktige. Døme på dette var ein mannleg informant frå Eritrea som var svært positiv og kortfatta gjennom heile intervjuet. Han hadde berre positive ting å seie om Noreg, kommunen og dei folka han hadde møtt. Andre igjen, gav svært utfyllande svar på mine spørsmål og hadde ikkje nokon problem med å greie ut om sine livshistorier. Det var også nokre av

informantane som eg fekk særleg god kontakt med, og som eg følte var spesielt gode intervju. Dette var spesielt dei unge kvinnene. Dei var gode å formulere seg og dei gav fleire detaljerte forteljingar frå sine heimland og korleis dei har hatt det etter at dei kom til Noreg. Det å få kjennskap til livet deira gjer at ein blir betre kjent med informantane og ein føler som intervjuar at dei blir oppretta ei god kontakt. 18 år gamle Georgia frå Afghanistan var ein av dei informantane som gjorde spesielt inntrykk på meg. Ho var takknemleg for at ho vart spurt om å stille opp på intervju, og ho følte det var viktig å formidle si historie vidare til nordmenn. Hennar sterke bakgrunnshistorie frå heimlandet, gjorde at intervjuet vart særleg spesielt. Ikkje alle informantane gjekk så grundig inn på historiene frå heimlandet som Georgia gjorde. Eg spurte heller ikkje om denne informasjonen, sidan dette er svært sensitive tema for informantane. Georgia kom altså inn på dette temaet sjølv, og det var vanskeleg for både meg og informanten å holde følelsane tilbake under dette samtaletemaet.

3.6 Behandling og analyse av datamaterialet

Etter at intervjuet var utført, transkriberte eg dei alle fullt ut så langt som mogleg. Dette kan betraktast som første del av analysearbeidet. Transkriberingsarbeidet var svært tidkrevande, ettersom alle dei tolv intervju mine varte i rundt 45 minutt. Eg kunne likevel ikkje vore forutan dette arbeidet, ettersom det var svært nyttig å ha intervjuet skriftleg når eg skulle kategorisere og analysere intervjumaterialet. Når det gjeld transkriberingsarbeidet og bruk av sitat har eg valt å skrive sitata på det språket eller den dialekta som informanten måtte ha. Dette har eg gjort for å skape eit mest mogleg realistisk bilete av informanten. Eg kunne sjølvsagt ha oversatt sitata til bokmål eller nynorsk, men eg følte dette ville ta vekk ein del av ”stemma” til informanten. Eg synes det er best å gi ein mest mogleg truverdig beskrivelse av informanten og på dette grunnlaget har eg altså ikkje oversatt sitata til informantane på nokon måte. Når eg har slått saman to sitat, gitt av same informant, har eg brukt tre punktum og ”klammer” for å vise til denne pausa.

Pål Repstad (2007) har ein diskusjon rundt bruk av lydband, der han skildrar fordeler og ulemper med bruken av dette. Repstad hevdar at fordelane ved bruk av lydband er mange. Intervjuaren kan konsentrere seg om kva respondenten seier, og slepp å bruke tid på å skrive. Viss ein tek notat under intervjuet, er det mange ting som skal ivaretakast samtidig. Repstad seier at måten ting seiast på er utruleg viktig. Dette vil ein få med seg dersom ein brukar bandopptakar. Vidare fortel Repstad at det i analysefasen er ein stor fordel å ha heilt ordrette

gjengivingar frå intervjuet, utan filtrering som notat og hukommelse representerer (Repstad 2007: 84). Ein annan fordel ved lydband er at ein kan høyre igjennom intervjuet. Personleg, er eg svært glad for eg tok opp alle intervjuet på lydband og transkriberte dei etterpå. Det var ingen av informantane som ikkje ønskja at eg skulle bruke lydopptakar då eg spurde dei om dette. Eg hadde fått tak i ein bandopptakar som var veldig liten og anonym, så dette gjorde at informantane nesten ikkje la merke til den. Då eg skulle transkribere intervjumateriale måtte eg gjentatte gongar høyre på ord og setningar opp til fleire gongar. Dette var fordi nokon snakka utydeleg og andre gongar var det bakgrunnsstøy. Når eg skal ta med sitat i oppgåva er det svært viktig at eg får sitata så nøyaktige som moglege. Dette, for å presentere informanten på ein så truverdig måte som mogleg. Hadde eg berre teke notatar under intervjuet, ville det vore umogleg å få med seg alt som hadde blitt sagt av informantane. For meg har altså bandopptakaren vore ”gull verdt”, og eg støyta ikkje på nokon problem ved bruken av denne. Repstad hevdar at ulempen ved lydopptak er at nokon respondentar nærmast er allergiske mot det (Repstad 2007: 85). Dei blir hemma, og situasjonen blir kunstig. Som sagt tidlegare, opplevde eg ingen problem med bruken av lydopptak i mitt prosjekt. Lydopptakaren var liten og anonym, og eg følte at informantane ikkje brydde seg om at den var der. Den låg berre på bordet, som ein rekvisitt.

3.7 Analytisk tilnærming

Eg starta analysearbeidet med at eg las igjennom alle intervjuet fleire gongar, for å setje meg godt inn i datamaterialet. På den måten fekk eg sjå kva tema som informantane fokuserte mest på og kva tema som var mindre interessante for problemstillinga mi. Eg delte datamaterialet inn i ulike kategoriar, som: Jobb og bustad, trivsel blant flyktningar i kommunen og kulturforskjellar. Deretter samla eg sitata til informantane under dei ulike kategoriane, for å få eit mest mogleg heilheitleg innblikk i situasjonen til flyktningane. Det å kategorisere datamaterialet var til stor hjelp for meg, og eg fekk ei god oversikt over dei tema som eg ønskja å ta med i oppgåva. Etterkvart som eg byrja å skrive analysene mine, måtte eg fleire gonger gå tilbake til empirien for å sjekke og finne ut ting. Denne runddansen gjekk i fleire rundar der eg jobba med teori og tidlegare forskning og spørsmål som den metodiske litteraturen reiste for eksempel med tanke på kvaliteten på intervjuguiden og korleis dette var avhengig av kor intervjuet fann stad og kven som intervjuet. Dette dreide seg om ein refleksjonsprosess som også omfatta meg sjølv og mi rolle som forskar.

Datamaterialet mitt er stort og omfattar også tema som eg ikkje har valt å fokusere på i oppgåva. Døme på dette er matvanar, morsmål og høgtider som jul og påske. Det kunne sjølvsagt vore interessant å teke med desse tema i oppgåva, men desse tema har ikkje så stor relevans ovanfor det eg ønskjer å studere i oppgåva. Eg føler eg har klart å fokusere på dei mest viktige tema i datamaterialet, når det gjeld kva som er relevant ovanfor mi problemstilling.

3.8 Vurdering av datamaterialets kvalitet

Å tolke resultata av ei undersøking inneber å reflektere over meiningsinnhaldet til data. I følge Thagaard, (2002) krevjast det ei nytenkning omkring omgrepa reliabilitet, validitet og generalisering, som egentlig er knytta mot kvantitativ forskning. Når eg skal vurdere datamaterialets kvalitet, har eg valt å bruke omgrepa truverdigheit, validitet og overførbarheit. Dette, fordi eg synes omgrepa er passane for å vudere datamaterialet.

Truverdigheit er knytta til om forskninga vert utført på ein tillitvekkjande måte, og det er eit viktig mål i kvalitative studier at forskninga skal oppfattast som truverdig (Thagaard 2002). Det vil seie at lesaren skal bli overbevist om at forskninga er utført på ein tillitvekkande måte. Truverdigheit kan knyttast til at forskaren gjer greie for korleis data utviklast. Dette inneber blant anna at forskaren skil mellom den typen informasjon han eller ho har fått under ”feltarbeidet”, og eigne vurderingar av denne informasjonen. Lydbandopptak frå intervju gir grunnlag for å utvikle data som i utgangspunktet er meir uavhengig av forskaren si oppfatning enn notat, der forskaren rekonstruerer utsagn og hendingar. Argumentasjon for truverdigheit inneber også at forskaren reflekterer over korleis relasjonen til informanten kan påverke den informasjonen forskaren får. Her er det viktig å merke seg forskningsprosessen og korleis den har utvikla seg. Det er også viktig å merke seg korleis relasjonen mellom forskar og informant har vore. Har relasjonen vore prega av openheit, eller har forskaren fått overflatisk og begrensa informasjon? I intervjusituasjonen er det svært viktig at informantane forstår spørsmåla på rett måte, slik at det ikkje oppstår nokon misforståelsar (Silverman 2006: 286).

Korleis forskaren vert oppfatta av informantane kan vere med på å påverke dei data som vert samla inn. Det at eg som ein utanforståande person frå majoritetsbefolkninga, kjem for å intervju flyktingar, kan føre til ulike utfordringar. Utfordringane kan vere relatert til språk, kultur og ulike haldningar og oppfatningar. Som forskar, er det viktig å vere så nøytral som

mogleg og ikkje starte ein diskusjon på grunnlag av ueinigheiter i meiningar med informantane. Her gjeld det å vere lyttande, interessert og stille interessante oppfølgingsspørsmål. Thagaard hevdar at ei lyttande haldning inneber at oppmerksomheita heilt og fullt er retta mot informanten, og at forskaren viser interesse og engasjement ved å gi respons til informanten si forteljing (Thagaard 2002: 92). Dei overordna mål i intervjusituasjonen er at informanten føler at atmosfæra er tillitsskapande og fortruleg. Desse krava prøvde eg å oppfylle på best mogleg måte. Eg har gjennom frivillig arbeid i Røde Kors Flyktningguiden vore mykje i kontakt med flyktningar, og på den måten har eg kanskje ein fordel i intervjusituasjonen. Det kan ha ført til at både eg og flyktningane vart meir rolege og avslappa, og det var også fleire tema som dei tok opp som eg kunne gjenkjenne frå tidlegare situasjonar i Røde Kors Flyktningguiden. Det er likevel viktig å påpeike at eg er ein representant frå majoritetsbefolkninga, og kan på ingen måte setje meg inn i situasjonen til flyktningane. Eg føler likevel at mitt frivillige arbeid i Røde Kors har vore med på å gjere intervjusituasjonen lettare for både meg og flyktningane. Eg vil også nemne at det oppstod betre kontakt med enkelte av mine informantar enn andre, som forklart tidlegare i kapitlet.

Med validitet eller gyldigheit meiner ein kor godt ein klarer å måle det ein hadde til hensikt å undersøkje (Silverman 2006: 289). Er det slik at studien gir svar på det som var problemstillinga i oppgåva? I ein intervjusituasjon kan ein aldri vere heilt sikker på om informanten verkeleg svarer truverdig på det ein spør om. Kva personar svarer i intervju samsvarar altså ikkje alltid med korleis situasjonen er under naturlege omstendigheiter. Her kan ein som forskar aldri vere heilt sikker, men eg har valt å stole på mine informantar og trur at dei har gitt meg svar som dei står inne for. I eitt av intervju følte eg at informanten var i overkant positiv. Personen hadde ikkje noko negativt å seie, verken om kommunen eller det norske folket, og synes alt var bra. Ut i frå historiene til dei andre informantane, synes eg det var litt rart at informanten ikkje hadde noko å setje fingaren på. Det er viktig for meg som forskar å la informantane kome med sine eigne historier og ikkje påverke dei. Eg satte difor ikkje spørsmålsteikn ved informantens positive haldningar. Thagaard (2002) hevdar at dei skildringane informanten gir, kan vere prega av korleis dei ønskjer å presentere seg sjølv i forhold til forskaren. På den eine sida kan personar ønskje å framstille seg sjølv i eit godt lys, og dei beskrivelsane informanten gir, kan uttrykkje eit ønskje om å gjere eit godt inntrykk. På den andre sida kan informanten ønskje å framheve problematiske sider ved livet sitt for å overbevise forskaren om sin vanskelege livssituasjon (Thagaard 2002: 100). Eg trur ikkje dette er tilfellet hos mine informantar. Årsaka til at nokon var litt usikre og svarte kort og

positivt på dei fleste spørsmål, var nok at dei var usikre på språket og korleis dei skulle formulere seg på riktig måte. Der var også ein annan informant som fortalte meg ei ganske utenkeleg historie som hadde hendt i helsevesenet i kommunen. Eg hadde vanskar med å forstå om informanten fortalte sanninga eller ikkje, men igjen, valte eg å stole på informanten. Eg har likevel ikkje tatt med historia i analysematerialet, sidan det ikkje er relevant for mi problemstilling. Thagaard hevdar at posisjonering i forhold til det miljøet som studerast, har betydning for tolkninga forskaren kjem fram til. Om forskaren i utgangspunktet er knytta til det miljøet som studerast, eller er ein utanforståande, har betydning for den forståinga forskaren utviklar i løpet av prosjektet. Under temaet validitet og gyldigheit kan det også vere nyttig å ta opp flyktningane sine tankar rundt rasisme, diskriminering og den norske veremåten. I mitt materiale var det kun to av flyktningane som fortalte om diskriminering og rasisme. Dei sa sjølv at dei ikkje hadde vore utsatt for rasisme, men historiene dei fortel kan minne om liknande tilfelle. Det kan hende flyktningane ser på rasisme og diskriminering som ubehagelige tema som dei ikkje ønskjer å ta opp. Det kan også hende at informantane mine har opplevd dette på kroppen i mykje sterkare grad enn det som det vil vere snakk om her, og difor ser dei ikkje nytta av å prate om det. Det er også viktig å merke seg at eg ikkje tok opp spørsmål om rasisme og diskriminering i intervjuguiden. Hadde eg teke med dette, kunne det vore fleire av informantane som ville ha fortalt om fleire episodar rundt dette temaet. Det er også verdt å merke seg at eg berre har intervjuar flyktningar i kommunen og ikkje majoritetsbefolkninga. Eg veit difor ikkje kva majoritetsbefolkninga i kommunen meiner om rasisme, diskriminering og den norske veremåten.

Når det gjeld overførbarheit, er spørsmålet om den tolkninga som utviklast innanfor ramma av eit prosjekt, også kan vere relevant i andre samanhengar (Thagaard 2002: 184). Det er forskaren som argumenterer for at ei tolkning basert på ein enkeltstående studie kan vere relevant i ein større samheng. Overførbarheit dreier seg om funna har gyldigheit utover utvalet og er relevant i andre situasjonar. Ei viktig målsetjing er at tolkninga skal ha relevans ut over det enkelte prosjekt. Forskaren må argumentere for at dei betingelsane som bidreg til at ei tolkning basert på studier har relevans i ein samheng, også kan ha relevans i andre samanhengar.

I teorikapitlet tok eg opp tidlegare forskning som har vorte gjort på flyktningar i Noreg. Spørsmålet er om nokre av mine funn er samanfallande med funna som har blitt gjort i tidlegare forskning. Dette er noko som eg vil kome tilbake til i avslutningskapitlet.

3.9 Ethiske refleksjonar

Før eg byrja på sjølve masteroppgåva, var det naudsynt å sende prosjektbeskrivelsen min til Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste (NSD) for godkjenning. Dei tek føre seg person og datavern og vegleiar studentar og forskarar i forhold til datainnsamling, dataanalyse, metode, personvern og forskningsetikk.

Ved bruk av den kvalitative forskningsmetoden kjem ein ganske nær inn på menneske og deira livshistorier. Mange av informantane fortalte meg svært personlege historier frå sin barndom og om flukta på veg til Noreg. I ein intervjusituasjon er det forskaren som leiar intervjuet og forskaren som kan "bestemme" korleis informanten skal framstå i det ferdige produktet. I følgje Kvale og Brinkmann (2009) er det ein klar asymmetri i intervjusituasjonen, der forskaren set med makta både undervegs og i etterkant av intervjuet. I starten av alle intervjua var det viktig for meg å gjere informantane mest mogleg fortrulege med meg. Eg fortalte dei om hensikta med oppgåva. Etersom fleire av informantane gir meg sensitiv informasjon om sine liv, var det svært viktig å behandle dei med respekt. Eg gav dei beskjed om at intervjua ville bli sletta etter at eg var ferdig med oppgåva, innan utgangen av 2013.

Då eg arbeida med å få tak i informantar til mitt prosjekt, sendte eg informasjonsskriv om prosjektet og intervjusituasjonen til innvandrarkontoret i kommunen. Informasjonen vart også gitt til kvinna frå Eritrea som viste seg å skulle verte min "døropnar" i dette prosjektet. Informantane vart også opplyste om prosjektet frå meg, og eg sa at dei kom til å verte anonymiserte og at det ikkje skulle vere mogleg å kjenne dei igjen når oppgåva var ferdig skriven. Eg opplyste også om at dei kunne trekkje seg frå prosjektet når dei ville før oppgåva blir levert inn. Det verka som om nokre av informantane ikkje forstod heilt kvifor eg skulle intervju dei. Ein av informantane trudde eg var journalist, men dette avkrefta eg. Eg fortalte at eg var student i sosiologi frå universitetet i Bergen, og dette verka dei fortrulege med. Alle informantane har blitt anonymisert, og eg har funne på fiktive navn til dei. Når eg beskriv og fortel om dei ulike informantane blir dette altså gjort med eit fiktivt navn, medan alder og landbakgrunn er reelle opplysningar. Eg fekk munnleg tillatelse av mine informantar til å gjere det på denne måten.

Ein av mine informantar var særleg bekymra for at han eller ho skulle verte gjenkjent. Dette på grunn av at flyktningar frå heimlandet til personen, i følgje personen sjølv, har ein tendens

til å halde ein låg profil i kommunen. Dette merka eg sjølv, då det var vanskeleg å skaffe informantar med bakgrunn frå dette landet. Dette gjorde det berre enda klarere for meg å sjå at eg burde anonymisere både kommunen og personane som eg intervjuar. Det er ulike praksisar med omsyn til anonymisering av studier i kvalitative undersøkingar. Som vist i forrige kapittel er det fleire av forfatarane til studia som hadde valt å anonymisere sine studiekommunar og intervjuobjekt.

Thagaard viser til at det i metodelitteraturen vert diskutert om det er forskaren eller informanten som har rett til tolkninga av data (Thagaard 2002). Fordi informanten ikkje er til stades under analysa og tolkninga av data, har forskaren meir innflytelse i desse fasene av forskningsprosessen enn i løpet av datainnsamlinga. Det er ei utbredt oppfatning at forskaren sin innflytelse på utviklinga av teori gjer forskaren ansvarleg for tolkninga. I og med at forskaren studerer informanten sin situasjon utanfrå, vil forskaren sitt perspektiv som oftast vere forskjellig frå informanten si forståing av sin situasjon. Her kan det oppstå etiske problem. Fordi informanten sine opplevingar og erfaringar setjast inn i ein annan samanheng enn den som er kjent for informanten, kan forskaren sine tolkingar verke både framandgjerande og provoserande. Opplevelsen av overgrep kan vere framtrudande i tekstar der informanten kjenner seg sjølv igjen. Moglegheita for gjenkjenning er størst når resultatane presenterast som beskriving av enkeltpersonar sin situasjon. Informanten kan også oppleve forskaren sin forståelse som eit overgrep når resultatane presenterast på ein måte som dei ikkje kan identifisere seg med. Thagaard hevdar at eit etisk prinsipp som forskaren må ta hensyn til, er at informanten ikkje skal ta skade av å vere med i forskningsprosjektet. For å ikkje skape eit brot i den tillitten og openheita som pregar datainnsamlinga, er det viktig at dei tolkningane som forskaren presenterer, gir informanten ei oppleving av å ha blitt forstått av forskaren.

3.10 Presentasjon av informantar

Maria er 27 år og kjem frå Eritrea og ho har ikkje noka utdanning frå sitt heimland. Ho gifta seg då ho var 17 år og var husmor då ho budde i Eritrea. Maria har to born. Ein ung gut og ei jente i førskulealder. Mannen hennar er også frå Eritrea, men han har ikkje fått opphaldstillatelse i Noreg. Han befinn seg no i Italia og venter på at han skal få kome å bu saman med sin familie. Maria har budd i Noreg sidan mars, 2010. Maria har no jobba som vikar på omsorgsheimen i eitt år. Ho har også jobba litt i barnehage i kommunen. Før dette, gjekk ho på norskkurs i ein av nabokommunane. Begge jobbane fekk ho gjennom norske

kontaktar. Maria ønskjer å gå på skule og utdanne seg til helsefagarbeidar eller hjelpepleiar. Ho seier også at ho trivst i den jobben ho har no.

Georgia er 18 år og kjem frå Afghanistan. Ho har budd i Noreg i tre år saman med si mor, far og sine to søsken. Dei var i asylmottaket i kommunen i to år og fem månadar før dei fekk opphaldstillatelse. Georgia har ingen utdanning eller arbeidserfaring frå heimlandet fordi ho måtte vere heime saman med familien. Då Georgia var 15 år var det ein mann på 60-65 år som prøvde å kjøpe Georgia frå hennar foreldre. Georgia og hennar familie var i mot dette, og dette leia etterkvart til at dei måtte flytte. Georgia gjekk først på norskkurs i kommunen, deretter begynte ho i tiandeklasse på ungdomsskulen. Etter dette begynte ho på helse og sosial i nabokommunen. Georgia har ein draum om å bli tannlege.

Sofia er 22 år gamal og kjem frå Iran. Ho har budd åtte år i Tyrkia. På grunn av reglar sett av regjeringa i Tyrkia hadde ho ikkje rett til å studere, men måtte arbeide for å forsørge seg og sin familie. Sofia og familien hennar, med mor, far, søster og bror, har budd to år i Noreg, og kom direkte til kommunen. Ho går no på vaksenopplæring i [kommunen]. Sofia har ein kjæraste frå Iran som bur i ein av dei større byane i Noreg. Sofia har ein draum om å starte sin eigen frisørsalong, men ho seier at ho må flytte frå [kommunen] dersom dette skal bli ein realitet. Ho seier at [kommunen] er ein bra stad å bu, men at det ikkje er så enkelt å få seg jobb i kommunen.

Martha på 29 år som er frå Eritrea har ikkje nokon utdannings- eller arbeidserfaring frå heimlandet. Ho kom til Noreg i oktober i 2010. Mannen hennar, som også er frå Eritrea bur saman med dei i ei leilegheit i sentrum av kommunen. Martha har fire ungar, tre som går på barneskulen og ein liten baby, som ho er heimeverande med. Etter norskkurs, har Martha planar om å gå grunnskule og vidaregåande skule. Ho har ein draum om å studere sjukepleie etter dette. Martha og familien hennar ønskjer å bli buande i [kommunen], sidan dei trivst så godt her.

Paul på 41 år er frå Eritrea. Han har ikkje utdanning, men arbeidserfaring frå Eritrea som murar, bonde og fabrikkarbeidar. Han kom til Noreg i oktober 2011, og då budde familien hans allereie i kommunen. Paul har fire born. Tre går på barneskulen, medan ein er heime med mor si. Han er gift med Martha, som eg også har intervjuet i mitt materiale. No går han til dagleg på norskkurs, der han pendlar til saman to timar kvar vekedag. Paul har ikkje nokon

preferansar når det gjeld kva jobb han kunne tenke seg. Han seier han kan gjere kva som helst. Det viktigaste for han no er å lære norsk. Paul er open for å flytte på seg, dersom han skulle få tilbod om jobb andre stadar i landet.

Sara er 36 år og kjem frå Eritrea. Ho har arbeidserfaring frå heimlandet der ho jobba i ein butikk. Ho kom til Noreg for to år sidan saman med dei to gutane sine, som er i barneskulealder. Sara går til vanleg på norskkurs i nabokommunen. Ho har også vore tre månadar i språkpraksis på omsorgssenteret. Sara seier at ho først vil lære norsk, så vil ho byrje på grunnskulen. Ho kunne tenkje seg å byrje å arbeide på omsorgssenteret. Ho er ikkje sikker på om ho vil bu i [kommunen] i framtida. Dette har ho ikkje bestemt seg for enno.

Fatima på 29 år kjem frå Somalia og har ikkje noka utdanning frå sitt eige heimland. Ho kom åleine til Noreg i 2006, medan mannen hennar, som også er frå Somalia, kom eitt år etter. Han er tidleg i tredveåra og jobba innanfor servicebransjen i kommunen. Dei har to born saman, ei jente og ein gut i førskulealderen. Fatima går første året på helse og sosial-lina i nabokommunen. I skuleferien arbeider ho i eit vaskerifirma og på omsorgsheimen. Fatima har yrkeserfaring, ved at ho arbeidde i ein barnehage i heimlandet. Draumen til Fatima er å bli sjukepleiar.

Louisa er 41 år gammal og kjem frå Eritrea. Ho kom til Noreg i 2011. Louisa har ein gut på 20 år i heimlandet, Eritrea. Sonen bur saman med hennar familie i Eritrea. Louisa har prøvd å få han til Noreg, men myndigheitene seier dette er vanskeleg ettersom han er over 18 år. Det er også vanskeleg å kome ut av Eritrea, sidan han no skal i gang med militærtjenesta. Louisa har utdanningsbakgrunn frå ein lærarhøgskule i Etiopia. Ho har tidlegare jobba som lærar i Eritrea og Etiopia og ho har også jobba med distribusjon av matvarer for FN. Louisa er no med på introduksjonskurs i nabokommunen, samtidig som ho er i språkpraksis ved ein barneskule i [kommunen]. Louisa har sendt søknad til Nokut om godkjenning av utdanning frå heimlandet, men har ikkje fått svar.

John er 39 år gamal og ferdig utdanna sjukepleiar frå Kongo. Han gjekk på høgskule i fire år i Kongo, samt jobba på eit sjukehus i heimlandet etter studia. Han har søkt om å få godkjent utdanninga si frå heimlandet, men søknaden vart avvist. John har budd med familien sin i kommunen i fem år. Han har kone og fem gutar i byrjinga og slutten av tenåra. Først gjekk John på introduksjonskurs, så gjekk han på assistentkurs i ti månadar, og deretter starta han

med arbeidspraksis på eit omsorgssenter. Han var der i eitt år og tre månadar, før han søkte på linja helse og sosial på den vidaregåande skulen i nabokommunen, der han gjekk i to år. Han skal no gå lærlingtida si på omsorgssenteret som eigentleg er på to år, men han får den godkjend på eitt år og seks månadar, sidan han har jobba så lenge på omsorgssenteret.

Thomas på 46 år frå Kongo har også sjukepleiarutdanning og har jobba som sjukepleiar i 12 år i heimlandet sitt. Han har søkt Nokut om å få godkjent utdanninga si frå heimlandet, men fekk avslag. Han og familien hans har budd i kommunen i fem år. Thomas har kone og seks born, der den yngste går i barnehagen og den eldste går på høgskulen i eit av nabofylka. No arbeider Thomas som tilkallingsvikar på eit rehabiliteringssenter i kommunen. Han seier at han trivst godt i jobben og at han arbeider nesten kvar helg, i tillegg til andre dagar då han blir oppringt. Han har også jobba på omsorgssenteret i kommunen, men der jobbar han ikkje lenger. Thomas sin største draum er å få fast stilling.

Abraham er 36 år gammal og kjem frå Sudan. Han har budd eit halvt år i kommunen saman med si kone og sin nyfødde son. Han har ein bachelorgrad innanfor sosialvitskap og økonomi frå heimlandet. Han har utvikla ei sterk interesse innanfor frivillig arbeid, og er sterkt engasjert i Amnesty. Han deltek no på introduksjonsprogram i ein av nabokommunane. Han drøyer om å fortsette på ein master innanfor økonomi her i Noreg. Abraham venter fortsatt på svar frå Nokut om utdanninga hans frå Sudan vert godkjent i Noreg.

Eg vil også opplyse om at eg intervjuar ei kvinne på 41 år frå Nigeria, men dette intervjuet valgte eg å utelate frå analysa. Årsaka til dette er at kvinna ikkje passar inn i mi målgruppe. Dette blei eg ikkje merksam på før i byrjinga av intervjuet. Då var vi likevel i gang, og eg valgte å fullføre det. Kvinna fortalte meg at ho kom til kommunen som utvekslingslev for 16 år sidan. Ho har altså budd lenge i kommunen, og ho er ikkje flyktning. Sjølv om kvinna ikkje passa inn i målgruppa mi, viste intervjuet at ho nevnte fleire av dei tinga som mine informantar har teke opp. Kvinna sa det var vanskeleg å få seg fast arbeid i kommunen, og at ho kanskje kunne tenkje seg å flytte til ein annan stad i Noreg for å arbeide med det ho var utdanna som. Ho hadde ein mastergrad innanfor helsearbeid og rusproblematikk. Ho sa også at nordmenn var vanskelege å kome inn på og at dei ikkje åpna seg dersom dei møtte kjentfolk på gata. Dette er alle beskrivelsar som mine informantar også har kome med.

4. Trivsel, kulturelle forskjellar og møte med nordmenn

4.1 Innleiing

Som tilflyttar til eit nytt land, er det gjerne fleire ting som kan verke framand og annleis enn det ein er vant til. Ein flyktning er ein person som har måtte flykta på grunn av fare for eige liv og helse. Nokre blir trua i heimlandet på grunn av krig og urolegheiter, medan andre blir forfølgde på grunn av si religiøse tru eller sin politiske ståstad. Det å kome til eit nytt land kan føre med seg ulike utfordringar. Ein må bli kjent med eit nytt samfunn, setje seg inn i skikk og bruk, lære seg språk, samt prøve å bli ”integrert” i lokalmiljøet for at ein sjølv skal trivast. Ved intervju med mine flyktningar kom dei opp med fleire historier om kva dei merka seg som dei største kulturelle forskjellane mellom sine heimland og min studiekommune. Døme på forskjellar som flyktningane nemnte var: ver, språk, klima, barneoppdraging og kommunikasjon mellom menneske, spesielt korleis ein helse på kvarandre i Noreg. Det flyktningane nemnde flest gongar var likevel graden av likestilling i Noreg. Fleire av flyktningane kjem frå land der likestilling er eit ukjent ord. Det er gjerne menn som er dei overordna, og kvinnene har ikkje mykje dei skulle ha sagt. Nokre av kvinnene har heller ikkje hatt moglegheit til å ta utdanning, ettersom dette er ei rettighet reservert for gutar. Religion er også eit tema som fleire av flyktningane har teke opp. Ei av kvinnene eg intervjuar brukte hijab i sitt heimland, men dette har ho slutta med etter at ho kom til Noreg. Årsaka til dette vil eg kome tilbake til seinare i kapitlet.

Dei kulturelle forskjellane mellom heimlandet og kommunen flyktningane no bur i, kan ha mykje å seie for korleis dei trivast på den nye staden dei har flytta til. Spørsmål som eg ønskjer å ta opp er om dei kulturelle forskjellane er til å leve med for flyktningane, korleis merkar dei forskjellane i dagleglivet og fører forskjellane til auka eller mindre trivsel for flyktningane? Eg vil altså ta opp ulike kulturelle forskjellar i dette kapitlet og sjå dette i samanheng med trivselsnivået til flyktningane. Dette vil bli gjort ut i frå historiene som mine informantar har kome med. Først, eit blick på trivselen blant flyktningane i kommunen.

4.2 Trivsel blant flyktningar i kommunen

Når det kjem til trivsel blant flyktningane i kommunen, er det fleire som nemner tryggheita i kommunen som noko dei set stor pris på. Thomas og Louisa seier at dei føler seg trygge på gata og i heimen, og overraskande for ein nordmann legg dei vekt på at det er ingen som slår dei. Flyktningar kjem gjerne frå urolege område, og land prega av krig. For dei er det ikkje sjølvstøtt å bu i eit fredelig land utan vald og konflikter. Det som Thomas er mest fornøgd med er at det er så trygt i kommunen.

”Eg likar best fordi det er kjekke plass. Det er ingen problem. Eg opplevde ingen folk som kan komme å slå deg og sa ting som var dårleg, nei” (Thomas, 46, Kongo).

Louisa seier at ho har budd i kommunen i meir enn fire år, og ho har ikkje vore redd ein einaste gong. Ho fortel at ho bur åleine i ei leilegheit, og der er det ingen som røyrrer ho. Som nordmann tek ein det gjerne som ein sjølvfølgje at ein bur i eit trygt og fredelig land. Dette er ikkje tilfelle blant fleire av mine flyktningar. Mange kjem frå krigsramma område, der usikkerheit og makteslause rår.

Ein annan årsak til trivsel som blir framheva av ein av mine informantar, er størrelsen på kommunen. 29 år gamle Fatima frå Somalia seier at det ho liker best med kommunen er at den er liten og roleg.

”Eg likar heilt sånn rolig og relaxing liv” (Fatima, 29, Somalia).

Ho seier sjølv at ho ikkje likar seg så godt i store byar, med mykje folk, senter og bilar.

”Eh, kanskje det er liten by. Eg liker sånn rolig liv. Ikkje med sånn stor by, masse folk, stor senter, masse bil” (Fatima, 29, Somalia).

John synes også det er betre å bu på ein liten og roleg stad, enn i ein storby.

”Ja, det er bedre. Det er litt plass og barna kan gå på skole. Ingen problem [...]. I Oslo de må tenke på at det er så mykje trafikk, mange biler, sånn, sånn. Det er det som er problemet” (John, 39, Kongo).

Tre av mine informantar, Fatima, John og Sofia seier at dei ikkje kunne tenkje seg å bu i Oslo. Fatima likar ikkje storbyar, John meiner det ikkje er trygt nok for barna, medan Sofia rett og slett ikkje trivdes der.

Sofia har ein kjærast som bur i ein av dei større byane i Noreg, som også kjem frå Iran og ho bruker av og til å reise dit for å besøke han. Ho seier at ho liker seg svært godt i byen der kjærasten bur. Årsaka til dette er at kjærasten hennar bur i eit leiligheitskompleks saman med andre, kor det er eit svært godt samhald mellom naboane.

”Også eg besøkte han, som det er masse som norske, som naboar, alle der var samme som oss. Som nabo, gå til nabo, på kvelden, alle går å besøker kvarandre, sitte å snakke og tulla. Og eg bare: ”Ja, yes”. Etter to år [ler]” (Sofia, 22, Iran).

Sofia har ikkje har fått nokon norske venner i kommunen. Dette synes ho sjølvsagt er veldig synd. Med sitata gjengitt ovanfor, kan ein sjå kor godt Sofia trives i selskap saman med andre. Ho går så langt å seie at ho ”elskar” storbyen der kjærasten bur, sidan det er så godt miljø og fellesskap der kjærasten hennar bur. Sidan ho vil bli frisør og kommunen er for liten for henne dersom ho vil satse på dette yrket, ønskjer ho ikkje nokon framtid i kommunen. Ein ser altså forskjell på mine informantar, i forhold til kvar dei ønskjer å bu i framtida. Nokre liker det rolege livet i små kommunar, medan andre liker storbylivet og dei fordelane det kan by på. Eit tredje element som er med på å styrke trivselen hos informantane er naturen i kommunen.

”Derfor eg likar [kommunen] også. I [kommunen] er naturen veldig fin” (Fatima, 29, Somalia).

”Norge har kjempefint plass som eg likar sånn plass, som fjell, natur. Det er fantastisk natur” (Sofia, 22, Iran).

Sofia er ein av dei som har prøvd seg på ein fjelltur i kommunen, og dette synes ho var svært artig, men utfordrande.

”Det er litt vanskeleg for meg, men eg prøvde den stor fjell [åh]” (Sofia, 22, Iran).

Eg har også intervjuet fleire informantar som har born og desse framheva at kommunen er ein fin stad for borna å vekse opp. John og Fatima, vektlegg at kommunen er trygg, der er mange fritidstilbod, og det er lett å bli kjende med jamaldringar for borna.

”I [kommunen] det er bedre viss vi har barn, ikke sant?” (John, 39, Kongo).

John opplyser at barna hans er med på fleire fritidsaktivitetar, og han er svært fornøgd med tilbodet dei har i kommunen. Borna hans er både med på fotball, KRIK og no skal dei også byrje å gå på ski. John og kona hans har tidlegare gått på skule i ein mindre kommune i nærleiken av [studiekommunen]. John seier han aldri kunne tenkje seg å flytte dit, ettersom kommunen er altfor liten. Han seier at dei ikkje har nokon tilbod til borna der.

”Så eg skulle ikkje reise der i, ehm, flytte til [kommunen]. Det er liten plass. Veldig, veldig liten plass” (John, 39, Kongo).

Eg seier til han at også kommunen er ein liten stad, men då svarer John:

”Det er liten plass, men det er også mange aktiviteter” (John, 39, Kongo).

Det verkar altså som om John trives svært godt i bygda. Han har sjølv mange venner her, og borna hans er med på fleire ulike aktivitetar. John seier sjølv at ein av dei viktigaste faktorane som må på plass for at familien skal trivast, er at der er nok tilbod for borna. Som nemnt tidlegare kunne han ikkje tenkje seg å bu på ein stad der det ikkje er nok fritidstilbod for borna. Mitt inntrykk er at kommunen har eit aktivt kulturtilbod, ovanfor både barn og vaksne. Ein må sjølvsgt engasjere seg dersom ein skal delta i dei ulike aktivitetane, men det viktigaste er i alle fall at tilboda er der.

Tilsett ved innvandrarkontoret og frivillighetssentralen i kommunen framhevar det gode aktivitetstilbodet i kommunen, og korleis dette er med på å integrere flyktingane i samfunnet. Tilsett ved frivillighetssentralen seier at dei bruker å arrangere eit ”Mat og prat-treff”, der det både er nordmenn, flyktingar og innvandrarak med. Her lagar dei tradisjonell norsk mat, samt matrettar frå andre kulturar. På denne måten får deltakarane lære om kvarandre sine tradisjonar, og dette er med på å skape kulturforståing. Tilsett ved frivillighetssentralen legg vekt på at flyktingane må engasjere seg sjølv dersom dei skal bli godt integrert i samfunnet.

”Flyktingane må ta tak sjølv for å knekke kodar” (Intervju med tilsett ved frivillighetssentralen).

Ho legg også vekt på at det alltid har vore tilflyttarak til kommunen, så på den måten kan det vere større grad av openheit blant innbyggjarane i forhold til tilflyttarak. Tilsett ved innvandrarkontoret fortel også om korleis flyktingane nyttar seg av aktivitetstilboda i kommunen. Ho seier at flyktingane melder seg inn i lag og organisasjonar, som ulike kor, strikkeklubb, sanitetslag, Røde Kors, speidar, pinsekyrkja, Krik, studentidrettslag, Amnesty, kvinnegrupper og deltaking på dugnad. I følge tilsett ved innvandrarkontoret fungerer integrasjon best når flyktingane finn sine interessefelt. Ho meiner at det er viktig at flyktingane er i kontakt med nordmenn for at dei skal bli godt integrert i samfunnet.

”Viss ein ikkje treff nordmenn, så blir ein ikkje kjent” (Intervju med tilsett ved innvandrarkontoret).

4.3 Flyktningane sitt inntrykk av Noreg og nordmenn

På spørsmål om kva informantane synes om Noreg og nordmenn, har flyktningane ulike svar. Nokon synes nordmenn er snille og hjelpsame, medan andre synes dei er reserverte og stille. Eg vil vise til desse karakteristikkane ved hjelp av ulike sitat frå mine informantar:

”Norge er veldig fint land og rikt land og også norske menneske er veldig snill og respekterer kvarandre og innvandrara også” (Martha, 29, Eritrea).

”Menneska er veldig, veldig snille folk. Dei respekterer folk” (Louisa, 41, Eritrea).

”Most of them are serious [ler]” (Abraham, 36, Sudan).

“Kvar gang eg treff ein person, eh, eg bare ser smilet [...] Uansett at vi kjenner ikkje kvarandre, men dei bare smiler og..”(Georgia, 18, Afghanistan).

“Også alle norske er litt kalde. Det er litt vanskeleg å kome i kontakt med og” (Sofia, 22, Iran).

Abraham synes det er store kulturforskjellar mellom Sudan og Noreg når det kjem til korleis menneska oppfører seg. Følgjande sitat beskriv dette:

”Eh, de [nordmenn] er veldig quiet, yes, very respectful from all. We are like that, but I mean that is ever, not like an African people. African people are shouting or singing everywhere” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham synes også at nordmenn er meir av det reserverte folkeslaget, enn kva som er tilfellet hos befolkninga i hans heimland. Han hevdar flesteparten av nordmenn verkar seriøse, medan beskrivinga han gir av personar frå hans eige heimland er ganske annleis.

Ein ting ved lokalbefolkninga i kommunen som nokre av flyktningane har lagt særleg merke til er nemleg helsemåten.

”Mange bruker ikkje å hilse. ”Hei hei”. Det er bare smil” (John, 39, Kongo).

“In Sudan we are greeting much [ler]. You can find somebody, you shake his hand with you ten times [ler] [...] You are not doing that in [studiekommunen]. In [studiekommunen] you say hi and everybody is going [ler] (Abraham, 36, Sudan).

Thomas er også oppteken av måten nordmenn helsar på i kommunen. Han seier at det han ikkje likar ved kommunen, er at folk ikkje helsar på kvarandre når dei møtast.

”Men den som er ikkje bra, det er folk som ikkje likar å helse på kvarandre [...]Det er det som er gale på norske kultur” (Thomas, 46, Kongo).

”Vi kan ikke hilse nei. I Afrika det er ikkje sånn. Og vi kan hilse kvarandre. Hilse det betyr noe som er veldig bra. Det er nesten å si takk for ein person som vil hjelpe deg. Du må seie takk. Det er nesten som, eh, helsing” (Thomas, 46, Kongo).

Det å helse på kvarandre er altså svært viktig for Thomas. Han peiker på at ein kan åpne nettverk med helsing og at det kan synleggjere at ein har forskjellig bakgrunn. Thomas seier dette på følgjande måte:

”Kanskje eg var kriminell. Eg var kanskje noen som er gale, dersom eg var.. Men viss du vil ikkje ha kontakt med meg, du kan ikkje kjenne meg [...].Du kan begynne å tenke mange ting og lage kanskje den ting som kan, kan gjere gale her i Norge. Men viss du har kontakt med meg, du kan kjenne meg bedre” (Thomas, 46, Kongo).

Det verkar altså som om Thomas har tenkt mykje på dette temaet, og at han føler at nordmenn kan dømme utanlandske før dei vert kjend med dei. For Thomas var det altså ein stor forskjell å kome til kommunen, i alle fall i høve til kommunikasjon mellom menneske, og då spesielt helsemåten til nordmenn. Det verkar på meg som om Thomas synes nordmenn er reserverte og ikkje så lette å kome inn på. For han, har dette vore vanskeleg og han har sjølv oppsøkt til dømes kyrkja for å kome i kontakt med forskjellige folk. Dette kan tyde på at Thomas føler ein må kome nærmare inn på folk, for at ein skal bli kjende med kvarandre. Dette kan ein gjer til dømes i kyrkja, der ein har betre sjanse til å prate med kvarandre, enn kva ein har moglegheit til når ein berre møtast på gata.

”Og det hjelper også meg å ha kontakt med andre folk og kanskje gå i kyrkja og ha kontakt med andre folk. Forskjellige grupper” (Thomas, 46, Kongo).

Også 22 år gamle Sofia frå Iran har merka seg at nordmenn ikkje er så glade i å helse på kvarandre dersom dei møter personar dei ikkje kjenner så godt. Det verkar som om Sofia ikkje skjønar kvifor det er slik i kommunen.

”Eg veit ikkje. Eg forstår ikkje kva som..” (Sofia, 22, Iran).

Abraham har merka seg forskjellen på besøksreglar i Noreg og i hans heimland, Sudan. Han seier det er vanskeleg å kome på spontanbesøk til personar i kommunen. I heimlandet hans kjem ein gjerne uanmeldt på besøk, medan her i kommunen må slike besøk avtalast på førehand.

”Ehh, you’re cultures are different then our cultures. Eh, if you want to visit somebody you need to visit somebody, here” (Abraham, 36, Sudan).

Det verkar som Abraham synes det er litt merkeleg at det krev så mykje planlegging dersom ein ønskjer å besøke nokon i kommunen.

4.4 Språk

I løpet av intervjuet kom det fram at fleire av informantane opplevde språkproblem i visse situasjonar. Dette vil eg no diskutere nærmare, ved å vise til ulike eksempel.

På spørsmål om der har oppstått nokre språkproblem i arbeidssamanheng, kjem Thomas med ei historie. Han er tilkallingsvikar ved eit rehabiliteringssenter.

”Før, det var veldig problematisk [ler]. Katastrofe, fordi vi lærte nynorsk på skole, men i samfunnet dei snakkar dialekt. Og det var veldig, veldig vanskelig å forstå, fordi vi prøvde å snakke på nynorsk, men folk snakkar dialekt. Det var, vi måtte berre heile tida spørje: ”Kva du meiner?”, ”eg forstår ingenting”. ”Kan du forklare meg?”. Men no det er bra” (Thomas, Kongo, 46).

Han seier at bebuarane og dei ansatte ved rehabiliteringssenteret er tolmodige og forståelsesfulle.

”Vi kan diskutere, prate på norsk, men viss det er ord som du forstår ikkje, du kan bare forklare, eh, prøve å spørje kva du meiner med det no. Kan du forklare meg? Norske folk er veldig snille for å forklare” (Thomas, Kongo, 46).

Ein annan av informantane har hatt nokon problem når ho skal prate med dei eldre på omsorgsheimen, der ho har fast helgejobb.

”Men med, sånn pasienten, hadde litt problem, for dei er gammal og snakkar med heilt forskjellig dialekt og av og til det blir kjempevanskelig, og eg sa til andre som arbeider: ”Vær så snill å hjelpe meg, kva han vil eller kva ho vil [ler]” (Sofia, 22, Iran).

Louisa har også opplevd språkproblemer, men dette retta seg opp då ho byrja i arbeidspraksis på ein barneskule.

”Litt bedre no, for når eg fekk språkpraksis no, litt bedre til meg. Eg litt snakker no” (Louisa, 41, Eritrea).

Louisa opplyser at ho ikkje snakka med folk i begynnelsen. Ho utdjuper dette med at det var vanskeleg å bli kjent med folk i byrjinga, men at dette gjekk seg til etterkvart. Utsagna frå Louisa kan altså tyde på at ein gjerne føler seg tryggare dersom ein får praktisert det språket ein prøver å lære. For Louisa har det vore til stor hjelp å prate med borna på barneskulen, der ho er i praksis. Det verkar som om Louisa sjølv forstår kva ho må gjere for å lære det norske språket: ”Du må snakke og integrere med folk (Louisa, 41, Eritrea).

John opplyser at han har litt problem med det norske språket, spesielt når det gjeld bruken av dialekt.

”Når eg var i [nabokommunen-heimen], i [nabokommunen] dei pratar [nabokommunespråk], ikkje sant? Og på skole, vi prata, eh, nynorsk. Og her det er [kommunen-språk]” (John, 39, Kongo).

John seier altså at han blir litt forvirra av dei ulike dialektene i [kommunen] og [nabokommunen]. Det er ikkje stor forskjell på desse dialektene, men enkelte ord og uttrykk kan variere. John seier at dette ikkje skapar nokre problem for han i arbeidslivet. Han har funne ei løysning som fungerer for han, nemleg at han nokre gonger bruker bokmål for å gjere seg forstått.

”Eg kan ikkje prate dialekt, men no eg brukar å blande kanskje bokmål [ler]” (John, 39, Kongo).

4.5 Likestilling

Likestilling er eit tema som opptek fleire av mine informantar, spesielt to av dei unge kvinnene som eg intervjuar. Når dei omtalar likestilling, er det eit viktig punkt når det kjem til trivselen hos dei sjølve i kommunen. Årsaka til dette er at nokre av flyktningane er frå land der kvinner står lågt i samfunnet, og dei har ikkje dei same moglegheitene som det mennene har. Abraham er også oppteken av likestillinga her i landet. Han opplyser at menn ikkje respekterte kvinner i hans heimland. Abraham er imponert over den høge arbeidsdeltakinga som kvinner har i Noreg. Fatima opplyser at den største forskjellen mellom Noreg og hennar heimland, var likestilling. I hennar heimland kan mennene gjere det dei vil, medan kvinnene, derimot, har store begrensningar på kva dei får lov til å gjere. Ein av mine informantar, ei 18 år gammal kvinne frå Afghanistan, hadde ikkje moglegheit til å gå på skule eller arbeide, og vart trua med tvangsgifting då ho var 15 år gamal. Ho var også nøydd til å gå med hijab i heimlandet. Ho seier det var ei stor lykke å kome til Noreg, med den friheita det innebar. Når eg spør Georgia kva som er den største forskjellen mellom Noreg og Afghanistan, har ho eit klart svar på dette:

”Det at fri for jentene. Jentene har fridom. At jentene kan gå ut uten hijab. At jentene har lov å køyre bil. Det er veldig forskjell!” (Georgia, 18, Afghanistan).

I Afghanistan måtte Georgia vere heime og hjelpe mora med husarbeid og passe småsøskena. Ho hadde ingen moglegheit til å gå på skule. Utdanning i Afghanistan er kun for gutar og dei

som er veldig rike, i følge Georgia. Ho opplyser at oppgåvene til jentene i Afghanistan er å opphalde seg i heimen og gifte seg når dei er rundt 14-15 år. Ho har eit anstrengt forhold til sin eigen kultur, og synest den er urettferdig: Ho seier at kvinnene blir styrt av mannen, men situasjonen i Noreg er ganske annleis.

”Eg synes at det er litt vanskelig kultur. Det er urettferdig kultur fordi det er sånn at det ikkje er likt mellom kvinner og menn. Men her i Norge det er likt mellom kvinner og menn, gutter og jenter” (Georgia, 18, Afghanistan).

Det verkar som om Georgia er takknemleg for å ha kome til Noreg, og den friheita dette medførte for henne og hennar familie. Ho seier ho tenker mykje på dei afghanske jentene som er i heimlandet hennar, Afghanistan.

På spørsmål om kva som var dei største kulturforskjellane mellom Noreg og Somalia, har Fatima eit likande svar som Georgia. Også ho framhevar temaet likestilling som den største forskjellen mellom landa.

”Fordi at i min kultur, alt mann han kan gjøre, men ikkje kvinne” (Fatima, 29, Somalia).

Ho seier at dersom ein lurar på noko som kvinne i hennar heimland, kan ein ikkje gå ut med det.

”I Somalia. Viss du, eh, lurar på noko, skal bli hemmelig inne på hjertet, men du kan ikkje ta ut” (Fatima, 29, Somalia).

I Noreg er saka annleis, her kan kvinner gjere det dei vil, i følge Fatima.

Fatima opplyser at mannen hennar aksepterte dei nye ”norske” reglande då han kom til landet. Ho hadde ein samtale med han om likestilling, og etter denne samtalen vart han stille i to månadar. Likevel, verka det som han skjønna alvoret, og at situasjonen er ganske annleis i Noreg enn kva den er i Somalia.

”Etter den [samtalet] han ser kva som skjer i [kommunen] og kvinner, dei har ei stor makt” (Fatima, 29, Somalia).

Etter dei to månadane i stillheit kom han med dette sitatet:

”Ting eg kan gjere, du kan gjere også” (Mann til Fatima, 29, Somalia).

Mannen hennar respekterte i følge Fatima etter ei viss tid det norske tankesettet. Fatima seier at ho synes mannen hennar er snill som forstår dette. Han er 31 år gamal og kjem også frå Somalia.

For meg verkar det som om kvinnene er meir opptekne av likestilling enn kva mennene er. Som Fatima fortel, var ikkje mannen hennar fornøgd med likestillingsprinsippet då han kom til Noreg. Han har likevel lært å tilpasse seg det norske samfunnet, noko som var svært viktig for Fatima. Ein av mennene som er oppteken av likestilling, derimot, er Abraham. Han er til dømes imponert over yrkesdeltakinga blant kvinner i Noreg.

“We see that 70 % of the Norwegian women are employed [...] And 80 % of the men are employed. That is near to the equality [...] In Sudan we are near to the 20 %” (Abraham, 36, Sudan).

Her ser vi altså at temaet likestilling er noko som opptek nokre av mine informantar i stor grad. Det er viktig å merke seg at temaet likestilling var noko som informantane tok opp sjølv, når vi prata om kulturforskjellar. Eg spurte altså ikkje spesifikt om likestilling, noko som forklarar at ikkje alle informantane omtaler dette tema.

4.6 Ulike former for diskriminering

Mine informantar hevdar at dei ikkje har vorte utsatt for nokon former for rasisme i kommunen. Likevel, er det nokre av informantane som kjem med historier som kan likne på urettferdig behandling. Som nemnt tidlegare er det viktig å merke seg at eg ikkje stilte mine informantar spørsmål om diskriminering og rasisme. Historiene som eg no vil kome med, har informantane brakt opp sjølv.

Thomas på 46 år arbeider no på eit rehabiliteringssenter. Tidlegare hadde han ein jobb på omsorgsheimen, der han opplyser at han ikkje trivdest noko særleg godt. I følgjande sitat gir han først ei skildring av miljøet på rehabiliteringssenteret, samt etterpå ein kort omtale av situasjonen på omsorgssenteret.

”På [arbeidsstaden der han jobbar] trivest eg. Det er ein bra plass, fordi det er god samarbeid, det er ingen diskriminasjon der, det er ingen rasisme med arbeidskollega, med pasientar også. Det er veldig, veldig bra, men, eh, på omsorgssenteret, der eg såg at det var, det var litt diskriminasjon” (Thomas, 46, Kongo).

Han seier vidare at han ikkje sa noko om dette til nokon, men at han opplevde det på kroppen.

”Ja, eg såg bare, men eg sier ingenting. Men eg såg at dei diskriminere meg på grunn av hudfarge” (Thomas, 46, Kongo).

Han seier at avdelingssjukepleiaren var bra, men det verkar på meg som om han ikkje trivdest med nokon av sine arbeidskollegaer.

”Eg hadde ein bra avdelingssjukepleiar. Den dame er veldig bra, men arbeidskollega, noen var bra, noen” (Thomas, 46, Kongo).

Han slutta ikkje på omsorgsheimen på grunn av dette. Årsaka til at han begynte i ein annan jobb var at kontrakta hans på omsorgsheimen gjekk ut. Thomas kjem også med følgjande sitat:

”Det er også dem som dei vil ikkje, viss dei sa at dei ser ein afrikanar, ein mann, det er nesten som dei ser ein dyr” (Thomas, 46, Kongo).

Thomas opplyser at han ikkje har fått slengt slike kommentarar etter seg, men om det skulle skje, så velgjer han å gløyme det.

Abraham seier at han ikkje har opplevd nokon former for rasisme i kommunen, men han kjem likevel med ei historie som kan minne om urettferdig behandling. Han fortel om eit tilfelle der han og familien hans var i sentrum for å handle mat.

”In first time that we came here, no, no, after my child has come. We are coming to take a bus from here to go there and in very bad situation that is on Saturday. And we didn't get. We suffered in sentrum” (Abraham, 36, Sudan).

Planen deira var altså å ta ein buss frå sentrum til der dei bur, men sidan det var laurdag, gjekk ikkje bussane så ofte. Løysninga vart difor å prøve å få tak i ein taxi. Dette skulle vise seg å heller ikkje bli så enkelt.

”And, so, I'm calling many friends, maybe they are busy so, but I'm going and knocking for the taxis and the taxi driver come out and angry and shouting by the words that you don't. My wife she's not feeling good of that and we had to wait for other man for one time [hour]. That is very.. And call and send message for some friends maybe also they will be outside, maybe in [nabokommunen], because they are not answering us. My wife is telling me that why everybody that is come here, in Sudan, if you are going on the street and you find someone who is driving cars, you should ask him, he will take you [...]. Here in Norway people is not like that (Abraham, 36, Sudan).

Løysninga vart ein av Abrahams' utanlandske naboar.

“And after a while, eh, we have our neighbors come passed. And I ask him that is better to take things with him and we are walking. He is from Tsjetsjenia. He is a good man” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham seier altså først at han ikkje har blitt utsatt for nokre former for rasisme, men kjem så med ein episode om taxisjåførane som vel å ikkje ta med han og familien av ulike årsakar. Også Thomas seier at han ikkje har blitt utsatt for rasisme, men ut i frå historia han fortel frå omsorgsheimen, kan det tyde på at også han har blitt utsett for diskriminering. Kvifor dei ikkje vel å karakterisere desse episodane som rasisme, er vanskeleg å seie.

4.7 Religion og forventningspress

For 18 år gamle Georgia frå Afghanistan var det å ta av seg det religiøse hodeplagget, hijaben, den største merkbare forskjellen ved å kome til Noreg. Ho seier at ho brukte hijaben i asylmottaket, altså den første tida ho kom til landet, men slutta å bruke den då faren hennar bad henne om det.

”Ja, for han synes at det hjertet må vere reint. Det er ikkje viktig med hijab og sånn” (Georgia, 18, Afghanistan).

Ho seier at ho opplevde ein del blikk i starten, då ho tok av seg hijaben. Desse blikka kom spesielt frå andre flyktninggrupper i kommunen.

”Nokon personar ser på meg. Spesielt flyktningar [...]. Fordi eg er muslim” (Georgia, 18, Afghanistan).

Det verkar som om Georgia synes dette er litt vanskeleg, men ho meiner at alle bør bestemme kva dei vil gjere sjølv. Det at faren bad henne om å ta av hijaben har også betydd mykje for henne.

”Også muslim må ha hijab. Og her eg har ikkje hijab. Det er litt. Eg veit ikkje kva eg skal sei, men alle bestemte seg sjølv. Også når eg tenkte at faren min seier at du må gå uten hijab. Du har lov å gå uten hijab” (Georgia, 18, Afghanistan).

Georgia seier at det er store forskjellar mellom Noreg og Afghanistan når det kjem til bruken av hijab.

”For eksempel i Afghanistan. Viss nokre hadde ikkje hijab, det var ulovlig, men viss nokon hadde lett hijab og sånn. Alle menn ser på henne. Også bare plage henne og irritere henne [...]. Men her eg tenker at uten hijab er heilt normalt og ingen ser på oss [...]. Vi blir som norske” (Georgia, 18, Afghanistan).

Georgia seier at ho har gått med hijab sidan ho var 9 til 15 år. Ho opplyser at det var som ein ny verden å kome til Noreg, og at ho no har så mange moglegheiter framføre seg.

Sofia på 22 år frå Iran valde å konvertere frå islam til kristendommen då ho kom til Noreg. Ho har no vore kristen i fire år. På spørsmål om kvifor ho valde å bytte religion svarer ho dette: ”Eg kjente den muslimske religionen og eg såg med augene mine kva det gjer, eller kva reglar eller hvor er dame og hvor er mann i muslimsk religion. Det går ikkje med meg (Sofia, 22, Iran).

”Derfor, dei hadde masse reglar som eg tror ikkje på dem, fordi det ikkje kommer fra Gud eller nokon bok. Ein person lagde den. Sånn derfor, eg tenkte, eg må velge ein ting for å passe meg” (Sofia, 22, Iran).

Sofia begynte å lese bibelen og vart meir og meir interessert i kristendommen. Etter å ha lest seg godt opp om kristendommen valde ho å konvertere. Då ho kom til kommunen, valde ho og døype seg i pinsekyrkja. Ho er no med i alpha-grupper der dei diskuterer kristendom, sidan dette er ganske nytt for henne.

”Dei må forklare meg meir kva eg må gjere, korleis eg må lese, korleis det passar for å bli betre” (Sofia, 22, Iran).

Eg spør om foreldra hennar var med på å påverke valet hennar, men dette avviser Sofia.

”Dem ble glad når eg blei kristendom, fordi familien min, dei er ikkje muslim” (Sofia, 22, Iran).

Sofia seier at mor hennar er nær kristendommen, medan faren hennar ikkje trur på nokon religion. Ut i frå eit sitat Sofia kjem med verkar det som om foreldra har hatt problem med styresettet og religionen i heimlandet.

”Fordi fra muslimisk, dei hadde nokon problem og nokon sånne dårlige ting skjedde med oss. I Iran, fordi det er muslimisk land, så dei hatar sånn” (Sofia, 22, Iran).

Sofia opplyser at ho har møtt ulike reaksjonar på at ho bytta religion frå ei anna flyktninggruppe i kommunen. Grappa ho peikar spesielt ut, er flyktningar frå Afghanistan.

”Også eg blir kristen. Også dem er muslimer. Fra Afghanistan. Dem er litt religiøse [...] Så fordi eg blir kristen, dei likar ikkje meg (Sofia, 22, Iran).

Sofia føler at det går rykter om henne blant nokre flyktningar fordi ho bytta religion, og dette liker ho ikkje.

”Ja. Også eg likar ikkje problem med nokon person. Viss eg forstår at denne personen liker ikkje meg, eg går heilt bort [...] Eg liker ikkje at det blir problem mellom meg og andre folk (Sofia, 22, Iran).

Ho synes det er urettferdig at andre skal blande seg inn i hennar liv.

”Fordi eg har hørt fra folk at: Ja, ho skifta religion og sånn, sånn. Eg bestem. Det er mitt liv” (Sofia, 22, Iran).

Som vist tidlegare er det berre to av mine informantar som fortel om situasjonar som kan minne om diskriminering og rasisme. Det som er interessant i dette tilfelle, er at det gjerne er innan flyktning- og innvandrargruppene mine informantar har opplevd å bli dømt og ”sett ned på” av andre. Dette gjeld særleg dei unge kvinnene som eg har intervjuet. Dei opplever altså dei sterkaste reaksjonane frå sine eigne ”grupper” når det kjem til korleis dei framstår i samfunnet. Georgia og Sofia fortel om sterke reaksjonar frå ”sine eigne” då dei valde å ta av seg hijaben og skifte religion.

4.8 Ulik disiplin ovanfor barn

To av mine informantar, John og Louisa synest at det er stor forskjell mellom sine heimland og Noreg når dei kjem til korleis barn vert oppdregne, og korleis situasjonen er i den norske skulen. John synest for eksempel at den største forskjellen mellom Noreg og hans heimland, Kongo, er disiplinen som vert vist ovanfor barna.

”Det er stor forskjellig kultur, fordi i Afrika, vi har ein annan disiplin, fordi, for eksempel med barna. Her barna, her er foreldra er veldig liberale med barnet (John, 39, Kongo).

Han viser til eit eksempel med sine ungar som er med på eit arrangement med KRIK (kristen idrettskontakt) på fredagane. Da er dei gjerne ikkje heime igjen før klokka eitt på natta.

”Men i Afrika det er ikkje sånn. Barna må avgrensast. Kanskje, dei kan ikkje, for eksempel å gå ut alle tider, dei kan gå for eksempel. På fredag om kvelden, barna brukar å gå nede på Krik, men dei har vore der for lenge og er kanskje tilbake klokka ett om natta [...] Men i Afrika det er ikkje sånn” (John, 39, Kongo).

John seier at det hadde vore i orden at borna skulle vere med på arrangement også i heimlandet, men då burde dei ha vore heime seinast klokka ti. Han er altså oppteken av grensesetjing i forhold til sine barn.

John synes også det er spesielt at ungdomar får kjæraste etter konfirmasjonsalderen. Dette er han ikkje vand med frå Afrika. I ungdomstida der, ligg all prioriteten på studietid. Han viser til dette med å prate om si dotter.

”Å nei. Ho må vente. Første prioriteten, ho må studere. Viss ho er ferdig med all skole, kanskje høgskole eller universitet, da ho kan begynne å, etterpå ho kan begynne å tenke på å gifte seg og ha kjærest, men ikkje før” (John, 39, Kongo).

Den eldste sonen hans har no ein norsk kjærast og ho bruker å vere på besøk hos familien. Det verkar som om John synes dette er greit, sidan sonen hans snart er ferdig på høgskulen.

”Ja. Så det er ingen problem for han, men den som har ikke oppvokst sånn, det er problem for oss” (John, 39, Kongo).

Som utdanna lærar er Louisa oppteken av forskjellen på skulesystemet i Noreg og hennar heimland, Eritrea. Ho opplyser at det er store forskjellar mellom landa på dette feltet, spesielt når det kjem til størrelsen på klassene.

”Her i Norge, eh, ei klasse er 25 eller 20 kanskje or 15 kanskje. Veldig, veldig litt mindre. Men i heimlandet mitt, når eg var lærer, 70 elevar” (Louisa, 41, Eritrea).

Louisa seier at lærarar i Eritrea gjerne ikkje har kontroll på sine klasser, ettersom kvar lærar har såpass mange elevar. Forskjellen på korleis lærarar set seg i respekt, er også sværtforskjellig mellom dei to landa.

”Også læreren her er veldig snill, men i 48, 50, 60, dei ikkje høyrer, du må gjere straff kanskje også. Det er også litt forskjellig” (Louisa, 41, Eritrea).

Ho opplyser også at forskjellen på det teknologiske utstyret mellom landa er stor.

”Here technology is more advanced then us. We are very in war, so technology also it is very, very, eh, heilt forskjellig” (Louisa, 41, Eritrea).

4.9 Ver og klima

Når eg spurte mine informantar om kva som var den største forskjellen med å kome til Noreg, var det fleire som peika ut veret som den viktigaste faktoren. Martha, Louisa og Paul er tre av dei som synes at ver og klima er blant dei største forskjellane.

”I heimlandet har ikkje masse snø, ikkje kaldt også. Der er masse sol. Det er største forskjellen” (Martha, 29, Eritrea).

”I Norge er det kaldt. Veldig kaldt. Og også har snø. Mykje snø. Heimlandet mitt er varmt. Også eg bor i [kommunen], liten. Lite sol.” (Maria, 27, Eritrea).

”Forskjellig språk, forskjellig vær, forskjellig mat” (Paul, 41, Eritrea).

”Religion er litt, ikkje forskjellig, men litt forskjellig er klima. Ikkje kultur, klima er verst. Det er litt forskjellig. Eg voks opp i varmt land. Når eg komme her, it’s almost North Pole. It’s litt vanskeleg” (Louisa, 41, Eritrea).

”You have a very cold and now snow. So snow for the first time” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham seier at det er stor forskjell mellom ver og temperatur i Noreg og Sudan. I hans heimland kan det bli opp til femti grader, noko som han synes er heilt forferdeleg.

”And that is half of boiling” (Abraham, 36, Sudan).

Han opplevde snø for første gong då han kom til Noreg. No har Abraham lært av sine venner korleis han bør kle seg på vinterstid og Abraham har også lært at han vil bli vand til det kalde veret etterkvart.

Abraham nemner også at ein av dei tinga som er så bra med Noreg, er at tida blir respektert. Folk møter opp til avtalt tid og dette er han ikkje vand med frå heimlandet.

“And very good thing that is, eh, respect time. I try to do that here” (Abraham, 36, Sudan).

4.10 Privilegerte nordmenn

Fleire av mine informantar uttrykkjer ei stor glede over å bu i Noreg og kommunen. Dei føler dei har ei stor friheit her og moglegheit til å oppnå noko med livet.

18 år gamle Georgia frå Afghanistan er takknemleg for at ho og familien hennar no er i eit trygt og fritt land. Ho synes derimot at ungdomen i Noreg er for lite takknemlege over kva dei har. Dette synest ho er synd. På grunn av dette har Georgia valt å vere open om korleis ho hadde det i heimlandet sitt, og korleis flukta til Noreg var. Ho har holde foredrag framføre klassa si og på høgskulen i kommunen om dette.

”Det er bedre at ungdomar her i Norge hører om det, fordi dei er ikkje takknemmeleg. Dei har alt, dei har masse, dei har data, internett, alt, men dei tenker ikkje på det” (Georgia, 18, Afghanistan).

Også 29 år gamle Fatima frå Somalia meiner det er viktig å setje pris på det ein har her i landet. Ho er oppteken av å oppdra barna sine slik at dei lærer å setje pris på ting, og at dei ikkje blir bortskjemte. Ho fortel ei historie med barnet sitt som ikkje ville ete maten ho hadde laga:

”Veit du ka, når eg gir til mat, dei sa eg vil ikkje ditta mamma. Og ein dag eg sa til han at du er heldig som er født i Norge. Nokon barn dei har ikkje mat. No har han lært at når han et mat, han tar tre skei, når han er ferdig, viss han har lyst, han tar igjen. Men han slutta å kaste mat” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima seier at ungen hennar er liten enda, men det er viktig at han forstår at han ikkje skal sløse med maten og setje pris på det han har.

4.11 Møte med det offentlege

Abraham frå Sudan har merka seg ut ein ting som han meiner er spesielt med Noreg, det er korleis offentlege tilsette møter ”den vanlige mannen på gata”. Han viser særleg til tilsette ved helsestasjonen i kommunen og skryt av all den hjelpa familien hans fekk hos dei.

Abraham seier at dette aldri ville ha skjedd i hans heimland. Der er det eit sterkt skilje mellom arbeidsliv og privatliv.

“You know that in our cultures if a man is working in official, there is, eh, never, he can never talk with you in other things that is your help or advice. Give you advices or take for me my consults” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham var svært overraska over at ordføraren i kommunen var som folk flest. Han køyrde rundt i ein vanleg bil, var med på dugnader og omgjekk mennesker som dei var hans eigne venner. Dette er ikkje Abraham vand med frå sitt eige heimland, og er noko av det han set mest pris på med det norske samfunnet. Han er altså ein sterk tilhenger av demokratiet og dets grunnleggjande verdiar.

“Eh, to find a administration person in this area. He is part of the people. He is working with him. Holding bags like everybody. That is the mayor. He is also enjoying. But that is very shock to find that he is going without

guard. He is going without uniform. Especially uniform. He's car is like other people. Wearing clothes like that and I ask him later that where is your limousine, where is your guard? [...]. This is learned me. Gived me a lesson. That is the difference between democratic country and dictatorship country (Abraham, 36, Sudan).

Abraham er svært oppteken av forskjellane mellom det politiske systemet i Noreg og Sudan. Dette er naturleg, ettersom han har studert økonomisk og politisk vitenskap i heimlandet. Det verkar som om Abraham synes det er spesielt at ordføraren er som ein vanleg person som oppfører seg slik som alle andre.

4.12 Avslutning

I dette kapitlet har eg teke opp ulike kulturelle og sosiale forskjellar som informantane opplever at det er mellom Noreg og flyktingane sine heimland, samt kva som er med på å føre til trivsel blant flyktingane i kommunen. Flyktingane tek opp ulike kulturelle skilnader, men dei forskjellane som er mest framtrudande er: likestilling, nordmenn sin helsemåte og klimaet i kommunen. Flyktingane nemner også fleire aspekt som peiker seg ut som annleis, som respekt for andre si tid, møte med offentlege personar og uskrivne reglar når det kjem til besøk av nordmenn. Nokre av flyktingane, spesielt kvinnene, heldt fram likestilling som det beste med det norske samfunnet. Georgia frå Afghanistan og Fatima frå Somalia har for eksempel ikkje hatt moglegheit til å gå på skule eller arbeide i sine eigne heimland. Dei vart tvungne til å vere heime å gjere husarbeid og passe småsøsken. Kvinnene i deira samfunn vart sett på som annanrangs, og det var mennene som tok dei viktige avgjerslene. Georgia uttrykkjer at det var ei frigjering for henne å kome til Noreg. Her har ho uendeleg med moglegheiter og ho seier at ho kan verte det ho vil. Fatima er også svært fornøgd med å bu i kommunen, og set spesielt pris på at kvinnene har ei framtrudande rolle i samfunnslivet. Også Abraham er oppteken av likestilling i Noreg, og er spesielt imponert over kvinner si deltaking på arbeidsmarknaden. Dette er han ikkje vand med frå sitt eige heimland.

Tilsette ved frivillighetssentralen og innvandrarkontoret seier at det er svært viktig for flyktingane sjølve å engasjere seg i lokalsamfunnet dersom dei skal bli godt integrerte i kommunen. Det nyttar ikkje å sitje heime i si eiga stue og vente på at ting skal skje. Er ein aktiv og engasjert i ulike lag og organisasjonar, vil ein enklare bli kjent med folk og ein får også praktisere språket på ein god måte. Eg har ei oppfatning av at fritidstilbodet i kommunen er svært bra, og dei var fleire av flyktingane som nytta seg av desse tilboda.

Når det kjem til trivsel i kommunen, verkar det som om flyktningane trivest i stor grad. Det er sjølvsagt uvant å kome til eit heilt nytt land og måtte setje seg inn i nye skikkar og reglar, men det verkar som om alle informantane eg har prata med er interesserte i å lære om norsk språk og samfunnsliv. Etter at eg hadde utført intervjuet fekk eg eit inntrykk av at flyktningane trivdest i kommunen. Årsakene til dette var fleire, men trygghet, størrelsen på kommunen, hyggelege menneske, vakker natur, gode oppvekstvilkår for unge og eit stort aktivitetstilbod vart framheva som viktige trivselsfaktorar blant flyktningane.

Barnefamiliar peika på at det var lett for borna deira å bli kjende med andre born, og at det på den måten var enklare for dei vaksne også å kome i kontakt med andre nordmenn. Også flyktningar utan born hevda dei trivdest i bygda, spesielt dei som var aktivt med på fritidsaktivitetar og ulike lag og organisasjonar.

Korleis flyktningar oppfattar nordmenn har også mykje å seie for korleis dei trivast i kommunen. Nordmenn blir gjerne rekna som reserveerte og tilbakehaldne, og dette kan for nokre tolkast i negativ forstand. Nokre av flyktningane har merka seg helsemåten til nordmenn. Flyktningane reagerer på at nordmenn ikkje tek seg tid til å slå av ein prat når dei møtast. Nordmenn går gjerne rett forbi, eller seier berre hei, noko som er uvant for mange av flyktningane. I deira heimland tek ein seg gjerne betre tid til å prate med kvarandre når ein møtast. Dette har med kulturelle forskjellar å gjere. Flyktningane uttrykkjer at nordmenn i hovudsak er snille, hjelpsame og respektfulle ovanfor andre, men det negative elementet som blir trekt fram er altså helsemåten til nordmenn.

Historiene til informantane viser også at nokre av dei har opplevd problem med språk. Dette er ikkje overraskande, ettersom det ikkje er enkelt å lære seg eit heilt nytt språk. Det viser seg at det som var mest framtrudande var bruk av ulike dialekter. Flyktningane lærer nynorsk på språkkurs, og i vanleg daglegtale er det slik at lokalbefolkninga bruker dialekt med sine egne ord og uttrykk. Dette er gjerne noko som tek tid å venne seg til. Ein kan gjerne stille spørsmål ved utfordringar som flyktningar møter med utkantsdialekter. Ein kan tenkje seg at utkantsdialekter kan vere eit sterkare hinder for integrering enn kva det normale talespråket kan vere i sentrale, bokmålstalende område. Mine informantar har ikkje reflektert noko særleg over dette, anna enn at nokon av flyktningane seier dei har opplevd nokre problem med det å forstå dialekter i jobbsamheng. Thomas opplyste at dei på arbeidsplassen hans er veldig flinke å forklare, dersom det er noko han ikkje forstår. Ein viktig faktor for at ein skal trivast

på arbeidsplassen er at kommunikasjonen mellom tilsette og mellom tilsette og brukarar er god. Her kjem introduksjonsordninga inn i biletet. Den skal sikre at flyktningane lærer seg norsk språk og er godt rusta til å kome inn i arbeidslivet.

Når ein ser på situasjonen til Georgia og Sofia, kan ein sjå at dei begge har gjort store endringar i sine liv då dei kom til Noreg. Georgia slutta å bruke hijab, medan Sofia konverterte frå islam til kristendommen. Begge har forklart kvifor dei valde å gjere desse endringane. Det var ikkje press frå foreldre som gjorde at dei bestemte seg for det, men dei gjorde det av fri vilje. Sjølv om Georgia og Sofia valde desse endringane av fri vilje, kan ein likevel sjå at det skapte reaksjonar, spesielt frå flyktningmiljøet i kommunen. Sofia fortel at det begynte å gå ein del rykte om henne etter at ho byta religion. Desse rykta gjekk spesielt blant den afghanske gruppa i flyktningmiljøet i kommunen. Georgia opplevde også reaksjonar då ho valde å ta av seg hijaben. Ho føler at ho får blick frå nokre når ho går utan det religiøse hodeplagget, og desse reaksjonane kjem spesielt frå flyktningar i kommunen.

Eg kan godt forstå at dette er ein vanskeleg situasjon for Sofia og Georgia. På den eine sida skal dei prøve å tilpasse seg det norske samfunnet, landet sine skikkar og verdiar. På den andre sida er det eit visst normpress i tradisjonar som dei og andre flyktningar har med frå sine eigne heimland, om korleis ein bør oppføre seg og framstå ovanfor andre. I dette tilfelle kjem altså kulturelle forskjellar inn i biletet. Det blir eit slags forventningspress frå to sider; frå personar i det nye landet ein har kome til på den eine sida og flyktningar og innvandrarar, på den andre sida. Georgia opplevde det som vanskeleg å verte kjend med personar i starten då ho byrja på helse- og sosialfag i nabokommunen. Situasjonen betra seg likevel då ho lærte seg det norske språket. Om Georgia hadde gått med hijab i klassa, kunne situasjonen vore annleis. Med eit dekkjande plagg på hovudet skil ein seg ut frå dei andre elevane og i ungdomstida er det gjerne eit stort press om å vere mest mogleg "lik" dei andre. Georgia seier at ho føler det er normalt å gå utan hijab i Noreg, og at familien hennar "blir som norske".

Sofia følte også at det skapte reaksjonar blant andre flyktningar då ho valde å skifte religion. Ho føler at andre pratar bak ryggen hennar om ho, og at det går nokre rykte blant andre flyktningar. Ho føler at det er spesielt i den afghanske flyktninggruppa at reaksjonane har vore størst. Sofia seier også at ho unngår folk som ikkje liker henne, fordi ho vil ikkje skape nokon problem. Dette vil altså seie at på grunn av hennar religiøse konvertering, har altså Sofia mista kontakt med nokre av sine "eigne" i kommunen. Her ser ein altså at Georgia og

Sofia står ovanfor ein vanskeleg situasjon, der dei står mellom to sider. Dei har begge vald å leggje delar av skikkar og tru frå sine heimland bak seg, til fordel for ei meir vestleg orientering. Dette har skapt reaksjonar blant nokre flyktningar i kommunen, men jentene har likevel vald å gjere det dei føler er best for dei sjølve.

Dette kapitlet viser altså at flyktningane har ulike preferansar når det gjeld kva dei anser for viktig for å trivast på ein stad. Nokre vil det beste for sine born og leve under trygge og rolege oppvekstvilkår, medan andre vil ha eit meir urbant liv, der det kanskje er større jobbmoglegheiter enn kva som er tilfelle i kommunen.

5. Møtestader

5.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg halde fram med ei drøfting av flyktningar i [kommunen] sine vilkår for integrering i lokalsamfunnet. Som nyinnflytta til kommunen, møter ein gjerne ulike utfordringar i dagleglivet. Flyktningane blir først innlemma i introduksjonsprogrammet, slik at dei får moglegheiter til å lære seg det norske språket, bli kjent med det norske samfunnet og føle at ein har ei sosial tilknytning til staden. Eg vil i byrjinga av dette kapitlet gi ei skildring av introduksjonsprogrammet og sjå korleis informantane oppfatta å delta i det. Eg vil også rette eit blikk mot informantane sin utdanningsbakgrunn frå heimlandet, med tanke på utplassering i arbeidslivet og i språkpraksis. Det er midlertidig ikkje berre språk som er viktig. Sosialt nettverk er også viktig. Sosiale nettverk kjem ikkje av seg sjølv. Dette må flyktningane jobbe for å opprette. I dette kapitlet vil eg diskutere dette opp mot temaet møtestader. Kvar er det flyktningane møter personar i dagleglivet? Er det på skulen og i jobbsamanheng, eller i nabolaget, på fritida eller gjennom frivillige lag og organisasjonar? Føler flyktningane at dei har knytta gode og varige band til personar i den kommunen dei har flytta til, eller held dei seg mest saman med ”sine egne”? Dette er spørsmål som eg skal utdjupe nærmare i dette kapitlet.

5.2 Introduksjonsprogrammet og godkjenning av kompetanse frå heimlandet

Felles for flyktningar som blir busette i norske kommunar er at dei må gå igjennom eit introduksjonsprogram for å lære om norsk språk og samfunnsliv. Ifølgje introduksjonslova er innvandrarakar frå 16-55 år med opphaldsløyve pliktige til å gjennomføre 300 timar undervisning i norsk og samfunnskunnskap. Andre mål som introduksjonsordninga siktar mot å oppnå er: likestilling, deltaking og integrering i det norske samfunn, samt at flyktningane skal kunne bruke sin kompetanse (<http://www.lovdato.no/all/hl-20030704-080.html#map002>).

Kommunane mottek eit integreringstilskot i fem år for kvar busette flyktning, som skal hjelpe kommunen med deira utgifter ved busetjing og integrering. Målsetjinga er at ordninga skal medføre at flyktningane kan kome raskt over i utdanning eller arbeid (<http://www.lovdato.no/all/hl-20030704-080.html#map002>).

Integreringstilskotet varierer ut i frå om ein er vaksen, barn, einsleg vaksen eller einsleg mindreårig (<http://www.imdi.no/no/Tilskudd/2013/Integreringstilskudd/>). Dersom ein er vaksen er integreringstilskotet (2013) 165 000 kroner per år, for barn 145 000, for einslege vaksne er det 215 000 og for einslege mindreårige er tilskotet på 165 000.

Flyktningkonsulenten i kommunen opplyser at kommunen ikkje har noka plikt til å få introduksjonsdeltakarane over i arbeid. Kommunane har ei plikt til å tilretteleggje for introduksjonsprogram, og å gi eit godt kvalifiseringstilbod tilpassa den einskilde. Målet med introduksjonsprogrammet er overgang til arbeid eller utdanning, og å verte økonomisk sjølvhjelp.

Vidare seier ho at busetting av flyktningar er eit tett samarbeid mellom kommunen, IMDi og asylmottaka i Noreg. Ein prøver så langt det let seg gjere å plassere flyktningar i kommune der enten utdanningstilbod eller arbeidsplassar som vedkomande ynskjer/har frå før, finst. Slik sett prøver ein å "matche" flyktningen til kommunen. Så arbeidserfaring og utdanning spelar ei rolle i busetjingsarbeidet.

I følgje flyktningkonsulenten, har kommunen eit godt samarbeid med omsorgssenteret i forhold til å få flyktningar ut i språkpraksis og arbeidspraksis. Nokre flyktningar har arbeidserfaring frå heimlandet, og dei får i følgje flyktningkonsulenten tilbod om arbeid etter ein periode med praksis. Andre tek utdanning i Norge og får tilbod om arbeid. Flyktningkonsulenten seier at etterspørselen har mykje å seie med tanke på kven som kjem seg i arbeid. Og etterspørselen varierer i ein viss mon med skiftande økonomiske konjunkturar.

Kommunen hadde ikkje noko tilbod om lokalt introduksjonsprogram då eg utførte mine intervju (hausten 2012). Dei hadde etablert eit samarbeid med ein nabokommune for å kunne gjennomføre programmet for eigne flyktningar. Dette gjorde at flyktningane måtte pendle to timar kvar dag til ein av nabokommunane. Informantane gav ikkje uttrykk for at dette var noko dei reagerte på, bortsett frå at dei syntes det var ein lang køyretur. Dei måtte tidleg opp om morgonen og kom gjerne seint tilbake på ettermiddagen. Med barn i hus som treng oppfølging frå sine foreldre var gjerne ikkje dette heilt optimalt.

”Vi måtte reise kvar dag frå [kommunen] til [nabokommunen] og det var litt travelt” (Thomas, 46, Kongo).

Alle flyktningane som eg har intervjuar har anten gjennomført eller driv på med introduksjonsordninga. Dersom flyktningane skal få støtte frå staten, er dei pliktige til å kome seg igjennom introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet er obligatorisk for flyktningar med behov for grunnleggjande kvalifisering og som er busett med offentlig hjelp (www.imdi.no). Det verkar ikkje som flyktningane i min kommune ser på introduksjonsordninga som nokon tvang. Dei ser heller på det som eit nyttig verkemiddel for å kome inn i det norske samfunnet. Samtlege av mine informantar gir uttrykk for at dei ser nytta av å kunne norsk, og spesielt for å kome seg inn i samfunnet.

”Viss ein vil jobbe her i Norge, du må snakke norsk” (John, 39, Kongo).

Eit gjentakande element i mine intervju er at flyktningane ønska seg faste jobbar, men for å få dette opplever dei at dei må lære seg norsk og skaffe seg kontaktar. Det er vanskeleg å skaffe seg kontaktar dersom ein berre pratar sitt eige morsmål.

Som vist i kapittel 3 var det fleire av flyktningane som hadde utdanning frå heimlandet som dei ikkje fekk godkjent i Noreg. Flyktningkonsulenten hevdar at kommunen prøver å ”matche” arbeidet til flyktningane med tidlegare utdannings- og jobberfaring før dei skal plasserast i arbeidslivet. Det å få godkjent utdanninga si, viser seg midlertidig å vere vanskeleg.

Louisa har utdanningsbakgrunn frå ein lærarhøgskule i Etiopia. Ho har tidlegare jobba som lærar i Eritrea og Etiopia og ho har også jobba med distribusjon av matvarer for FN. Louisa fortel at ho har sendt søknad til Nokut for å få godkjent utdanninga si her i Noreg.

”I send also all my documents to Nokut. I’m waiting for the answer from Nokut. [...] Viss du har utdanning frå heimlandet, du må sende til nocot, dei godkjenner, og they will tell you this and this” (Louisa, 41, Eritrea).

Louisa hadde ikkje fått svar på forespørselen om godkjenning då eg utførte dette intervjuet.

John er ferdig utdanna sjukepleiar frå Kongo. Han gjekk på høgskule i fire år i Kongo, samt jobba på eit sjukehus i heimlandet etter studia. Han søkte også til Nokut, men utdanninga vart ikkje godkjent. På spørsmål om han kunne tenke seg å gå sjukepleierstudiet om igjen, har han eit klart svar på dette:

”Nei, eg blir så gammal. Eg kan ikkje gå vidare på skole” (John, 39, Kongo).

Thomas har også sjukepleiarutdanning og har jobba som sjukepleiar i 12 år i heimlandet sitt. Han søkte også Nokut om godkjenning av utdanning, men søknaden vart avvist.

Abraham venter fortsatt på om utdanninga hans frå Sudan vert godkjent. Han er optimistisk med tanke på framtida:

“I sent my certificate, University certificate to Nokut in Oslo and they said that it would evaluate within Norwegian education and then give me a result after a month maybe, or two months. And after that, I hope I get a chance to go to University” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham hadde ikkje fått svar på søknaden då eg utførte mine intervju.

At flyktningane ikkje får godkjent utdanninga si frå heimlandet, er ikkje noko dei har reflektert over i stor grad. Det verkar som om informantane er svært taknemlege over å få bu i Noreg, og dei ønskjer gjerne å kome i jobb, slik at dei kan gi noko tilbake til samfunnet og kome inn i det norske miljøet.

5.3 Jobb og utdanning som møtestad

Flyktningane tilbringer gjerne store delar av tida si på skule eller på arbeid. Difor er det naturleg å sjå på arbeids- og utdanningsstaden som stader der ein kan møte ulike menneske og stifte kontaktar.

I følgje Maria, er det ikkje lett å stifte bekjentskapar på hennar arbeidsstad. Ho arbeider til vanleg på omsorgsheimen i kommunen, der ho tek hand om dei eldre.

”Nei, ikkje på jobben. Nabo eller foreldre til ungane, som ungane går saman med. Men ikkje på jobb. Der bare jobb. Bare seie hei” (Maria, 27, Eritrea).

Maria utdjuper ikkje kvifor det er vanskeleg å verte kjent med andre på arbeidsstaden, men eg oppfatta det slik at ho ikkje har etablert nokon personlege relasjonar til dei ho arbeider med. Maria seier altså at dei bekjentskapane ho har stifta, har vore gjennom naboane eller foreldra til ungane hennar. Også 22 år gamle Sofia gir uttrykk for det same. Ho arbeider som kjøkkenhjelp ved omsorgsheimen annankvar helg. Sidan ho jobbar sopass sjeldan, er det mykje utskiftingar på jobb, og dette meiner ho går ut over det sosiale miljøet og moglegheita til å ha god kontakt med sine arbeidskollegaer.

”Kvar gang vi jobbar der, forskjellige menneske, fordi det er vikarjobb, eller som ekstra nokon. Kvar helg det kommer andre personar” (Sofia, Iran, 22).

Årsaka til dette er nok at det er mange som er ekstravakter og ringevikarar på kjøkkenet på omsorgsheimen, spesielt i helgene. Slike kjøkkenvakter, er gjerne populære blant studentar og andre midlertidige arbeidarar. På den måten er det ikkje lett å etablere faste jobbrelasjonar. Sofia seier at ho av og til kan kjenne igjen personar som arbeider ved kjøkkenet dei helgene ho er på jobb. Sjølv om ho dreg kjensel på desse personane, blir ikkje det slik at ho stiftar vennskap på jobb.

”Av og til det blir samme personen ja. Det ikkje bli venn, men vi kan snakke og prate og vi sitter sånn” (Sofia, 22, Iran).

Her kan ein altså sjå ein likskap mellom Sofia og Maria. Ingen av dei har fått stifta kontaktar eller vennskap på jobb. Forskjellen mellom dei, er at Maria har blitt kjent med fleire norske ved hjelp av borna sine og nabolaget, medan Sofia ikkje kjenner nokon norske. Sofia står altså utanfor det norske fellesskapet i kommunen. Sofia var også ein av dei få personane eg intervjuar som ikkje hadde fått seg nokre norske venner, eller hadde kontakt med nordmenn i kvardagslivet. Ho går til vanlig på vaksenopplæring, og der er ho saman med andre flyktningar og utlendingar. Ho har prøvd å skaffe seg norske venner, men dette har ikkje fungert for henne.

”Eg tror sånn. Det er litt vanskeleg å ha kontakt eller bli venn eller. Eg veit ikkje, men eg prøvde, eg prøvde, eg veit ikkje, men det går ikkje. Eg kan ikkje gå til dem, eller dei vil ikkje” (Sofia, 22, Iran).

Sofia fortel at ho prøvde å bli kjent med nordmenn ved å melde seg inn i ei dansegruppe på treningssenteret. Det gjekk greit medan dei var på trening. Då hadde jentene det kjekt saman, men etter trening var saka annleis:

”Uten trening eller sånn, viss vi går på hverandre, vi treffast, dei ikkje seier hei. Det var som om dei aldri ikkje såg meg” (Sofia, 22, Iran).

Georgia fortel at første året på ungdomsskulen var veldig trist for henne. Ho kunne ikkje språket og ho hadde ikkje venner. Ho gjekk mykje åleine, men heldigvis begynte det ei anna utanlandsk jente på skulen og desse fekk god kontakt.

Dei norske som går i same klasse har gjerne kjent kvarandre sidan barnehagen, og har på den måten fått danne eit heilt spesielt fellesskap og kjennskap til kvarandre og det er ikkje enkelt for andre å sleppe inn i dette fellesskapet. Og om ein heller ikkje kan det norske språket, kan ein gjerne føle seg litt utanfor. Det er ikkje alle nordmenn som er komfortable med å snakke anna enn sitt eige morsmål. Georgia hadde sine egne tankar rundt dette:

”Kanskje de hadde rett fordi eg kunne ikkje språket, så kanskje de blir sjenert av å snakke med meg” (Georgia, 18, Afghanistan).

For Georgia har situasjonen betra seg betrakteleg då ho lærte seg norsk. No går ho berre bort til sine medstudentar og seier ”hei”. Det å ta kontakt med folk, er altså ikkje lenger eit problem. Ho seier sjølv at det var mangel på språkkunnskap som gjorde at ho følte seg einsam og utanfor. Ho har no fått mange norske venninner gjennom studiet. Dette har nok å gjere med at ho i klassa har blitt del av eit fellesskap, som omgåast med kvarandre kvar dag. På den måten blir ein nødt til å ta kontakt med personar som ein kanskje ikkje ville prata med på fritida. På skulen er der gjerne fellesaktivitetar, der ein jobbar saman i små grupper.

Sofia står i ein annan situasjon, sidan ho går på vaksenopplæring saman med andre flyktningar og utlendingar. Ho har ikkje ”tilgang” til så mange norske kontaktar som det Georgia har. Sofia må stå på meir aktivt for å skaffe seg venner, og det er gjerne ikkje like enkelt. Her kan det vere interessant å trekkje inn nettverksbegrepet, og teoriane til Granovetter om sterke og svake band.

Ein kan tenkje seg at situasjonen til Sofia vil bli betre når ho startar i ei klasse med norske elevar. Da får ho kome i kontakt med folk på sin eigen alder og praktisert språket. Nøkkelorda for å skaffe seg norske kontakter er altså språk, fellesskap som inkluderer og ekskluderer, nettverk og det å tørre å ta initiativ og vere litt frampå. Sofia har mest kontakt med sin eigen familie, det Granovetter gjerne beskriv som ”sterke band”. På den måten får ho ikkje tak i informasjon om fritidsaktivitetar og arbeidsliv, som svake band kunne vore med på å gitt henne. Dei sterke banda er altså ingen ressurs for spreing av ny informasjon.

5.4 Nabolag, nærmiljø og møte via barn

På spørsmål om korleis flyktningane har blitt kjende med nordmenn, har dei ulike svar. Flyktningar med barn har gjerne blitt kjent med andre foreldre gjennom ulike aktivitetar på

barnehagen og skulen. Paul frå Eritrea er eit eksempel på dette. Han seier at han har blitt kjent med nordmenn gjennom aktivitetane som borna hans er med på. Aktivitetane til borna er gjerne plassert eit stykke unna deira heimstad og borna er avhengig av at nokon køyrer dei dit. Her får Paul hjelp av sine norske kontaktar. Han har generelt ei svært positiv haldning til nordmenn og sine naboar:

”I [kommunen] folk er veldig hyggelige. Veldig snille. Eg liker [kommunen] folk” (Paul, 41, Eritrea).

Eit anna eksempel er Thomas som jobbar som tilkallingsvikar på eit rehabiliteringssenter. For å kome seg dit må han enten ta buss eller køyre bil. Sidan han sjølv ikkje har sertifikat er han avhengig av buss eller at andre køyrer han. Han fortel meg om sin nabo:

”Eg skal få førerkort, men den mann er veldig bra, fordi viss eg er på jobb og i elleve-tida, det er ingen buss som kan komme her oppe og det er kanskje snø eller regna, eg kan berre ringe til han. Om natta det er veldig mørkt og det er ingen buss, ver så snill, kan du komme og hente meg? Er på [staden der han jobbar]. Brr. Han køyrer og hentar meg og tilbake, men det er. Vi har god kontakt” (Thomas, 46, Kongo).

Nokre seier også at dei har blitt kjent med naboane som bur nært dei sjølve.

Maria seier ho har mykje kontakt med nordmenn i løpet av dagane, anten det er naboar, venner eller arbeidskollegaer.

”Eg har kontakt med naboane eller norske barn, eller på jobb. Så eg har masse kontakt med norske” (Maria, 27, Eritrea).

Sjølv om nokre av mine informantar har gode relasjonar med sine norske naboar, er det likevel ikkje alle som har det slik. Martha har fått eit inntrykk av at hennar norske naboar alltid er så opptekne, difor er det ikkje så lett å ta kontakt med dei. Sjølv om Martha ikkje har så god kontakt med sine norske naboar, har ho likevel kontakt med andre nordmenn. Desse har ho blitt kjent med gjennom borna sine. Ho har mykje arbeid med å følgje opp dottera si, ettersom ho er med på både KRIK, symjing, song og fotball. Martha seier at desse aktivitetane er med på å gjere slik at ho får kontakt med andre barn sine foreldre. Det er spesielt ei kvinne ho har fått god kontakt med, som er mora til ei av klassevenninnene til Marthas dotter.

Louisa har også fleire nordmenn i sitt nabolag. Ho har også ei oppfatning av at nordmenn kan verke litt opptatt, og at det gjerne blir mest: ”Hei, hei” når ho møter dei utanfor huset sitt.

”Når eg såg dem: ”Hei, hei” [ler]. Dei er veldig opptatt” (Louisa, 39, Eritrea).

Det er berre ein av mine informantar, Abraham på 36 år, som ikkje har nokon norske naboar i sitt nabolag. Han seier at alle i hans nabolag er utanlandske.

”There is no Norwegian neighbors there. They are all neighbors who are near my house, are innvandrers all of them” (Abraham, 36, Sudan).

”I am living very far away” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham og familien hans bur ca 30 min frå sentrum, og dei har store vanskar med å kome seg til tettstaden, spesielt når det er vinter. Sidan Abraham og kona hans ikkje har bil, er dei avhengige av buss, eller naboar som kan køyre dei. Årsaka til at han og familien bur så langt frå sentrum, er at kommunen har eit visst antal kommunale bustader som flyktingar blir plasserte i. I [kommunen] finst det fleire slike stadar, og Abraham har blitt plassert i den kommunale bustaden som er lengst vekk frå sentrum. Abraham har gjort seg opp nokre tankar om at kommunen plasserer innvandrar langt frå sentrum. Dette kan vi sjå døme på i dette sitatet:

”But also I see, eh, that is something. My idea. Innvandrers people whom are coming from other countries. We have some people from Africa, from Asia, eh, while you are putting them together in a far place, eh, it is not, they do not get the chance to touch with the Norwegian people” (Abraham, 36, Sudan).

Vidare, kjem han med eit anna utsagn:

“Some people are thinking that maybe we are coming from a poor country. From a poor society. A Norwegian would think that if we get food, housing, everything, that is better for us. They are not respect us” (Abraham, 36, Sudan).

”If you have no cars it is difficult for you to go” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham seier at kona ikkje forlet huset dersom det er snø og glatte vegar ute. Ho har hatt ein operasjon, som gjer at det blir vanskeleg for henne å bevege seg på glatte vegar.

”She never gets out from, from the house. Also she has had an operation and she cannot pull the trill. With the child. But if we come here it is better. To centrum” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham synes det er dumt at flyktningar blir plasserte i leilegheiter langt frå sentrum, der dei nesten ikkje har nokre norske naboar. Han kjem med eit forslag til kommunen, om at det ville vore meir fornuftig å plassere innvandrarak og flyktningar i nærleiken av andre nordmenn.

”But I think, better if they will get innvandrers inside among the people and not to put all of them in one place and commune must understand that. And let them (innvandrarak) be in contact with the people” (Abraham, 36, Sudan).

Flyktningkonsulentent som eg har intervjuat fortel at kommunen har cirka 80 utleigebustader. Nokre av bustadane er bygde gjennom finansiering av Husbanken med tanke på busetting av flyktningar, så dei vert stor sett halde av til flyktningar. Innvandrarkontoret konkurrerer med dei andre instansane i [kommunen] for å få husvære til nye flyktningar (førstegongs busetjing), og tildelinga skjer i eigne tildelingsmøte der fleire instansar i kommunen deltek (inkludert dei bustadane som er bygde med midlar frå Husbanken). Flyktningkonsulentent seier vidare at når dei vurderer kvar ein flyktning skal få husvære så er det fleire hensyn å ta, blant anna: størrelsen på husværet, nærheit til skule/barnehage for familiar, samt ledig kapasitet i dei kommunale husværa. Flyktningkonsulentent seier at det har vore lite gjennomstrøyming i dei kommunale husværa, så kommunen har gått ut på den private marknaden for å skaffe husvære til dei som skal busetjast i kommunen. Av og til er det kommunen som leiger husvære med privatakørar for så å ha husværet på framleige til flyktningent. Av og til leiger flyktningent direkte med privat huseigar.

Abraham sin situasjon skil seg ut frå dei andre informantane sine situasjonar ved at han og hans familie er dei einaste av mine informantar som ikkje har nokre norske naboar rundt seg. Det verkar som om Abraham har god kontakt med naboane sine, men han skulle gjerne ønske at familien hans kunne budd nærmare sentrum fordi dette hadde gjort kvardagen deira enklare, både når det gjeld transport og det å kome i kontakt med nordmenn. Abraham kjem med interessante refleksjonar når det kjem til bustadsituasjonent for flyktningar i kommunen.

Når det gjeld situasjonent til Abraham, har kommunen ein regel om at flyktningane må akseptere det første butilbodent kommunen kjem med. Dersom ein person eller familie ynskjer å flytte så er det vedkomande sjølv som må ordne alt det praktiske rundt flyttinga.

Innvandrarkontoret kan i enkelte tilfelle tilby hjelp for å ringe på ledige husvære dersom vedkomande ikkje har nok språk sjølv. Flyktningkonsulentent opplyser at flyktningane konkurrerer med alle studentane i [kommunen] når det gjeld leige av husvære. Ho seier at enkelte utleige-aktørar i [kommunen] er positive til å leige ut til flyktningar/innvandrarak, og

mange av desse husværa ligg i sentrum. Flyktningkonsulentene seier at det varierer veldig kva tilgang kommunen har på husvære for flyktningar, men dei siste to åra har det vorte vanskelegare å skaffe husvære for busetjing av flyktningar. Dette har resultert i at kommunen må meir ut på den private marknaden.

5.5 Andre møtestadar

Andre flyktningar, derimot, har meir utypiske historier å fortelle når det gjeld korleis dei har kome i kontakt med nordmenn. På spørsmål om det var vanskeleg å kome i kontakt med nordmenn, har Thomas frå Kongo følgjande svar å kome med:

”Det er lett fordi eg begynne å bli kjent med folk når eg var på Rema 1000. Vi var å handla mat og det kjem ein norsk mann som begynne å spør meg på engelsk og han fortel meg at: Kanskje eg kan kome å besøke deg ein dag?. ”Ja, det er ingen problem, bare kom du” (Thomas, 46, Kongo).

Her er altså eit eksempel på det ein kan kalle utypisk oppførsel av nordmenn i [kommunen]. Det er ikkje mange folk som går bort til vilt framande i butikken og spør om dei kan kome på besøk.

Ein av informantane eg prata med, John frå Kongo, fortalte meg at han hadde fått seg ein bestevenn etter å ha vore to dagar i [kommunen]. Han fortel meg at denne personen var tilsett ved Høgskulen i [kommunen] og at han hadde gått på innvandrarkontoret og sagt at han ville bli venn med familien som flytta til kommunen, altså John sin familie.

”Så etterpå det er han som hjelper oss til å få mange, mange, mange venner her. Fordi han brukte å invitere mange, mange folk” (John, 39, Kongo).

John har hatt ein klar fordel her. Ettersom han har blitt kjent med ein slik ressurssterk person med stort nettverk, har han med ein gong ”fått ein fot innanfor” og på den måten kan han enklare kome i kontakt med nordmenn.

Også Abraham frå Sudan har vore heldig, og blitt kjent med nordmenn gjennom ein annan person. Han er aktivt med i kyrkjemiljøet i [kommunen], og her møtte han ein person frå Rwanda. Han kom også til [kommunen] som flyktning. Denne personen er svært initiativrik

og har eit stort nettverk i [kommunen]. Dette har Abraham drege nytte av, og har no blitt kjent med fleire nordmenn som han omgåast med i kvardagen.

Eg utførte eitt av mine intervju på det offentlege biblioteket i [kommunen]. Her kunne eg sjå at dette var ein naturleg møtestad for både innvandrarak og flyktningar. Sjølv om eg såg i hovudsak utanlandske personar som brukte biblioteket, var det likevel berre to av mine informantar som nytta seg av dette tilbodet.

Louisa er ein av dei som set stor pris på [kommunen] bibliotek. Ho har utdanningsbakgrunn frå lærarhøgskulen i Etiopia, og er no i språkpraksis på ein av barneskulane i kommunen. Louisa reiser til biblioteket kvar dag, sidan ho set stor pris på hjelpa ho får frå dei tilsette her. Ho har også fått fleire venner som ho har kome i kontakt med gjennom biblioteket. Ho seier at dei som jobbar der er svært hjelpsame og at dei tilsette har lært henne mange ting.

Eg får inntrykk av at biblioteket i [kommunen] er ein god møtestad for innvandrarak og flyktningar i kommunen. Av mine informantar var det berre to som nevnte at dei nytta seg av tilbodet, nemleg Louisa og Paul. Eg forstod det slik at desse informantane sette stor pris på biblioteket. Det er ein stad der dei kan stille spørsmål, lære norsk og kome i kontakt med andre. Ved mitt besøk på biblioteket la eg merke til kor hjelpsame betjeninga var, og at dei tilsette kjende igjen dei som var der.

5.6 Frivillige organisasjonar og personleg engasjement av ulike slag

Eit gjentakande element i fleire av mine intervju er at informantane vert kjent med nordmenn gjennom religiøse aktivitetar, altså at dei er med i ei spesiell religiøs gruppe eller at dei går i kyrkja. Det verkar som om religion spelar ei viktig rolle for fleire av mine informantar og at dette har vore med på å danne sosiale nettverk for enkelte. Ein av informantane, Thomas frå Kongo seier at han og familien er aktivt med i "Nytt Liv-senteret" i nabokommunen. Her ber dei, syng og er saman med andre nordmenn. Han seier at det er nordmenn som driv denne staden og at det er veldig bra stemning der.

Informantane frå Eritrea er alle med i den religiøse gruppa "Eben Eser". Dei seier der er flest folk frå Eritrea med i dette fellesskapet, men der er også norske medlemmar, og pastoren er norsk. I pinsekyrkja Eben Eser har dei ei friare og meir deltakande møteform enn dei har i

statskyrkja. Dette appellerer truleg til mange flyktningar fordi det liknar meir på den religiøse praksisen og samversformene dei er vande med frå sine heimland.

Fatima frå Somalia har også fått to venninner som ho har blitt kjent med gjennom ”Nytt-Liv-senteret” i nabokommunen. Den eine av venninnene hjelper Fatima med å øvelseskøyre når ho treng hjelp til dette. Dei bruker også å invitere kvarandre på besøk, der dei snakkar og kosar seg i lag. Fatima har sjølv muslimsk bakgrunn, men er interessert i å lære om ulike religionar. På spørsmål om ho synes det var vanskeleg å bli kjent med nordmenn, seier ho at det finnes to typer folk:

”Nokon av dei var open og nokon dei var ikkje open, men eg ikkje tror når ein person er stille, han ikkje liker også noko sånn, men det var eit grunn. Denne personen trenger tid [...] Så eg ikkje tenke på negativ. Eg tar ut av hode mitt negativ, fordi at negativ, det var ikkje bra for meg [ler]” (Fatima, 29, Somalia).

Noko som går igjen hos mine informantar er at dei er engasjert frivillig i ulike aktivitetar på ulike område. Nokre hjelper naboar, venner eller familie med ulike gjeremål, medan andre er med i frivillige organisasjonar. Tre av mine informantar deltek frivillig på dugnadar, enten det gjeld å rydde rundt kyrkje eller sjukeheim, luke ugras, plante tre eller det å samle inn klede til verdas fattigaste. Dei gjer ikkje dette for å få pengar, men for å bli kjent med nordmenn og det norske samfunnet.

Abraham på 36 år frå Sudan er også aktivt engasjert i lokalsamfunnet, og er gjerne med på dugnad når kyrkja arrangerer dette. Han er kristen og medlem av den lokale pinsekyrkja i kommunen. Abraham seier at han er med på å vaske og rydde området utanfor kyrkja, og han er også med på å samle inn kle som kyrkja sender til fattige land.

”That is very nice work. I see the face, the humanity. The humanitarian face of [kommunen]” (Abraham, 36, Sudan).

Abraham er også engasjert innanfor organisasjonen Amnesty, og har fått fleire venner her. Han har også blitt kjent med personar ved Høgskulen i kommunen. Abraham har frå før ein bachelor i politikk og økonomisk vitenskap. Han er brennande oppteken av å formidle den viktige budskapet som Amnesty står for og korleis situasjonen er i hans eige heimland. Dette gjer han ved å holde foredrag på høgskulen i kommunen. Abraham seier at dette har hjelpe han med å verte kjent med folk og stifte kontaktar i lokalbefolkninga. Abraham og kona fekk ei dotter då dei kom til [kommunen], og då arrangerte hans norske venner ein slags dåpsfest for henne. Sjølv om hans synes det var merkeleg at han fekk så mange gåver frå sine norske

venner, sette han og familien stor pris på dette. Abraham er også nær venn av pastoren i pinsekyrkja, og er oppteken av å delta på dugnader som vert arrangert av kyrkja. Abraham er ein svært positiv person og seier han kjem godt overeins med alle i bygda. Han går rundt i kommunen og samlar inn pengar og klede for Amnesty International. Han er overraska over tilliten som lokalbefolkninga har til han som person og kor gåvilde og lite mistenksame folk i denne bygda er. Han seier at innbyggjarane i [kommunen] er veldig inkluderande og ønskjer han velkommen.

”Nobody asking us: But where is your document?” (Abraham, 36, Sudan).

”Nobody asking how can we guarantee that you take this money to Amnesty [...] Nobody harass us and say: Go away, we have no money to give to you every time” (Abraham, 36, Sudan).

John, frå Kongo, fortel at han er frivillig fordi han føler han vil gi noko tilbake til sine medmenneske.

”Så vi fått hjelp frå Røde Kors. Fra andre land, så må også hjelpe tilbake der” (John, 39, Kongo).

På spørsmål om kvifor han jobbar frivillig, har han eit enkelt svar:

”Eg må også tenke på andre, ikke sant? Kan ikkje tenke å få pengar” (John, 39, Kongo).

Fatima på 29 år, frå Somalia, bur saman med sin mann og deira felles barn i førskulealder. Ho studerer til dagleg første året, helse og sosial på vidaregåande skule. I sommarferien jobbar ho som vikar på omsorgssenteret og på eit vaskerifirma. Ho er veldig klar på at ho ikkje ønskjer at jobben skal gå ut over skulearbeidet hennar:

”Eg har mykje heimlekse og eg vil ikkje trekke ned karakter [ler]. Derfor eg jobber ikkje, men min mann han jobber” (Fatima, 29, Somalia).

Her er det viktig å få fram at når Fatima snakkar om jobb i dette tilfelle, så meiner ho lønnsarbeid. Fatima brukar store delar av tida si til ulønna arbeid. I helgane jobbar ho som frivillig. Ho hjelper eldre folk som bur i leilegheiter med å vaske, lage mat og å gi dei ein dusj. Ho vil ikkje ha noko tilbake for det, men seier:

”Eg føler at eg har gjort ein god jobb. Når eg sover, sover eg godt”.

Ho kjem også med følgjande utsagn:

”Pengar du kan få. Masse pengar, men du kan ikkje få eit stort hjerte. Når du har med pengar å gjør, eg ikkje tenker på pengar, fordi viss eg er frisk, eg veit 100 % at eg kan få pengar, eg kan jobbe, men hjertet, nei” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima gir uttrykk for at ho er ein person med sterk medkjensle for andre menneske.

Følgjande sitat beskriv dette godt.

”Det var veldig viktig når vi er mennesker. At vi løfter nokon folk når dei trenger hjelp (Fatima, 29, Somalia).

Ho hjelper den eldre naboen sin, både med pleie og husvask, dersom ho ikkje har sett han på eit par dagar.

”Viss eg ikkje ser på tre dagar eller to dagar, eg åpner til han døra og ser om han er bra eller han ikkje er bra” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima seier at det er store forskjellar mellom Noreg og Somalia når det kjem til kven som tek hand om og pleier dei eldre. Fatima fortel at i Somalia bur dei saman med dei eldre i familien, og dette gjer dei til døden skiljer dei ad.

”Vi passer [dei eldre i familien] til slutt” (Fatima, 29, Somalia).

I heimlandet hennar, Somalia, er dei altså vande med å ta hand om eldre i familien på eiga hand. Der er det familien sitt ansvar å pleie og ta vare på dei eldre i familien. Omsorgsheimar og liknande tenester er noko dei gjerne ikkje er vande med frå sine eigne heimland.

”Når du flytter til andre land, du kan se en masse ting du ikkje ser før. Eh, eksempel, eh, omsorgssenter, vi har ikkje i heimland. Vi passer heime” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima opplyser at ei eldre kvinne som ho hjelper, har ei dotter på 35 år som bur i ein by nord i landet og som har to born. Det verkar som om Fatima har medkjensle for denne dottera, sidan ho sjølv ikkje kan hjelpe si eiga mor. Fatima meiner denne situasjonen er vanskeleg.

”Men livet det var sånt. Ho [dottera til den eldre kvinna] har eigen liv, og ho kan ikkje hjelpe til. Eg forstår livet til folk i Norge. Det var veldig vanskelig (Fatima, 29, Somalia).

Eg ønskjer at Fatima skal utdjupe kva ho meiner med at livet i Noreg er vanskeleg, og med dette meiner ho:

”På grunn av, eh, det var to ting. Nærmaste folk dei kan ikkje hjelpe kvarandre. Men dette er eit grunn. Og andre grunn du kan ikkje leve uten jobb” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima har medkjensle med dottera til den eldre kvinna, som ikkje kan vere saman med den eldre mora si. Fatima er vand med at familien tek hand om dei eldre i familien, men slik er det gjerne ikkje i Noreg. Fatima oppfattar at livet i Noreg er vanskeleg ettersom ein gjerne må fokusere på karriere framføre familien. Det verkar på ein måte som ho synes synd på folk i Noreg, sidan familien ikkje alltid kan vere nær kvarandre og at mange gjerne vel å fokusere på jobb og sine egne liv. Her har ein helsevesenet som tek omsorg for personar som ikkje klarer seg sjølv, og det er ikkje familien som må stille opp, slik Fatima beskriv situasjonen i Somalia. Fleire av mine informantar, var av same oppfatning når det gjaldt å ta vare på eigen familie og sine medmenneske. Det verkar som om fleire av mine informantar set andre menneske framføre seg sjølv.

Ein kan her sjå at Fatima utfører ulike former for ulønna arbeid, ved at ho hjelper naboen sin med ulike gjeremål, tek vare på mora til ei kvinne som bur i Nord-Noreg, samt hjelper eldre folk som bur i leilegheiter med diverse former for husarbeid. Ein såg tidlegare i dette kapitlet at Fatima gav uttrykk for ho ikkje ønskja lønna arbeid, fordi dette ville gå ut over skulearbeidet hennar. Likevel er det tydeleg at alt det frivillige arbeidet som Fatima utfører må ta ein del tid. Ho har også to barn i førskulealder, som krevjer sitt.

Ei av jentene som eg intervjuar, Georgia frå Afghanistan, såg på det som ei svært viktig oppgåve å hjelpe sine foreldre. Ho har småsøsken som er med på fotball, og i helgane brukar Georgia å vere med på dugnadsarbeid, som å stå i ein kiosk og selge is og pølser. Årsaka til at ho gjer dette er for at foreldra hennar ikkje kan norsk. Fotballklubben forventar at foreldra til barna stiller opp på dugnadsarbeidet. Sidan foreldra til Georgia ikkje kan norsk, føler Georgia at ho må stille opp for sine småsøsken og sine foreldre.

”Jeg måtte ta ansvar, for eksempel når foreldre må hjelpe til på fotballkamper og sånn. Jeg må være der, for foreldra mine kan ikkje norsk” (Georgia, 18, Afghanistan).

Når ein ser på måten Georgia formulerer seg i dette sitatet, kan ein få ein følelse av at Georgia ser på det å stå i kiosken som ein forpliktelse. Ho seier at ho ”måtte” ta ansvar og at ho ”må” vere der. Ho får ikkje nokon pengar for dette, ho gjer det for å hjelpe sine foreldre og sine mindre søsken, sidan foreldra hennar ikkje kan norsk. Motivasjonen til Georgia er at ho vil

hjelpe familien sin. Familien betyr alt for Georgia. Ho seier at viss ho ein gong skal flytte i framtida, så reiser ho ikkje utan sin familie.

”Fordi foreldra mine, eg kan ikkje reise uten dei åleine og sånn” (Georgia, 18, Afghanistan).

Eg intervjuar ei kvinne med namn Sofia på 22 år frå Iran, og ho studerte helse og sosial på ein vidaregåande skule i nabokommunen. All hennar fritid gjekk med på skulearbeid og å ta vare på sine søsken og sjuke foreldre.

”Moren og faren min dei er litt sjuk, så etter skolen eg må springe hjem for å lage middag og rydde og vaske og nokon ting. I helga eg jobbar, eg kan ikkje passe på” (Sofia, 22, Iran).

Når Sofia var ferdig på skulen, var det rett på butikken for å handle, for deretter å fortsette med husarbeid og middagslaging. Sofia seier at ho har slutta med fritidsaktivitetar, som symjing, treningssenter, matkurs og ”artgruppe”, fordi ho ikkje hadde tid til å vere med på dette lenger.

”Eg slutta på trening for eg har ikkje tid, fordi denne skolen, det blir vanskelig. Også moren og faren min dei er litt sjuk. Så etter skolen eg må springe hjem for å lage middag og rydde og vaske og nokon ting” (Sofia, 22, Iran).

Sofia seier sjølv at ho ikkje har nokon norske venner, noko ho gjerne kunne tenkje seg. Når Sofia ikkje er med på nokre fritidsaktivitetar blir det gjerne slik at ho ikkje kjem inn i lokalmiljøet, og har vanskelegheiter for å bli kjent med sine jamaldra. På den eine sida har altså Sofia eit sterkt ønske om å skaffe seg norske venner og bli integrert inn i det norske samfunnet, men på den andre sida må ho også hjelpe sine foreldre og søsken. Det verkar for meg som om Sofia ikkje har mykje tid til å ta vare på sine egne interesser. Ho går på skulen på dagtid, medan på kveldane er ho oppteken med husarbeid og lekser. Annankvar helg jobbar ho på omsorgsheimen. Likevel klager ikkje Sofia i løpet av intervjuet. Einaste ho synes er synd, er at ho ikkje har skaffa seg nokre norske venner, noko som kan ha samanheng med at ho ikkje er med på nokre fritidsaktivitetar og at ho går i klasse med berre flyktningar.

I desse tilfella ser ein altså at familien spelar ei svært viktig rolle i kvardagslivet til mine informantar. Unge kvinner er ansvarsbevisste i forhold til sin familie, og er svært hjelpsame når det gjeld både husarbeid og det å stille opp for andre i fritida. Det er også viktig å merke seg at ansvarskjensla for familien og samholdet i familien er sterkare i enkelte verdsdelar, enn i Noreg, der vi har andre og meir individualistiske fridomsideal. I dette tilfellet kan eg berre

uttale meg om ansvarsfølelsen til nokre unge jenter, og ikkje unge gutar. Årsaka til dette er at eg ikkje har intervjuet unge gutar i mitt studie. Eg har berre intervjuet menn på over 30 år. Eg kan altså ikkje samanlikne ansvarsfølelsen til unge jenter og gutar, sidan eg ikkje har nok data til å uttale meg om dette.

Dei andre informantane, bortsett frå Abraham, fortel ikkje noko om sitt forhold ovanfor andre familiar. Årsaka til dette er nok at Sofia og Georgia er dei einaste av informantane som bur heime hos sine foreldre. Dei andre informantane bur anten åleine, eller saman med sine familiar i kommunen.

Martha frå Eritrea fortel meg at ho skal starte opp ei strikkegruppe, og dette gleder ho seg mykje til. Formålet med denne gruppa har ho klart for seg:

”Vi skal begynne strikkegruppe med norske damer, og eg skal ha første samlinga. Eg har lyst å lære å strikke og snakke norsk med norske damer” (Martha, 29, Eritrea).

Ho seier at ho har vore med på ei slik strikkegruppe tidlegare, men da var ho så oppteken med norskkurs at ho måtte slutte. No er ho ferdig med norskkurs, og har tid til å byrje med ulike aktivitetar for å kome i kontakt med andre personar og lære seg norsk. Ho har spesielt ein kvinneleg forelder som ho har fått god kontakt med, og dei to finn på ulike saker ganske ofte. Denne kvinna er også ein av dei som skal vere med på strikkeklubben. På spørsmål om det er mange med i strikkegruppa, seier Martha at dette varierer:

”Av og til det kan vere 20 stykker. Av og til det kan ti-fem stykker. Av og til to stykker. Det varierer” (Martha, 29, Eritrea).

Også Louisa frå Eritrea er med i ein strikkeklubb, men ikkje den same som Martha er med i. Strikkeklubben som er med på vert arrangert av sanitetsgruppa i kommunen. I denne strikkegruppa er det kun ei anna utanlandsk kvinne med. Louisa synes det er veldig kjekt å vere med på denne strikkegruppa. Strikkegruppa vert arrangert annankvar veke, og Louisa meiner det er eit veldig positivt tiltak.

”Det er veldig bra gruppe, så dei [norske] likar å høre på oss, kva vi snakker, kva dialekt. Det er veldig bra. Ja, eg likar det” (Louisa, 39, Eritrea).

Louisa er også med på frikyrkje, sanitetsmøte og noko ho kallar for internasjonal kvinnetrening for språk. Louisa framstår som ei svært aktiv kvinne med stor interesse for å

lære språk. Ho har ein 18 år gamal son heime i Eritrea som ho har prøvd å få til Norge, men dette er vanskeleg ettersom han er over 18 år. Louisa seier at ho bruker mykje tid i frikyrkja, og der er ho mest saman med norske. Ho er også med i Betel-kyrkja om sommaren, sidan frikyrkja er stengt i denne perioden. Hit går ho saman med sin norske nabo.

5.7 Avslutning

I dette kapitlet har eg teke opp introduksjonsordninga og ulike møtestadar for flyktningar i min studiekommune. Alle flyktningane må igjennom introduksjonsprogrammet for å få økonomisk støtte med kommunen. Introduksjonsprogrammet består både av norsk og samfunnslære, samt arbeids- og språkpraksis på ulike arbeidsstadar. I løpet av introduksjonsordninga, får flyktningane språkpraksis innanfor anten sjukeheim, barnehage, barneskule eller i ulike butikkar. Denne språkpraksisen kan vere med på å sikre dei arbeid etter endt introduksjonsprogram. Mange av mine intervju viser at dette er tilfelle.

Det viser seg at utdanninga som fleire av flyktningane har teke i heimlandet ikkje vert godkjent i Noreg. Dette har ikkje informantane reflektert så mykje over i mine intervju. Ein kan på ein måte seie at flyktningane som kjem til Norge startar på nytt, ved at dei må i gjennom introduksjonsordning, med inkludert språk- og arbeidsopplæring.

Ein skulle gjerne tru at det var på arbeidsplassen og i skulesamanheng ein hadde størst anledning til å verte kjent med nye folk, men med nærare intervju av mine informantar verkar det likevel ikkje som arbeids- og utdanningsstaden er den arenaen der dei har stifta mest bekjentskapar. Personleg, vil eg seie at dette var nokre av dei overraskande funna som eg gjorde i min studie. Eg hadde kanskje trudd at flyktningane stifta fleire bekjentskapar på arbeidsstaden, noko som ikkje er tilfelle med dei informantane som eg har prata med. Det verkar som det er enklare å bli kjent med folk dersom ein går i ei klasse med norske elevar.

For å oppsummere denne delen av oppgåva, kan ein først seie at Sofia og Georgia er unge jenter som er opptekne av å hjelpe sin eigen nære familie. Situasjonen deira blir difor annleis enn kva som er tilfellet med Fatima, John, Louisa og Abraham. Dette på grunn av at jentene hjelper sine eigne familiemedlemmer.

Når ein ser på Fatima, John og Abraham under eitt, kan ein sjå at dei alle er opptekne av å søkje kontakt med andre folk i form av ulike frivillige organisasjonar og ved å hjelpe andre menneske som treng det. Louisa er også frivillig, men ein kan seie at dette er på ein annan måte. Det å vere med i sanitetsforeininga, føler eg er noko ho gjer for å kome i kontakt med andre nordmenn. John er frivillig fordi han føler han vil gi noko tilbake til samfunnet, sidan han har fått hjelp frå ein frivillig organisasjon tidlegare. Fatima, er ikkje med i nokon bestemt frivillig organisasjon, men ønskjer å hjelpe andre, fordi dette får henne til å føle seg betre. Fatima seier sjølv at ho ikkje ønskjer at arbeidet hennar skal gå ut over skulearbeidet, men likevel hjelper ho fleire folk med deira kvardagslege gjeremål. Dette er nok tidkrevjande, men det verkar som om Fatima får mykje ut av dette. Ho gir uttrykk for at ho har ei sterk omsorg for andre. Abraham er også frivillig engasjert, og han samlar inn pengar og klede til dei mest trengande i verda. Han er medlem av organisasjonen Amnesty og legg vekt på at han synest det er ei god dugnadsånd i kommunen. Denne dugnadsanda som manifesterar seg i samhandling mellom menneske som i utgangspunktet har svake band til kvarandre, står fram som ein av dei effektive integreringsinstansane i lokalsamfunnet.

Både John, Fatima og Abraham seier at pengar ikkje er viktig for at dei skal gjere dette frivillige arbeidet. Ein kan spørje seg sjølv kva dei får tilbake for å vere frivillige, men svaret på dette er nok at dei sjølve føler seg som betre personar. Fatima seier at ho søv godt om natta når ho har vore med på å hjelpe andre. John seier at det er ei sjølvfølge at ein må hjelpe andre, og ikkje berre tenkje på seg sjølv.

Ein ser altså gjennom dette kapitlet at mine informantar vert kjende med nordmenn og danner nettverk på ulike vis. Fleire hevdar at norsk språk er eit nøkkelement for at ein skal kome seg inn i samfunnet, men på den måten må dei også vere i jamleg kontakt med nordmenn. Nokre av informantane har ikkje kontakt med nordmenn, og for dei vert det vanskelegare å praktisere språket og kome inn i det lokale miljøet. Eksempela her er Sofia, som berre går i klasse med flyktingar og innvandrarak og Abraham, som bur i eit nabolag utan nordmenn.

6. Jobb, bustad og framtidsplanar

6.1 Innleiing

Flyktningane som eg har vore i samtale med hadde eit stort ønskje om å kome seg i fast arbeid ein gong i framtida. Store delar av intervjuar med mine informantar dreia seg om arbeidssituasjonen deira, moglegheita rundt det å få seg fast arbeid og kva ønskjer dei hadde for framtida. To av mine informantar arbeider i vikariatstillingar innanfor helsesektoren, anten på sjukeheimar eller på rehabiliteringssenter. Ei er i språkpraksis på barneskulen, to går helse- og sosiallina på vidaregåande, ei går på vaksenopplæring, tre går på norskkurs, medan ein er lærling på omsorgssenteret og ei er i morspermisjon. Nokre av informantane deler ulike erfaringar som dei har rundt jobb og bustadsøking, samt utfordringar som dukka opp rundt det å skaffe seg fast stilling i kommunen. Eg vil også ta opp informantane sine tankar rundt hjelp frå kommunen. Til slutt i kapitlet vil eg sjå på framtidsplanane til mine informantar.

6.2 Bustad, jobbsøking og hjelp frå kommunen

Når det gjeld bustad og jobbsøking, er det nokre av informantane som har hatt ulike problem på dette feltet. Maria frå Eritrea seier at ho hadde problem då ho skulle prøve å skaffe seg jobb og leilegheit. Da ho ringte på ulike annonser fekk ho beskjed om at alle leilegheitene var utleigd, og ho fekk berre ”dessverre, dessverre” til svar. Dette gjalt både jobb og leilegheit. Nokre av mine informantar hevder det er stor hjelp å ha norske kontaktar når dei skal søkje jobb og prøve å finne seg leilegheit. Nordmenn blir som ”garantistar” for at dei er ”skikkelige” folk og det blir nok også rekna som ei trygghet at flyktningane har norske kjenningar i sin omgangskrets. Maria fortel at det er viktig med referansar, for å lykkast på bustad- og jobbmarknaden i Noreg. Situasjonen ordna seg for henne då ho fekk ei norsk venninne til å ringe for seg.

”Det var litt vanskelig å søke jobb, men eg hadde mange gode norske venner. Dei hjelpte meg med søknad og referanse, så det var veldig fint” (Maria, 27, Eritrea).

Uten at han sjølv har prøvd dette har John gjort seg opp meiningar om korleis jobbsøking foregår i praksis:

”Viss eg seier at: ”Okey, eg skal få jobb”, så eg skal prøve kanskje å søke, søke og søke. Ingen svarer. Negativt, negativt, negativt. Men viss eg kontakt med norsk. Okey, de velger der. Og med en gang [...] Viss andre ringer for meg, det er ingen problem” (John, 39, Kongo).

Thomas fortel at han gjerne brukar tilsette på flyktningskontoret som referansar når han skal søkje etter jobb. Han seier dei tilsette er svært hjelpsame og at han set stor pris på dei.

”Men eg har god kontakt med dei viss eg har problem og viss eg trenger hjelp, eg kan bare ringe eller gå der også spørje og det er bra folk der. Viss eg vil og finne plass kanskje for å jobbe, kanskje kan eg spør til dei: ”Vår så snill, kan du vere min kontaktperson” (Thomas, Kongo, 39).

Også andre av informantane skryt av dei tilsette ved innvandrarkontoret i kommunen.

Georgia fortel at innvandrerkontoret hjalp dei veldig mykje dei to åra dei var på asylmottaket i kommunen og venta på opphaldstillatelse.

”Også eg kunne ikkje språket veldig godt. Det var de som jobbet der som hjelpte meg for å skrive brev og sånn” (Georgia, 18, Afghanistan).

”Når vi hadde ikkje svar [på søknad om opphaldstillatelse], så eg tenkte mykje på det, dei hjalp meg å skrive brev til UDI, advokat og sånn” (Georgia, 18, Afghanistan).

Det var også dei tilsette ved innvandrarkontoret som hjalp familien å skaffe seg eit hus.

Sofia seier at ho har fått god kontakt med dei tilsette ved innvandrarkontoret, og at ho rett og slett har blitt glad i ei av dei som jobbar der.

”No har vi ein kontaktperson og ho er som engel” (Sofia, 22, Iran).

Martha har også jamleg kontakt med dei tilsette ved innvandrarkontoret. Ho refererer til ei kvinne ved innvandrarkontoret som ho synest er flink. Martha seier at innvandrarkontoret hjelper ho og familien med ulike saker, dersom det er noko dei ikkje forstår eller føler seg usikre på.

”Eg prate, mange ting. For eksempel når det kjem brev som ikkje er forståelig” (Martha, 29, Eritrea).

Ein kan ut i frå eksempela ovanfor sjå at fleire av informantane er fornøgde med hjelpa dei får frå innvandrarkontoret i kommunen. Informantane gir uttrykk for at dei tilsette er hjelpsame og godt likte blant nokre av flyktingane i kommunen.

6.3 Framtidsplanar

Det verkar på meg som om flyktningane trivest godt i bygda. Informantane mine har nemnt ulike forklaringar på dette, som størrelsen på kommunen, det varierende fritidstilbodet, den vakre naturen, at det er lett å få venner for borna og at flyktningane føler seg trygge i kommunen. Fleire ønskjer å bli buande i kommunen, medan for andre er ikkje trivselen det viktigaste for om dei ønskjer å bli buande eller ikkje. Dette vil eg vise døme på med ulike sitat frå informantane.

Sara sine planar for framtida er at ho vil lære seg norsk, for så å gå på grunnskule. Ho ønskjer å byrje å jobbe på omsorgsheimen når ho er ferdig med skulegangen. Om ho vil bli buande i kommunen er ho ikkje sikker på. Det får tida vise.

Georgia kunne aldri tenkje seg å reise tilbake til heimlandet. Ho seier at ho ønskjer å studere til å bli tannlege, og kunne kanskje tenkje seg å flytte til Bergen eller Oslo. Georgia har likevel tidlegare uttalt at ho ikkje kunne tenkje seg å flytte frå foreldra sine som bur i kommunen. Georgia er altså usikker med tanke på sine framtidsplanar. Det verkar som om det er familiesituasjonen som gjer at Georgia blir mest usikker.

”Det er vanskelig å få heile familien til å flytte til ein annan by” (Georgia, 18, Afghanistan).

Ho seier derimot at ho trivest i kommunen og at ho har fått mange venner der.

Thomas har eitt mål for framtida, det er nemleg å få seg fast stilling. Han seier at han nødvendigvis ikkje treng å finne seg jobb i kommunen.

”Viss eg skal få den fast stilling, kanskje det skal bli mykje bra” (Thomas, 46, Kongo).

Han seier riktig nok at familien må vere med å bestemme, dersom han skulle få seg jobb ein annan stad. Han kan ikkje berre bestemme alt sjølv og reise med sin familie.

”Viss eg får for eksempel jobb i Trondheim eller Oslo, familien må også må bestemme. Kan ikkje bare flytte” (Thomas, 46, Kongo).

Thomas seier også at han aldri kunne tenkje seg å flytte tilbake til heimlandet, Kongo.

Sofia drøyer om å starte opp ein frisørsalong i framtida. Ho seier at det ikkje vil vere aktuelt å starte opp ein salong i kommunen, sidan staden er for liten. Sofia kunne altså tenkje seg å flytte til ein storby i Noreg der ho har større kundekrets. Tilbake til heimlandet, derimot, det vil ho ikkje.

”Nei, det er Norge. Det blir mitt heimland” (Sofia, 22, Iran).

Martha har eit ønskje om å bli sjukepleiar i framtida og ho og familien ønskjer å bli buande i [kommunen]. Dette, på grunn av at dei trivest godt i kommunen.

”Ja, ønsker å bo i [kommunen]. Vi har masse bekjende. Masse venner” (Martha, 29, Eritrea).

Louisa sine framtidsplanar er å lære seg betre norsk og finne seg ein jobb, då helst som assistentlærer. Ho seier at det ikkje spelar noko rolle for henne kvar ho bur i Noreg. Ho seier at det ikkje er viktig om ho bur i Tromsø eller Oslo, ho trur nemleg ho kan trivast på fleire plassar i Noreg.

Paul sine planar for framtida er at han skal lære seg betre norsk og få seg ein jobb. Det spelar ikkje så stor rolle kva jobb han får, eller kvar han bur i Noreg så lenge han får seg ei fast stilling.

”Eg har lyst i heile Norge å finne jobb. Bo her” (Paul, 41, Eritrea).

Maria har ein draum for framtida om å lære seg betre norsk og utdanne seg til helsefagarbeidar eller hjelpepleiar. Ho synes det er vanskeleg å svare på kvar ho vil bu i framtida, for dette veit ho ikkje svaret på.

John synes det er vanskeleg å planlegge framtida.

”Eg kan ikkje bestemme, fordi det er ingen som veit den det skal bli i morgon, ikkje sant?” (John, 39, Kongo).

John seier at det er svært bra for ungane å bu i kommunen, sidan staden er trygg og roleg. Der er også eit godt fritids- og aktivitetstilbod, noko han og borna set stor pris på. Han seier også det er lett for borna og bli kjent med ungar, så kommunen er ein stad der familien trivest godt.

Fatima har ein draum om å bli sjukepleiar og ho seier at ho ønskjer å bu i [kommunen] resten av livet.

”Viss eg lever. Eg liker å bo i [kommunen]” (Fatima, 29, Somalia).

Fatima synes at kommunen er ein trygg stad for barna hennar å vekse opp, og ho ikkje ikkje tenkje seg å flytte til ein storby.

Abraham har eit ønskje om å reise til ein storby i Noreg for å studere vidare. Han ønskjer å reise tilbake til kommunen etter han er ferdig med studiene. Årsaka til dette er at han trivest så godt i kommunen.

”I will go to university and then come back home. I like this people very much. I like them [...]. I have a good relationship with all the people here” (Abraham, 36, Sudan).

6.4 Avslutning

I dette kapitlet har eg teke opp tema som flyktningane sine arbeids- og jobberfaringar, samt erfaringar knytta til jobb og bustadsøking og flyktningane sin kontakt med innvandrarkontoret. Dei fleste flyktningane som eg har intervjuja går eller har gått på norskkurs, og ønskjer å kome seg i arbeid etter endt utdanning. For meg verkar det som om det ikkje er så nøye kva arbeid dei får, så lenge dei har ein fast jobb å gå til. Det er nok rimeleg å sjå dette i samanheng med at dei har kome til Noreg ganske nyleg.

Fleire av informantane hevdar det er vanskeleg å kome seg inn på arbeidsmarknaden og skaffe seg bustad og dei meiner det er ein fordel å ha norske kontaktar når ein skal søkje etter jobb eller bustad. Nokre av informantane har fått god hjelp frå innvandrarkontoret i dette tilfelle.

Som historiene viser, drøymmer fleire av informantane om å skaffe seg fast stilling, anten dette er i kommunen eller i Noreg generelt. Ein kan også sjå at fleire av mine informantar har vikarstillingar i omsorgssektoren eller i andre type servicesektorar. Eit felles punkt for desse informantane er at dei drøymmer om fast stilling, og då helst heiltidsstilling, men dei seier dette er vanskeleg å oppnå her i kommunen. Det hjelper sjølvsagt å ha norske venner og kontaktar, som kan hjelpe til i søknadsprosessen og stille som referansar. Nokre av mine informantar har

vore så heldige at dei kan benytte seg av det, men dette gjeld ikkje alle. Felles for mine informantar, er at det verkar som dei har høg motivasjon.

Ein kan i gjennom historiene sjå at nokre av flyktningane hadde konkrete mål når det kom til utdannings- og yrkesplanar. Maria ønskjer å utdanne seg til helsefagsarbeider eller hjelpepleiar, Martha ønskja å bli sjukepleiar, Georgia ville bli tannlege, Sofia ønskja å bli frisør, Paul har ikkje nokon preferansar med tanke på kvar han skal jobbe, Sara vil byrje på grunnskulen, Fatima drøymmer om å bli sjukepleiar, Louisa vil gjerne bli assistentlærer, John ønskjer å arbeide vidare med helse, Thomas drøymmer om å få fast stilling, enten i kommunen eller andre stader i Noreg, medan Abraham gjerne vil flytte til ein storby i Noreg for å studere økonomi og politikk. Informantane har pågangsmot og ønskjer å stå på for å nå måla sine.

Ved gjennomgangen av framtidsplanane til mine informantar, ser ein altså at det er kun fire av elleve flyktningar som har bestemte mål om å bli buande i kommunen. Årsakene til at desse flyktningane ønskjer å bli buande er trivsel, størrelsen på kommunen og tryggheta som kommunen gir ovanfor barn og unge. Det var i hovudsak dei flyktningane med born som ønskja å verte buande i kommunen i framtida. Dei andre informantane er meir usikre på kvar dei ønskjer å bu i framtida. Her kjem jobbrelaterte spørsmål inn i biletet. Nokre av informantane er villige til å flytte på seg kor som helst i landet, så lenge dei får seg fast stilling, medan andre ønskjer å bu i større byar der dei har større karrieremoglegheiter og betre studietilbod. Nokon av flyktningane ønskjer å reise tilbake til sine heimland dersom dette er mogleg, medan andre igjen er meir usikre på sine framtidsplanar. Ut i frå dette kan ein altså sjå at det ikkje er trivsel som er den viktigaste faktoren for alle, når dei skal bestemme seg for kvar dei ønskjer å bu i framtida.

7. Konklusjon

7.1 Innleiing

I denne oppgåva har eg intervjuet flyktningar i ein distriktskommune på Vestlandet. Hovudfokuset mitt har vore å finne ut kva som gjer at flyktningane trivest i kommunen, og om dei kunne tenkje seg å bli buande i framtida. Ein stor del av oppgåva har gått ut på å presentere kva faktorar som er avgjerande for at flyktningane skal trivast i kommunen. Desse funna vil eg no knytte til mi teoretiske forankring.

7.2 Hovudfunn i lys av teori

Når det kjem til trivsel blant flyktningar i kommunen, er det ulike faktorar som spelar inn. Studien til Søholt, Aasland, Onsager og Vestby (2012) viste seg å vere svært lik min eigen studie når det kom til betydninga av trygghet, gode oppvekstvilkår, lite stress og vakker natur.

Ager og Strang (2008) omtalar i sin studie "tilretteleggjar-funksjonen" som skal vere med på å skaffe positive resultat for flyktningane, som jobb og utdanning. Mangel på språk og kulturkunnskap og fråver av trygghet og stabilitet er barrierer for å kunne oppnå mål som arbeid, utdanning og bustad. Jobb og utdanning var tema som mine informantar var svært opptekne av. Fleire av flyktningane hadde vikarstillingar innanfor omsorgssektoren, sjølv om dei eigentleg ønskja å få seg fast stilling. Det viste seg at det var vanskeleg å få fast arbeid for flyktningane i kommunen. Nokre av informantane fortalte at dei hadde søkt om å få godkjent utdanninga si frå heimlandet i Noreg, men dette viste seg å vere vanskeleg. Problem med godkjenning av utdanning frå utlandet, finn ein også i andre studier, som (Ager og Strang, Gullestad 2002, Kjelstadli 2008 og Rogstad 2000). Det er også slik at fleire av jobbane vert formidla gjennom bekjentskapar, og her stiller flyktningane jamt over svakt. Som ny i landet og bustadkommunen, har ein ikkje det nettverket som kan gjere det enklare å få kjennskap til ledige jobbar. Velferdsarenaer som arbeidsmarknad, bustadmarknad og formelle og uformelle system fungerer på ein annan måte enn kva flyktningane er vande til (Djuve og Hagen 1995). Dei flyktningane som var komne med i uformelle sosiale relasjonar, som dugnadslaget og eit

grannelag med mange frå majoritetsbefolkninga, synest å ha lukkast best med tilpassinga til det nye samfunnet.

Mine antakingar før eg byrja på denne undersøkinga var at arbeidsstaden ville vere ein arena som førte til integrering av flyktningar. Dette viste seg å ikkje vere tilfelle blant mine informantar. Fleire av informantane gav uttrykk for at dei ikkje hadde mykje kontakt med nordmenn på arbeidsstaden. Kontakta med nordmenn skjedde heller gjennom frivillige og religiøse organisasjonar, eller dei vart kjende med andre nordmenn gjennom sine born. Nokre av mine informantar var med på introduksjonsordninga, andre var i språkpraksis, nokre gjekk på vidaregåande skule og vaksenopplæring, medan andre var i mammapermisjon eller i arbeid. Her kjem nettverksteori og sosial kapital inn i biletet og det vil vere relevant å sjå på Bordieu (1986) sine teoriar om kulturell, økonomisk og sosial kapital. Den kulturelle kapitalen og dei formelle autorisasjonane i form av eksamenspapir og attestar som dei har med frå heimlandet vert ikkje nødvendigvis anerkjent i Noreg. For at flyktningane skal kunne få auka kulturell kapital i forhold til majoritetsbefolkninga, vil norskkunnskapar, arbeid og kjennskap til norske kulturelle kodar vere avgjerande. Dersom ein ikkje kjenner nokre nordmenn, vil det verte vanskeleg å oppnå denne typen kulturell kapital. Når det gjeld økonomisk kapital, er det naturleg nok ikkje mange flyktningar som stiller sterkt. Dette må ein opparbeide seg ved å vere i arbeid. Sosial kapital er ressursar som er tilgjengelege for aktørar gjennom deltaking i eit sosialt nettverk. Granovetter (1973) skil mellom sterke og svake band i nettverksanalyser. Han hevdar at svake band er viktige i forhold til mobilitetsmoglegheiter til menneske. Sterke band består av personar av nær familie, og representerer for personar som nett har kome til eit nytt samfunn ingen ressurs for spreiding av ny informasjon. Putnam (2000) har også ein liknande analogi om band og bruer når det kjem til sosial kapital. "Band" baserer seg ofte på familie, andre i nær slekt og venner, medan "bruer" koblar menneske mellom fjerne bekjente. Omgrepa og teoriane til Granovetter (1973) om sterke og svake band og Putnam (2000) om bruer og band kan sjåast i samanheng med flyktningane sin situasjon. Som nye i eit land og ein stad, har dei ikkje det same nettverk som det nordmenn har. Ved å danne seg kontaktar kan flyktningane få informasjon om arbeids- og bustadmarknaden der dei bur. Dette kan vere avgjerande for om dei kjem seg inn på arbeidsmarknaden og kan starte å tjene sine egne pengar.

Bustadsituasjonen til flyktningar er svært viktig i forhold til korleis mine informantar trivast i kommunen. Dette kjem også fram i studien til Hanche-Dalseth, Bergen og Aarflot (2009). Ein

av mine informantar gav spesielt uttrykk for viktigheita av å bu nær sentrum og saman med andre nordmenn. Han og familien hans budde sjølv eit stykke utanfor sentrum, og hadde nesten berre innvandrarak og flyktningar som naboar. Han hevda at det var vanskeleg å kome seg til sentrum, spesielt for kona hans, som var avhengig av å ha med seg barnevogn. Han kom med eit forslag til kommunen om at det var betre å plassere flyktningar og innvandrarak i sentrum, der dei kunne ha norske naboar. På den måten ville det verte lettare å bli integrert og samhandle med andre nordmenn. Hanche-Dalseth, Bergen og Aarflot (2009) hevdar at tilhørigheit og fellesskap er dei sterkaste preferansane for bulyst blant deira informantar. Det er ikkje lett å føle på tilhørigheit og fellesskap med majoritetsbefolkninga, dersom ein blir plassert langt frå sentrum, med berre utanlanske naboar. Thorshaug, Valenta og Berg (2009) tek i sin studie opp utfordringar knytta til busetjingsarbeidet av einslige vaksne flyktningar i 166 busetjingskommunar. Dei kjem fram til at det generelt sett er eit stort press på den kommunale bustadmarknaden, både for flyktningar og kommunen si øvrige befolkning. Resultatet blir at mange flyktningar vert tilbodne lite eigna bualternativ.

Gjennom denne studien har eg funne ut at flyktningane møter på ulike utfordringar med omsyn til integrering i kommunen. Tidleg i oppgåva diskuterte eg Gullestad sine skildringar om den norske likheitstankegangen. Likheitslogikken går i hovudsak ut på at personar i mange uformelle samanhengar må oppfatte seg som like for å føle seg som like verdige. ”Likheit” inneber ofte at det er eit problem når andre mennesker vert oppfatta som forskjellige (Gullestad 2002: 83). Når forskjellane vert opplevde som for store, hender det at partane unngår kvarandre, ettersom fred, ro og harmoni er sentrale verdiar (Gullestad 2002). Dette kan føre til rasisme og diskriminering. Det som mange av mine informantar fokuserte på i intervjuva var den norske veremåten. Fleire hevda at nordmenn var reserverte og flyktningane reagerte spesielt på den norske helsemåten. Dette kan føre til at flyktningane blir usikre på seg sjølve, og dei spør seg gjerne om nordmenn eigentleg ønskjer å bli kjende med dei. Når det gjeld veremåten til nordmenn, oppfatta fleire av mine informantar nordmenn som kalde og reserverte. Liknande funn vart også gjort i studien til Søholt, Aasland, Onsager og Vestby (2012). Deira informantar gav uttrykk for at nordmenn kan verke reserverte, tilbakehaldne og vanskelege å kome på innsida av. Søholt, et al. fortel at deira informantar har merka lite til diskriminering og rasisme i lokalmiljøet, men nokon opplever at sosiale nettverk kan vere tette, ekskluderande og vanskelege å kome på innsida av. Informantane deira vektlegg også viktigheita av å kunne norsk, ettersom dette er avgjerande for å kunne skaffe seg norske venner og for å få kunnskap om det norske samfunnet. Her kan ein trekkje parallellar med mi

eiga undersøking. To av mine informantar fortalte om situasjonar som kan minne om diskriminering og rasisme, sjølv om dei påstod at dei ikkje hadde opplevd dette sjølve. Sjølv om rasisme og diskriminering ikkje er framtrudande blant mine informantar, er det likevel nokre av informantane som kjenner eit visst forventningspress på kroppen. Dette gjeld spesielt to av dei unge jentene som eg intervjuar. Forventningspresset er ikkje frå nordmenn, men frå deira eigne, nemleg flyktningar og innvandrarar. Årsaka til at dei har blitt møtt med kritiske blikk frå "sine eigne" er at ei av dei, Sofia, har valt å konvertere frå islam til kristendomen, medan den andre, Georgia, har valt å ta av seg hijaben då ho kom til Noreg. Jentene står i ein vanskeleg situasjon, ettersom dei prøver å bli akseptert i to ulike miljø, i det majoritetsnorske miljøet og blant "sine eigne". Pedersen (2008) diskuterer i sin studie unge flyktningar sitt møte med norske lokalsamfunn. Gjennom intervju kjem det fram at flyktningar opplever avvisning frå lokalbefolkninga når det kjem til prosessar som omhandlar verdsettjing. Det ungdomane såg på som mest problematisk var kjensla av å ikkje vere velkomen i Noreg eller lokalsamfunnet og kjensla av å vere ignorert, usynleg og betydningslaus. Situasjonen til dei unge kvinnene eg har intervjuar er altså ganske annleis enn funna som Pedersen har gjort. Mine informantar, spesielt Georgia og Sofia, fortel at dei opplever eit forventningspress frå sine eigne kulturelle grupper. Dei føler altså ikkje på same måten som Pedersen sine informantar, at dei blir ikkje er velkomne i Noreg, men dei føler heller at dei står ovanfor eit stort press frå sine eigne. Forventningspresset gjer at jentene må velje side. Skal dei prøve å verte aksepterte av sine eigne jamnaldra venninner, eller skal dei bevare sine eigne religiøse tradisjonar som gjer at det kan bli vanskelegare å bli integert i det norske samfunnet? Jentene møter altså eit krysspress, og viser at det er vanskeleg å tilpasse seg det nye samfunnet for dei unge jentene utan å måtte skuffe "sine eigne".

Likestilling er ein tanke som vert teken positivt i mot blant informantane, då spesielt blant dei unge kvinnene. Dei føler at dei har så mange moglegheiter i Noreg, og dei fleste av kvinnene ønskjer å skaffe seg både utdanning og jobb. I deira eigne heimland hadde dei gjerne ikkje høve til å ta utdanning eller vere i arbeidslivet. Følelsen av friheit, var difor svært merkbar for dei då dei kom til Noreg.

Eit moment som nokre av informantane beit seg særleg merke i, var den hjelpsame haldninga til dei offentlege ansette på innvandrarkontoret i kommunen. Ein av informantane skildra ein ansatt ved kontoret som "engel" og sa at dei som jobba der var veldig snille og hjelpsame. Dette er eit interessant funn, ettersom ansatte i det offentlege gjerne blir oppfatta som

byråkratiske og ”lite omsorgsfulle”. Slik som informantane skildrar opplevinga av møte med kommunen, er det slik at ansette ved innvandrarkontoret blir oppfatta som hjelpsome englar, medan lokalbefolkninga blir skildra som reserverte og opptatte (før ein blir kjende med dei). Dette kan tyde på at dei ansette ved innvandrarkontoret i kommunen gjer ein svært god jobb i møte med flyktingane.

7.3 Avslutning

Samhandling mellom menneske frå ulike kulturar er svært viktig, og kan føre med seg både toleranse, respekt og likeverd. Det er viktig at kommunane, saman med friviljuge legg til rette for gode møteplassar og gode rutinar for mottak av flyktingar. Som vist i oppgåva er det ikkje arbeidsstaden som er den viktigaste arenaen for integrering av flyktingar. Her er det frivillige og religiøse organisasjonar, og uformelle møteplassar, som spelar den viktigaste rolla. Flyktingane eg har snakka med, er både motiverte og engasjerte for å få seg jobb, bli kjent med nordmenn og delta i aktivitetar. Dei ønskjer å bli ein del av lokalmiljøet og bidra til fellesskapet. Elles er det viktig å forstå at kulturelle rammer som flyktingane dreg med seg frå sine heimland også verkar etter at dei har komne til nye samfunn. Gjennom aktivitetar som ”bra-mat-grupper”, sportsaktivitetar, strikkegrupper og kvinnegrupper kan flyktingane bidra med historier og mat- og kulturopplevingar frå sine eigne heimland. Flyktingane sit inne med mange opplevingar og mykje kunnskap som dei kanskje har lyst å dele med andre. Det er viktig at dei får moglegheita til å bidra med sine eigne kulturelle kunnskapar. Det må ikkje vere slik at det berre er dei som må tilpasse seg det nye samfunnet. Som Knut Kjelstadli er inne på må vi spørje oss om det berre er flyktingane som skal innrette seg etter nye reglar og normer. Kanskje majoritetssamfunnet også må tilpasse seg, slik at den kulturelle forståinga mellom menneska kan bli betre. Samfunnet er i stadig endring og vi som vert kalla etnisk norske vert også prega og endra av dei inntrykka vi får av menneske vi omgåast heime og ute på reiser. I ei utvida forståing av integrering ligg det då også ei tilnærming frå majoriteten til dei nye og deira kulturar. Saman skal vi orientere oss innafor nye kulturelle rammer. For å lukkast best mogeleg med dette, treng vi gode arenaer for møte mellom ulike menneske i alle lokalsamfunn.

Litteraturliste

Ager, Alastair & Alison Strang (2008): Understanding integration: A conceptual framework. *Journal of Refugee Studies* 21(2), 166-191.

Bourdieu, Pierre (1986): "The Forms of Capital". Richardson John G. (ed.). *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. New York: Greenwood Press, 241-258.

Brochmann, Grete (2003): Del 2. 1975-2000. Knut Kjelstadli (red): *Norsk innvandringshistorie. Bind 3. I globaliseringens tid 1940-2000*. Oslo: Pax Forlag A/S, s.137-387.

Brochmann, Grete og Anniken Hagelund (2010): *Velferdens grenser*. Oslo: Universitetsforlaget.

Brox, Ottar (1991): *Jeg er ikke rasist, men...* Oslo: Gyldendal.

Djuve, Anne Britt & Kåre Hagen (1995) "Skaff meg en jobb!". Fafo-rapport 184. Oslo: Forskningsstiftelsen Fafo.

Granovetter, Mark S. (1973): The Strength of Weak Ties. *The American Journal of Sociology* 78:6, 1360-1380.

Gullestad, Marianne (2002): *Det norske sett med nye øyne*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hagelund, Anniken (2003): *The Importance of Being Decent. Political Discourse on Immigration in Norway 1970-2002*. Oslo: Unipax.

Hanche-Dalseth Marte, Bergem Randi, Aarflot Unni (2009) *Bosetting av flyktninger i kommunene. En studie av bosettingskommuner i Møre og Romsdal*. Rapport nr. 238. Volda: Møreforskning.

Høydahl, Even (2011). *Monitor for sekundærflytting. Sekundærflytting blant flyktninger bosatt i Norge 2000-2009*. SSB-notat 2011/30. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Høydahl, Even (2012). *Sekundærflytting blant flyktninger. Flyktninger flytter mindre enn før, men mange vil til Oslo. Samfunnsspeilet 2012/1*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå.

Integrerings og mangfoldsdirektoratet IMDi (2010) Integrering i distriktskommunar. Ein kunnskapsstatus om integreringsprosessar og inkluderingsiltak i distriktskommunar. IMDI-rapport 7-2010.

http://www.imdi.no/Documents/Rapporter/Integrering_i_distriktskommunar.pdf (Henta frå internett 20.09.12).

Integrerings og mangfoldsdirektoratet IMDi (2012) Derfor blir vi her. Innvandrere i Distrikts-Norge. NIBR.rapport 2012:15. <http://www.nibr.no//filer/2012-5.pdf> (Henta frå internett 30.09.12).

Jenssen, Anders Todal (1994): "Rasisme? Hvilken rasisme? Eller: Hvorfor finner vi ikke det vi leter etter?". *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 35 (3):344-369.

Kivisto, Peter og Thomas Faist (2010) *Beyond a Border. The Causes and Consequences of Contemporary Immigration*. London, New Dehli, Thousand Oaks: SAGE Publications Ltd.

Kjelstadli, Knut (2008): *Samensatte samfunn. Innvandring og inkludering*. Oslo: Pax Forlag.

Klepp, Ingun (2003): Trivsel og integrasjon blant etniske minoriteter. Ein kvalitativ studie av afghanske og somaliske flyktningar i to kommunar på Nord-Vestlandet. Arbeidsrapport 145. Volda: Høgskulen i Volda/ Møreforskning.

Kvale, Steinar og Svend Brinkmann (2009): *Interviews. Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing*. Los Angeles, London, New Dehli, Singapore: SAGE Publications, Inc.

Pedersen, Jarle (2008) *Kamper for anerkjennelse – unge flyktninger i møte med norske lokalsamfunn*. Doktorgradsavhandling. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU.

Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. Trondheim: Institutt for sosiologi og statsvitenskap.

Portes, Alejandro (1998): Social Capital: Its Origins and Applications in Modern Society. *Annual Review of Sociology*, Vol. 24 1-24.

Putnam, Robert (2000): *Bowling Alone: The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon & Schuster.

Repstad, Pål (2007): *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rogstad, Jon (2000): *Mellom faktiske og forestilte forskjeller: Synlige minoriteter på arbeidsmarkedet*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Silverman, David (2006): *Interpreting Qualitative Data. Methods for Analyzing Talk, Text and Interaction*. London, New Dehli, Thousand Oaks: Sage Publications Ltd. (3rd Edition).

St. Meld. Nr. 17 (1994-1995) *Om flyktningpolitikken*. Oslo: Kommunal og arbeidsdepartementet.

St. Meld. Nr. 35 (2008-2009) (2007-2008) Tittel *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Oslo: Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement.

Stolcke, Verena (1999): New rhetorics of exclusion in Europe. *International Social Science Journal* Vol. 51, no. 159, s. 25-35.

Thaagard, Tove (2002): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. 2.utg. Bergen: Fagbokforlaget.

Thorshaug, Kristin, Marko Valenta, Berit Berg (2009): *Bosetting av enslige voksne flyktninger. Utfordringer og muligheter for rask og god bosetting*. Rapport 2009. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning AS.

Tronstad, Kristian Rose (2009): Opplevd diskriminering av innvandrere med bakgrunn fra ti ulike land. Rapporter 2009/47. Oslo-Kongsvinger: Statistisk Sentralbyrå.

http://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_200947/rapp_200947.pdf (Henta frå internett 01.12.13)

Van Dijk, A. Teun (2000): *Denying Racism: Elite Discourse and Racism* i P. Essed og D. T. Goldberg *Race Critical Theories*. Oxford: Blackwell Publishing Ltd.

Vertovec, Steven og Susanne Wessendorf (2010): *The Multiculturalism Backlash. European discourses, policies and practices*. New York: Routledge.

Østby, Lars og Kristian Rose Tronstad (2005): *Integrering av innvandrere på rett vei*. (Statistisk Sentralbyrå), 7. februar 2005. <http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/integrering-av-innvandrere-paa-rett-vei> (Henta frå internett 20.11.13)

Andre kjelder

Norsk lovdata (2013): Om introduksjonsordninga. Henta frå: <http://www.lovdata.no/all/hl-20030704-080.html#map002> (Lest 05.01.13)

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2013): Om integreringstilskot. Henta frå: <http://www.imdi.no/no/Tilskudd/2013/Integreringstilskudd/> (Lest 05.01.13).

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2013): Flere kommuner må stille opp. Publisert 28.11.13. Henta frå: <http://www.imdi.no/Fokussaker/flere-kommuner-ma-stille-opp/> (Lest 29.11.13).

Statistisk Sentralbyrå (2013): Personer med flyktningbakgrunn, 1. januar 2013. Publisert 4. september 2013. Henta frå: <http://www.ssb.no/flyktninger/> (Lest 08.09.13).

Vedlegg 1:

Intervjuguide til flyktningar busett i [kommunen]

1. Bakgrunn

- Kvar er du i frå?
- Bustadar i løpet av livet.
- Yrkeserfaring, utdanning, born?
- Asylmottak først, eller sendt direkte til [kommunen] etter ankomst til Noreg?
- Vart egne preferansar tekne hand om, eller vart alt bestemt av styresmaktene?

2. Bustad og arbeid

- Er du i arbeid, eventuelt kva arbeid har du og korleis fekk du dette arbeidet?
- Trivsel på arbeidsplassen.
- Kommunikasjonsproblem?
- Sosialt miljø på arbeidsplassen.
- Kva type bustad har du (og din familie) no og kva bustad hadde du tidlegare?
- Kontakt med nabolaget?

3. Nettverk

- Kontakt med omverda i ditt daglege liv. Kva består den av? Kontakter innanfor Noreg eller utanfor landet via internett eller telefon?
- Deltaking på frivillige aktivitetar?
- Medlem av religiøse samfunn?
- Kven er det viktigast for deg å halde kontakt med i dagleglivet?

4. Kulturforskjellar

- Korleis opplevde du kulturforskjellane ved ankomsten til eit nytt og framand land?
- Opplevelse av nordmenn og det norske miljøet i [kommunen], samt andre flyktningar som befinn seg der.
- Forhold til lokale styresmakter/ offentlege personar i [kommunen]?

5. Identitet

- Korleis oppfattar du deg sjølv med omsyn til religiøs tilhørigheit, utdanning, nasjonalitet, arbeidserfaring, type bustad? Kvar ønskjer du at vegen går vidare?
- Språk – irritasjonsmoment at ein må prate andre språk/ikkje blir forstått?
- Kva språk blir brukt i dagleglivet?
- Om du har born, lærer barnet/borna dine seg ditt eige morsmål på skulen?
- Kva forhold har du til ditt eige språk og din eigen kultur?

6. Trivsel

- Inkluderande lokalmiljø?
- Noko du skulle ønskje var annleis her i bygda?
- Kva er du mest fornøgd/misfornøgd med her i bygda?
- Med tanke på det sosiale, kven foretrekk du å vere saman med?
- Tilgang til mat frå heimlandet her i bygda?

7. Framtidsplanar

- Ønskjer for framtida? Kvar har du mest lyst å bu?
- Ønskjer om å reise tilbake til heimlandet?
- Om du har born, kva tenkjer du om framtida til desse?
- Ambisjonar for framtida. Moglegheit for å realisere dette i [kommunen]?
- Ellers noko du vil tilføye?

Vedlegg 2:

Forespørsel om deltaking til intervju i forbindelse med ei masteroppgåve

Mitt navn er Cecilie Skrede Høidal og eg er masterstudent i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Dette året skal eg arbeide med mitt sjølvstendige forskingsprosjekt. Temaet for oppgåva er trivsel blant flyktningar i ein distriktskommune i Noreg. Eg ønskjer å studere kva faktorar som avgjer om ein trivest som flyktning i ein distriktskommune, kor avgjerande nettverk er og kva som avgjer om flyktningane ønskjer å bli buande i kommunen i framtida.

For å finne ut av dette, ønskjer eg å intervjuje maksimum ti personar med ulik alder, bakgrunn og livssituasjon (einsleg eller familie). Eg ønskjer også å prate med flyktningkonsulenten i kommunen for å bli kjent med kva tiltak som blir iverksatt for integrering av flyktningar. Eg vil ta i bruk bandopptakar og notere medan eg og respondentane pratar saman. Intervjuet med kvar person vil ta cirka 30-45 min. Tid og stad vil bli avtalt på førehand.

Det er frivillig å vere med på studien og ein kan når som helst trekkje seg om ein skulle ønskje dette. Dersom du vel å trekkje deg vil all informasjonen innsamla frå deg verte anonymisert.

Opplysningane vil bli behandla konfidensielt og ingen enkeltpersonar kan gjenkjennast i den ferdige oppgåva. Opplysningane anonymiserast og opptaka slettast når oppgåva er ferdig, innan utgangen av 2013.

Eg håper du ønskjer å vere med i studien.

Viss det er noko du lurar på, kan du ringe meg på telefonnummer: 92643707 eller sende ein mail til: cecilie.hoidal@student.uib.no. Du kan også kontakte min veileder ved insititutt for sosiologi, Odd Gåsdal på telefonnummer: 55589153 og e-post: odd.gasdal@sos.uib.no.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD).

Med vennleg helsing

Cecilie Skrede Høidal
Fosswinckelsgate 57
5008 Bergen

Samtykkeerklæring:

Eg har motteke skriftleg informasjon og er villig til å delta i studien.

Signatur

Telefonnummer